

2025

Sveio kommune



Budsjett 2025

Økonomiplan 2025-2028

Rådmannens framlegg

Innhald

RÅDMANNEN SITT FØREORD	3
DRIFTSBUDSJETTET	4
INVESTERINGAR.....	9
ORGANISASJONSKART	13
STRATEGISKE PRIORITERINGAR 2020-2023	14
GOD HELSE, EIGEN MEISTRING OG TRIVSEL.....	14
GODE OPPVEKSTVILKÅR	14
AKTIVITET OG ATTRAKTIVITET GJENNOM LOKALE TILTAK.....	15
BEFOLKNINGSUTVIKLING OG NÆRINGSAKTIVITET	15
AKTIVITET I EIT ATTRAKTIVT KOMMUNESENTER	19
TRYGG TRAFIKK, GODE KOMMUNIKASJONAR OG KOMMUNALE ANLEGG	19
BRUK OG VERN AV STRANDSONA	20
KLIMABUDSJETT 2025	21
KLIMAMÅL FOR SVEIO KOMMUNE.....	21
KLIMAGASSUTSLEPP I SVEIO KOMMUNE	22
DIREKTE UTSLEPP.....	22
INDIREKTE UTSLEPP – KLIMAFOTAVTRYKK	25
GJENNOMGANG AV FJORÅRETS TILTAK I KLIMABUDSJETTET (2024)	25
OPPDATERT KLIMABUDSJETT FOR KOMMANDE ÅR (2025)	28
KOMMENTARAR FRÅ ORGANISASJONEN	32
RAMMEOMRÅDE BARNEHAGE.....	32
RAMMEOMRÅDE SKULE	36
RAMMEOMRÅDE PLEIE OG OMSORG.....	42
HELSE OG REHABILITERING	44
BARNEVERN	46
HABILITERING	48
NAV MED FLYKTNINGAVDELING	50
KULTUR.....	52
TEKNISK/NÆRING	55
VATN, AVLAUP OG RENOVASJON (VAR).....	57
POLITISK.....	58
SENTRALADMINISTRASJON.....	59
SVEIO KYRKJELEG FELLESRÅD	61
FORDELING MELLOM RAMMEOMRÅDA	63
DEI EINSKILDE RAMMEOMRÅDA.....	63
FINANS	76
NETTO DRIFTSRESULTAT	76
NETTO DRIFTSRESULTAT I PROSENT AV BRUTTO DRIFTSINNTEKTER.....	76
NETTO LÅNEGJELD	77
NETTO LÅNEGJELD I PROSENT AV BRUTTO DRIFTSINNTEKTER	77
RENTEEKSPONERT GJELD	77
NETTO RENTEEKSPONERT GJELD I PROSENT AV BRUTTO DRIFTSINNTEKTER	78
DISPOSISJONSFOND	79

DISPOSISJONSFOND I PROSENT AV DRIFTSINNEKTENE.....	79
ØKONOMIPLAN 2025-2028 – DRIFT	80
BUDSJETTSKJEMA DRIFT	80
INNEKTER.....	82
UTGIFTER.....	83
VURDERING.....	83
ØKONOMIPLAN 2025-2028 – INVESTERING	84
BUDSJETTSKJEMA INVESTERING	84
VEDLEGG	87

Rådmannen sitt føreord

Rådmannen legg med dette fram sitt framlegg til årsbudsjett for 2025 og økonomiplan for perioden 2025-2028. Budsjettframlegget byggjer på opphavelig budsjett for 2024, og rammesak for budsjett og økonomiplan 2025-2028. Den einskilde kommune skal sjølve legge til rette for å kunne utføre sine oppgåver på best mogleg måte. Samstundes skal kommunen ivareta behovet for eit nødvendig handlingsrom på kort og lang sikt.

For å sikre at kommunen sin handlingsevne vert ivareteke over tid har Kommunelovutvalet peika på at kommunen må ha nøye prioriteringar, jamleg oppfølging av budsjett, eigenfinansiering av investeringar, planmessig vedlikehald av eigedom og fornuftig handtering av risiko. Det overordna målet er at Sveio kommune skal ha ein sunn, balansert og berekraftig økonomi som sikrar eit godt tenestetilbod for innbyggjarane. Ein må sikra at driftskostnadane står i høve til dei venta inntektene.

Kommunen sin samfunnsplan er kommunen sitt overordna styringsdokument og legg og grunnlag for budsjettokumentet. Einingane sitt arbeid med budsjett, budsjettkommentarar og årsmelding speglar no i større grad samfunnsplanen for sikra eit heilskapleg fokus på mål og strategiar som er vedteke gjeldande.

Det er særskilt krevjande å utarbeide eit realistisk budsjett, som samtidig er økonomisk berekraftig over tid. Endringane som er kome i inntektssystemet har slått positivt ut for kommunen og ein har såleis fått ei betre finansiering enn tidlegare. Likevel vil ein i åra som kjem stå fram for ei stor utfordring då det skal auka monaleg med talet på eldre i kommunen på grunn av endringane i befolkningssamansetnaden. Samstundes er prognosane i dag at det vil verte færre born. Ein skal derfor i dei åra som kjem snu ein del på ressursbruken. Frå oppveksttenester til helse og omsorgstenester. Det vert utfordrande for innbyggjarar, tenestemottakar og tilsette.

Det framlagde forslag til driftsbudsjett for 2025 inneber eit driftsresultat på om lag 6,7 millionar kroner, som utgjer 1,0 % av brutto driftsinntekter. Etter regjeringas tilleggsbevilling på 5 milliardar kroner til kommunesektoren, rett før budsjettet var klart.

Våre tilsette har over tid bidrege til at vi får mykje ut av dei midlane vi rår over til det beste for den einskilde innbyggjar. Det vil og i åra som kjem være vesentleg at ein er nøysam og målretta med tenestene for at dei skal vere så gode som mogleg for innbyggjarane innafor dei økonomiske rammene som Sveio kommune har.

Sveio kommune vil vere sårbar kva gjeld det å møte nye lovpålagde oppgåver og endringar i brukarbehov som vil kunne vere kostnadskevjangende for kommunen framover. Særleg kan her nemnast endringar i spesialpedagogisk hjelp, barnevern og habiliteringstenesta.

Sveio må, som mange andre kommunar, vere førebudd på at endringar i demografi vil føre til.

Samla sett leverer Sveio kommune gode tenester med engasjerte og kvalifiserte tilsette til det beste for innbyggjarane!

“Livet består ikkje i å ha gode kort på handa, men i å spele dei du har godt.”

– *Josh Billings*

Driftsbudsjettet

Rammene til einingane i Sveio kommune som vart vedtekne av kommunestyret i juni inneber ein generell auke frå budsjett 2024 til alle rammeområda på 4,0 % for løns- og prisvekst (deflator). Dette er 0,1 prosentpoeng lågare enn regjeringa legg til grunn statsbudsjettet for 2025. I tillegg er det lagt inn nokre særskilde endringar i driftsrammene. Desse er kommentert under.

Driftsbudsjettet til dei ulike einingane i kommunen opplevast generelt sett som låge. Per 2. tertial 2024 er det estimert at driftseiningane i kommunen vil ha eit meirforbruk for heile året på nesten 12 millionar kroner, etter at det blei tilført over 3 millionar kroner til driftseiningane i revidert budsjett 2024. Kommunen har fått innspel, mellom anna frå revisor, på at det er for store budsjettavvik i kommunen. I dette forslaget til budsjett har rådmannen gjort ein del aukar for unngå store meirforbruk i drift i 2025, og også nokre aukar til auka tenesteproduksjon. Det er likevel rådmannens klare oppfatning at einingane i kommunen har stramme økonomiske rammer.

Det er ikkje lagt inn driftskostnader til planlagde investeringar i badeanlegg, idrettshall eller nyskapande aktivitetsanlegg i budsjett 2025, eller seinare i økonomiplanperioden. Det er heller ikkje lagt inn eventuelle finansieringskostnader utover løyvd investeringsramme, dette må eventuelt justerast når ein har endelege tal. Etter rådmannens vurdering vil innarbeiding av økte drifts- og kapitalkostnader, medføra redusert tenesteproduksjon på andre områder i kommunen.

Nedanfor kommenterast dei vesentlegaste rammeendringane frå vedtaket i juni, samt andre forhold ved dei einskilde rammeområda.

Finans

Ramma til rammeområde finans er redusert 1,0 millionar kroner. Forventa utbetalingar til private barnehagar ligg på driftsramma til rammeområde finans. Det er forventa noko færre born i private barnehagar i 2025 enn i 2024.

Helseavdeling med fellestenester

Forutan generell auke for løns- og prisvekst blei rammeområdet netto auka med kr 2 000 000 i forhold til budsjett 2024 i rammesaka i juni. Dette skyldast auka kostnader med å ha tilfredsstillande legedekning i kommunen.

Sveio kommune arbeida kontinuerleg med å sikre ei god legedekning for innbyggjarane, dette er eit krevjande arbeid, og det er stort nasjonalt fokus på problematikken. I dei tilfella ein ikkje klarar å bemanne legekontora med eigne legar må ein ofte leige frå private firma, noko som er særdeles kostbart. Det vert viktig å arbeide med ei berekraftig organisering av legar, med fokus på å behalde og rekruttere. Eit større fagleg miljø for legane vil truleg vere attraktivt, og gjere det enklare å rekruttere legar til kommunen.

Kommunane i regionen har trong for å auke bruken av ressursar til samhandling med Helse fonna. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom alle 16 kommunane i Fonna-regionen. Sveio kommunes del av denne auken er venta å bli om lag kr 30 000 per år, rammeområdet aukast med same sum.

Våren 2022 blei det vedteke å auka kapasiteten innan psykisk helse med 1,5 stillingar i 3 år. Årsaka var i stor grad grunna i observerte utfordringar etter Covid. I saka var det lagt til grunn at ein skulle søkje på eventuelle tilskot frå Staten. Det har lukkast å søke tilskot på om lag kr 1 500 000,- over 2,5 år. For å kunne oppretthalde stillinga treng rammeområdet om lag kr 350 000 i 2025 og om lag kr 800 000 i 2026. Ramme for 2025 er auka med kr 350 000 til dette formålet. Auken i 2026 er ikkje lagt inn i økonomiplanen, då det kan vere mogleg å få tilskot til stillinga.

Fellesrådet har foreslått eit samarbeidsprosjekt om ei heil diakonistilling i kommunen, i ein pilotperiode på tre år (2025, 2026 og 2027). Dei har fått finansiering til 50 % av stillinga frå Bjørgvin Bispedømme, men det føreset at resten finansierast lokalt. Det leggst opp til at Sveio kommune

og Gjenbruksløa kvar bidrar med kr 300 000 per år i prøveperioden. Rådmannen er positiv til prosjektet, og aukar ramma med kr 300 000. Etter prøveperioden skal ordninga evaluerast.

På grunn av nye reglar når det gjeld finansiering av ressurskrevjande tenester, reknar ein med at området får om lag kr 500 000 høgare inntekter i 2025.

Samla sett aukast ramma i 2025 med kr 180 000.

Pleie og omsorg

Forutan generell auke for løns- og prisvekst blei rammeområdet auka med kr 4 000 000 i forhold til budsjett 2024 i rammesaka i juni. Rammeområde blei også auka med kr 5 000 000 til budsjett 2024. Per 2. tertial 2024 rapporterast det om eit venta meirforbruk i 2024 på kr 5 000 000. Revisor har peika på det store avviket mellom budsjett og rekneskap på området, dei seinaste åra, og anbefalt at dette reduserast.

Sveio kommune har dei siste åra hatt sommarprosjekt med «ung i helse». Dette har vore vellykka, med omsyn til få aktuelle arbeidstakarar interessert i å arbeide innan området. Det vurderast som fornuftig å auke satsinga til å gjelde heile året. Budsjettet til rammeområdet aukast med ytterlegare kr 520 000 på denne bakgrunn.

Sveio kommune startar eit inkluderingsprosjekt, for å få flyktningar tidlegare i jobb. Dette inneber at kommunen tilsett tre-fire personar, med lønstilskot frå NAV. To av dei innan pleie og omsorg. Dette vil ikkje belaste kommunens økonomi.

Det er særst vanskeleg å rekruttera sjukepleiarar innan Pleie og omsorg. Det er særskild vanskeleg å rekruttera sjukepleiarar som kan gå inn i turnus ved omsorgssenteret. Slik det ser ut no, blir kommunen nøydtt til å nytta bemanningsbyrå, for å ha forsvarleg dekning. For å redusere bruken av bemanningsbyrå foreslås det eit rekrutteringsprosjekt, som mellom anna skal betre betingelsane for sjukepleiarar det er vanskelegast å rekruttera. Ramma aukast med kr 400 000, med denne grunngevinga.

Området Pleie og omsorg er svært komplekst, og det er mange faktorar som påverkar drifta. For å få meir kunnskap innan området leggst det opp til å motivera studentar til å skrive masteroppgåver som kan gje kommunen nyttig kunnskap. Det settast av kr 20 000 per år til dette. Etter reforhandling med Haugesund kommune, har Sveio kommune fått redusert kostnadene med øyeblikkelig-hjelp-sengene med kr 200 000 per år.

Samla sett aukast rammeområde Pleie og omsorg med kr 940 000 i budsjett 2024, i forhold til rammesaka i juni.

NAV med flyktningararbeid

Forutan generell auke for løns- og prisvekst blei ikkje den økonomiske ramma til området auka i rammesaka i juni.

Sveio kommune er oppmoda om å ta i mot 35 flyktningar i 2024, noko det ser ut til at kommunen vil oppnå. Det er stor usikkerheit kring oppmoding av flyktningmottak i 2025. Basert på dagens informasjon kan Sveio kommune bli oppmoda om å ta i mot over 35 flyktningar i 2025. Med bakgrunn i denne informasjonen vil kostnadane med flyktningararbeid auke i nær framtid. Dette gjeld både direkte utgifter til opphald, undervisning mv og nødvendig kapasitet for å følgje opp dei som kjem til kommunen. Det leggst opp til å klare auken i kostnadar innafor eksisterande ramme.

Barnevern

Forutan generell auke for løns- og prisvekst blei rammeområdet ikkje endra i forhold til budsjett 2024 i rammesaka i juni. På grunn av auka ressursbehov, treng rammeområdet truleg om lag kr

700 000 i rammeauke, for å ikkje måtte redusera innsatsen på andre området. Ramma foreslås auka med kr 700 000.

Habilitering

Forutan generell auke for løns- og prisvekst blei rammeområdet ikkje auke i forhold til budsjett 2024, i rammesaka i juni.

På grunna av auka bistandsbehov hos brukarane treng rammeområdet i utgangspunktet ein rammeauke på om lag kr 1 500 000. Nye reglar når det gjeld finansiering av ressurskrevjande tenester, vil truleg gje ei vesentleg auke i inntektene til rammeområdet. Det er usikkerheit knytt til kor stor inntektsauken vil bli. Rammeområdet reduserast med kr 1 000 000.

Politisk

Forutan generell auke for løns- og prisvekst blei rammeområdet netto auka med kr 350 000 i forhold til budsjett 2024 i rammesaka i juni. Årsaka er at det er val i 2025. Ramma til revisjon og kontrollutval er i tråd med anbefaling frå kontrollutvalet. I budsjett 2024 blei ramma ekstraordinært auka for å finansiera ein forvaltningsrevisjon innafor teknisk området. Ramma reduserast med kr 270 000.

Sentraladministrasjon

Forutan generell auke for løns- og prisvekst blei ikkje rammeområdet endra i rammesaka i juni.

Etter overgangen til IKTNH på IKT-området har veldig mykje skjedd innafor dette området. Mange nye program og funksjonar har blitt tilgjengeleg for kommunen. Dette vil truleg gje meir effektiv drift på noko sikt, sjølv om det er krevjande i innføringsperioden. Ein følgje av dette, og generell auke i prisar for digitale løysingar, er at lisenskostnadane til kommunen visar ein sterk auke. Det leggst ikkje opp til rammeauke innan sentraladministrasjon på denne bakgrunn no, men det vil vere krevjande å halde budsjettet. Andre områder i kommunen vil oppleve press i budsjetta sine på grunn av auka lisenskostnadar til digitale verktøy.

Det leggst opp til ein rammeauke på kr 300 000 for å fullfinansiera 70 % av den nye rådgjevarstillinga innan økonomi (analyse/forbetring/innsparing).

Oppvekst skule

Forutan generell auke for løns- og prisvekst blei rammeområdet netto auka med kr 1 500 000 i forhold til budsjett 2025 i rammesaka i juni. Auken knyt seg til gratis/redusert betaling SFO.

Det har vist seg vanskeleg å prioritera undervisningsressursar innafor budsjettet til området dei seinaste åra. Det leggst opp til ein auke i ressursar til læremiddel på kr 500 000 i 2025. Berekningar gjort av KS visar at utgiftsbehovet til skuleområdet i Sveio reduserast med om lag kr 2 400 000 frå 2024 til 2025. Dette er overordna berekningar som ikkje direkte kan leggst konkret til grunn i Sveio. Det er vidare gode grunnar til at det tar noko tid før redusert berekna utgiftsbehov lar seg realiserast i praksis. Ein ser det likevel som sannsynleg at ein kan ta ned undervisningsressursane i 2025 med om lag kr 500 000. Reduksjonen vil i all hovudsak kunne gjerast i andre halvår 2025. Dette dekker inn budsjettauken på læremiddel.

Oppvekst barnehage

Forutan generell auke for løns- og prisvekst blei rammeområdet ikkje endra i forhold til budsjett 2024 i rammesaka i juni.

I følgje KS sine berekningar reduserast utgiftsbehovet på området med om lag kr 5 300 000 frå 2024 til 2025. Dette er overordna berekningar, og kan ikkje kan leggst konkret til grunn i Sveio. Det er naturleg at det tar litt tid frå redusert berekna utgiftsbehov, til det kan realiserast i kommunens utgifter. I Sveio kommune har historisk om lag 2/3 av utgiftene til barnehage bestått av tilskot til private barnehagar. Det leggst til grunn at kostnadane med drift av dei kommunale barnehagane i

2025, kan reduserast med om lag kr 500 000. Reduksjon knytt til tilskot til private barnehagar er lagt inn på rammeområde Finans, kor utbetalingane handterast.

VAR – Vatn, avløp og renovasjon

Netto ramme på dette området er settast lik summen av kalkulerte kapitalkostnadar og indirekte kostnadar. Rammeområdet er redusert med kr 673 000 i forhold til rammesaka i juni, for å dekke auke i kalkulerte kapitalkostnadar, og indirekte kostnadar.

Sveio kommune har truleg eit samla akkumulert underskot på sjølvkosttenestene vatn, avløp, slam, renovasjon og feiing på om lag 14 millionar kroner per 31.12.2024. Om lag halvparten av dette vil vera for gammalt til å dekkas inn gjennom gebyrinntekter. For å dekkja meirkostnadar på området er det lagt opp til ein auke i gebyra til 2025 som i utgangspunktet er høgare enn forventta deflator. Tar ein omsyn til regjeringas varsla reduksjon i mva på tenestene vatn og avløp, er gebyrauken ut til forbrukar lik forventta deflator på 4,1 %.

Ryvarden

Forutan generell auke for løns- og prisvekst blei rammeområdet redusert med kr 40 000 i forhold til budsjett 2024 i rammesaka i juni. Reduksjonen er grunna nedtrapping av tilskotet til drifta ved kulturfyret, slik at dei over tid skal bli økonomisk sjølvstendig. Netto reduserast tilskotet med kr 20 000 til 2024.

Tekniske tenester

Forutan generell auke for løns- og prisvekst blei rammeområdet netto auka med kr 80 000 i forhold til budsjett 2024 i rammesaka i juni. Auken var knytt til auka tilskot til veterinærvaktordninga for store og små dyr.

Etter oppretting av den nye eininga Samfunnsutvikling, visar det seg at den er underfinansiert med om lag kr 260 000 per år. I tillegg treng eininga midlar til nokre prosjekt. Dette gjeld mellom anna KIK-prosjektet «Framtid for kulturhistoriske sjøbruksbygningar i Sunnhordland», tiltak på Bua gamle-gamle skule og på gravplassar. Det settast av kr 140 000 til ulike prosjekt. Teknisk rammeområde aukast med kr 400 000.

Det er stort etterslep på vedlikehald av bygg i kommunen. Mykje vedlikehald kan gjerast av kompetente tilsette i drift og anlegg, men det er lite budsjettmidlar til kjøp av materiell. Det har vist seg over år at nødvendig vedlikehold har lagt sterkt press på budsjettet, og ført til meirforbruk. For å kunne arbeide meir planmessig og meir effektivt, aukast ramma med kr 1 000 000 til vedlikehaldsmateriell. Det er kome innspel frå Fartein Valen-stiftinga på om kommunen kan sørge for fundamentering av Fartein Valen-statua, som skal flyttast til Valenheimen. Dette gjerast innafor ramma til rammeområdet.

Det er kome førespurnad frå Sunnhordlandsrådet om å bidra med om lag kr 90 000 per år til «UNESCO Golbal Geopark Sunnhordland». Rådmannen finn ikkje å kunne prioritera dette for 2025. Invest in Sunnhordland, og nabokommunar i Sunnhordland, har meddelt at dei ønskjer at Sveio kommune blir med som deltakar. For å få utbytte av å bli med i Invest In Sunnhordland må kommunen vera i stand til å ta i mot eventuelle etablerarar som kan tenkje seg å lokalisera seg i Sveio. Dette vil vere ressursar innan utarbeiding av reguleringsplanar, næringskonsulent mm. Dette vil truleg ha ein årleg kostnad på om lag kroner 150-200 tusen per år. Samla sett ser rådmannen det vanskeleg å prioritere dette, før ein eventuelt har tilstrekkeleg med interne ressursar til å utnytte fordelane med å bli med.

Sveio kommune er ein av veldig få kommunar i Vestland som ikkje er med i Digi Vestland. Det planleggast ei stor endring når det gjeld arbeidet i Digi Vestland, og det er vanskeleg å sjå at Sveio kommune då kan sto utanføre. Dette vil føre til ein kostnad for kommunen, og ein må kome tilbake til dette når ein veit meir om kor mykje dette vil koste kommunen. Det er kome søknad frå Hordfast

AS om driftsstønad på kr 50 000 per år. Rådmannen finn ikkje å kunne prioritere dette i budsjett 2025.

Etter rådmannens vurdering vil det vera føremålstenleg å styrka arbeidet med reguleringsplanar i kommunen, men ein finn ikkje å kunne prioritere det no.

I sak KOM 65/24 (rammesaka) blei det vedteke at rådmannen skulle lage sak om Sveibussar, mellom anna til bruk for lag og organisasjonar i kommunen. Det er ikkje sett av midlar til innkjøp, drift eller administrasjon av dette i rådmannens forslag til budsjett 2025.

Kultur

Forutan generell auke for løns- og prisvekst blei rammeområdet ikkje endra i rammesaka i juni.

Sveio kommune har søkt Vestland fylkeskommune om nytt tilskot til Fartein Valen arbeidet for 2025. Ut frå vedtak om tilskot vil det blir gjort ei vurdering av fordeling av midlane til tiltak sett i plan for FV-arbeidet i 2025. Sveio kommune har til hensikt å tilstå Podium-Fartein Valen internasjonale musikkfest med 150 000 kroner i 2025, og vil vurdere ei auke når vedtak om midlar frå Vestland fylkeskommune er gitt. Kommunen ga 200 000 kroner i 2024. Dersom tilskotet frå Fylkeskommunen er stort nok, vil kommunen vurderer å bruke meir midlar på bruk og leige av Valenheimen.

I KOM 88/24 vedtok kommunestyret at rådmannen skal lage eige sak om konsekvensar av å innføra ei ordning med fritidskort i Sveio kommune. Ei generell ordning med fritidskort vil vera kostbar for kommunen, og i liten grad hjelpe dei som treng det mest. Det er ikkje lagt inn midlar til dette i rådmannens forslag til budsjett 2025.

Tilleggsføringar

Dei økonomiske konsekvensane av lønsforhandlingane i 2025, for dei ulike rammeområda leggst på rammeområde tilleggsløyvingar. Dei seinaste åra har lønnsoppgjera vore klart høgare enn tidlegare, og det har ikkje vore sett av nok midlar til å dekke resultatet av lønnsoppgjeret. Per i dag ser det også ut til at lønnsoppgjeret i 2025 vil vere relativt høgt. For å ta høgde for eit relativt kostbart lønnsoppgjer i 2025 aukast ramma med kr 3 000 000 i budsjett 2025.

Kyrkja

Forutan generell auke for løns- og prisvekst blei ikkje ramma endra i forhold til budsjett 2024 i rammesaka i juni.

Fellesrådet har i møte med kommunen formidla at dei har trong for ei ekstra stilling, og bede kommunen vurderer å bidra til dette. Rådmannen har ikkje funne midlar til dette i budsjett 2025.

I følgje analyseverktøyet Framsikt nyttar Sveio kommune meir til kyrkja per innbyggjar enn gjennomsnittet av andre kommunar i landet.

Investeringar

Investeringar i anleggsmidlar er i 2025 på rundt 43 millionar kroner. Venta inntekt frå sal av næringstomter på Tjernagel bidreg positivt i høve låneopptak for neste år.

Samla investeringar i anleggsmidlar i økonomiplanperioden er på om lag 187 millionar kroner, med høgast sum i år 2026 på rundt 86 millionar kroner dette året. Dette er eit høgt volum på investeringar for ein kommune på Sveio sin størrelse og økonomi. Det er framleis mange tidlegare vedteke prosjekt som er under arbeid og vil måtte gå parallelt med nye prosjekt. Såleis vil det være viktig med fokus på framdrift og prioritering også framover. Prosjekt nyskapande aktivitetssanlegg er ikkje lagt inn planen enda.

Nyskapande aktivitetssanlegg, badeanlegg, grunnarbeid idrettshall og trafikksikring Sveio skule

Reguleringsplan for området blei vedteke juni 2021. Kommunestyre avsette i budsjettet for 2022 midlar til grunnarbeid idrettshall og trafikksikring Sveio skule. Det er ikkje lagt inn ytterlegare løyving badeanlegg i denne økonomiplanen. Rådmannen peikar i staden på ei rehabilitering av eksisterande badebasseng for å gje dette auka levetid.

Vi har gått vidare med prosjektet nyskapande aktivitetssanlegg og me er no i ein avsluttande prosess på kva dette anlegget skal innehalde. Det er ikkje avsett midlar til dette anlegget i planen då det ikkje er endeleg vedtatt kva som skal byggast.

Brannstasjon Førde

Sveio stasjon er snart ferdigstilt. Det planleggjast vidare ei løysing for Førde stasjon. Eigedom er kjøpt og ein har starta reguleringsarbeid.

Her er det tidlegare løyvd midlar, men dette vil ikkje være tilstrekkeleg til å få bygd ein ny stasjon. Det synleggjerast derfor ei ytterlegare løyving i 2025 og 2026 til stasjon i Førde. På noverande tidspunkt knyt det seg usikkerheit til totalkostnad på prosjektet.

Det er satt av ein sum til kjøp av brannbil på Førde brannstasjon. Kjøpet må avklarast nærare med Haugesund kommune i samband med pågåande beredskapsanalyse.

Digitalisering

Jamfør forslag til ny kommuneplan, som har akseptvedtak i kommunestyret, og den generelle utviklinga i samfunnet er det viktig at Sveio kommune fortsett satsar på digitalisering. Dette gjeld både digitalisering av tenester og bruk av effektive IKT-verktøy i arbeidet som gjerast i kommunen. Digitalisering vil gje betre tenester til brukarar og innbyggjarar i kommunen, og legge til rette for meir effektivitet i tenesteproduksjonen. For å kunne ta i bruk ulike digitale løysingar er det viktig at den digitale infrastrukturen i kommunen er dimensjonert for dette. På denne bakgrunn er det lagt opp til eit eige digitaliseringsprosjekt med ei ramme på 0,5 millionar kroner i 2025 og kvart år i resten av økonomiplanperioden. Vidare er det lagt opp til å nytta 0,1 millionar til investeringar i digital infrastruktur i 2025. Denne summen er låg på grunn overgang til IKT Nordhordland.

Digitalisering gjer moglegheit for effektiv og moderne drift, men førar også med seg nokre utfordringar. Digitalisering kan mellom anna føra til auka risiko for at personopplysningar kjem på avvege. Ein må gjere så godt ein kan for å redusera denne risikoen, men ein kan nok ikkje bli kvitt den heilt.

Kyrkjelege føremål

I rådmannens forslag er det lag inn ein større sum i slutten av planperioden til reoperasjon av taket på Sveio kyrkje. Det ligg også inne midlar til nytt varmeanlegg i Valestrand kyrkje og ny varebil med større hengarvekt i 2025.

VAR-investeringar

Det er sett av 12,8 millionar kroner i 2025 til VAR-investeringar. Her er det blant anna ei uke i ramme til Forevatnet vassbehandlingsanlegg som følgje av prisstigning og valutaendring.

Det er sett av midlar til arbeid i samband med ny hovudplan for vatn.

I gjeldande hovudplanen er det vist til behov for utbetring av røyrnett i åra framover. Det er sett av 2 millionar kroner til dette i 2024 og for kvart av dei resterande åra i økonomiplanperioden. Ein må vere medveten om at dette årlege behovet nok vil ligge der også i åra etter økonomiplanperioden.

Lenger fram i planperioden er det synleggjort ein kostnad til utbetring av avlaup på Krossleite og vassleidning i Valestrand. I tillegg kjem naudsynte investeringar som framkjem i samleoversikt. Investeringar på VAR-området dekkast av brukarbetaling frå abonnentar.

Veg

2,5 millionar kroner er sett av til asfaltering av kommunale vegar i 2025 og kvart av dei komande åra. I tillegg er det lagt inn bytte av lastebil med ein krokbil (lastebil med lastekrok) i 2026. Avsett sum delast mellom ansvar veg og VAR ut frå delt bruk mellom områda. Krok skal mellom anna nyttast til å frakta beredskaps vanntankar. Sal av eksisterende lastebil vil være ein del av finansieringa.

Kantklipperutstyr (aggregat) som kan koblas på traktor er utslitt. Det er lagt inn 0,4 millionar til å erstatte dette.

Ny Sveio barnehage

Den nye barnehagen i Sveio sentrum er under planlegging. Rådmannen har lagt inn ein restfinansiering på 43,5 millioner i 2026.

Førde barnehage

Det lagt inne midlar til mindre oppgradering av Førde barnehage, i hovudsak til å sikre betre innemiljø.

Gamal del av kommunehuset

Undersøkingar visar at den eldste delen av kommunehuset ikkje er egna som arbeidslokale for dei tilsette. Kommunestyret har vedtatt detaljprosjektering av kommunehuset i sak KOM 049/24, men rådmannen kjem først med sak som belyser forskjell, og moglegheiter, mellom rehabilitering og nybygg. Det vil vera naturleg å sjå dette prosjektet opp mot andre behov i kommunen, til dømes organisering av legetenesta.

Summen i tidlegare økonomiplan for 2026 og 2027 er vidareført. Det vil kunne være naudsynt med ytterlegare løyving her.

Rehabilitering skulebygg

Fleire av skulebygga treng ei rehabilitering. Administrasjonen arbeidar med ein oppdatert vedlikehaldsplan, samt innføring av eit elektronisk system som skal gjere det enklare og ha oversikt på bygningsmassen, behova som oppstår og planlegge. Det blei avsett midlar til mindre utbetring av Førde skule og Valestrand oppvekstsenter i 2024.

Ventilasjonsanlegget på Vikse har vært løyvd midlar til tidlegare, men prosjektet syner seg meir kostbart enn det er avsett midlar til. Rådmannen foreslår derfor å auke løyvinga for å kunne realisere prosjektet.

Moglegheitsstudie for bygningsmasse SOS

Vi opplever ei vesentleg endring av demografi og vil i åra framover få fleire eldre som treng tenester frå kommunen. For å betre kunne møte denne endringar foreslår rådmannen ein sum til å

gjennomføre eit moglegheitsstudie av korleis eksisterande bygningsmasse kan utviklast for å gi tenester på ein kostnadseffektiv måte.

Pasientvarslingssystem

Det er naudsynt å fornye pasientvarslingssystemet på Sveio omsorgssenter. Det er lagt inn eit forprosjekt i 2025 og ein større sum til realisering i 2026. Det knyter seg usikkerheit til totalkostnad på noverande tidspunkt.

Utleigebustadar

Fleire utleigebustadar treng rehabilitering. Det er avsett midlar til dette, samt foreslått midlar til å utvide ENØK prosjektet med varmpumper og installering av breiband i leilegheiter som ikkje har dette tilrettelagt.

Energi- og klimatiltak

Det er lagt inn eit prosjekt for å kunne gjennomføre energi- og klimatiltak på bygga Sveio omsorgssenter, kommunehuset eller Sveio skule avhengig av kva tiltak som gjev best effekt. Her vil det gjennomførast nærare vurderingar. Vidare er det lagt inne eit prosjekt med solceller på produksjonsanlegg av drikkevatn ved Joavatn i 2025. Her har vi jamn energibruk kor energiproduksjonen solcellene vil kunne nyttast effektivt.

Kommunale veglys og trafikksikring

Det er lagt inn 0,75 millionar kroner til mindre trafikksikringstiltak i 2025 og i resten av planperioden. Det er eit mål at trafikksikring skal redusera utgiftene til skuleskyss ved å redusere fareklasse på skuleveg


Andre investeringsprosjekt i investeringsbudsjett 2025

I skjema investeringsoversynet til slutt i dokumentet finn ein oversyn over alle planlagde nye investeringar i 2025.

Langsiktig investeringsplan for større prosjekt

For å synleggjera fleire større investeringsprosjekt som strekk seg utover aktuell økonomiplanperiode, har rådmannen laga ei enkel oversikt for ein 20 års periode. Dette er ein oversikt som syner vedtatte større prosjekt og prosjekt som er venta å komme i åra framover. Etter lengre ut i perioden ein kjem vil det knyta seg større usikkerheit om behov, tidspunkt og kostnad med prosjektet.

Som det framkjem har rådmannen foreslått å utsette fleire av prosjekta rundt Vigdartun utanom prosjektet «nyskapande aktivitetsanlegg». Som ein konsekvens av dette er det foreslått ei rehabilitering av bassengkroppen i eksisterande basseng og mindre oppdateringar av dusj/overflate i 2025.



Tabell: Større projekt framover

Når det gjeld veg til Rophus, vil det leggjast fram eit nytt planforslag for høyring av områdeplan Ekrene Vest. Avklaring om veg skal byggast, korleis og når må ein komma nærmare tilbake når planen er handsama.

Sveio kommune har ein omfattande bygningsmasse. Fleire av desse bygga er venta å trenge rehabilitering dei næraste 20 åra. I tillegg er det venta behov for utvida av areal/funksjon, til dømes kring omsorgssenteret som følgje av endring i demografi.


Nokre av dei større bygga er her synleggjort, men dette vil også gjelde mindre bygg og anlegg.

I slutten av økonomiplanen er det lagt inn etablering av eit nytt bustadområde på Håvåsen. Vidare er det synleggjort etablering av eit nytt næringsområde. Her ser vi nærare på samarbeid med private aktørar og vil komme tilbake med ei eiga sak.

Organisasjonskart

Organisasjonskart

Sveio kommune



Strategiske prioriteringar 2020-2023

God helse, eigen meistring og trivsel

Sveio kommune skal leggja til rette for god helse, eiga meistring og trivsel gjennom heile livet og vera ein kommune som bryr seg.

Innbyggjarane i Sveio blir eldre og ein må rekne med at det blir stadig fleire personar i kommunen med trong for bistand frå kommunen. For å kunne gje nødvendige tenester til ibuarane på ein kostnadseffektiv måte er det ein fordel om tenestemottakarane bur samla.

For å skapa trygge oppvekstmiljø, gode møteplassar, høve til leik og aktivitet må ein planlegga for dette i kommunens planar. Eit godt kulturtilbod skapar auka busetnad og trivsel i kommunen.

Kommunen må syta for at innbyggjarane får naudsynte helse- og omsorgstenester. Dette inneber at kommunen må førebyggja, behandla og leggjar til rette for tilbod til alle brukargrupper.

Omsorgstenestene i kommunen er innretta slik at innbyggjarane kan bu heime så lenge som mogleg. Kvardagsmeistring og god rehabilitering er viktig for å møte den venta auken i eldre personar i kommunen. Velferdsteknologi vil bidra til betre livskvalitet for ulike brukarar og gjere dei i betre i stand til å bu heime.

Reforma «Leve heile livet» skal sikra eldre ein trygg og verdig alderdom. I Sveio skal menneska LEVA HEILE LIVET.

Gode oppvekstvilkår

Sveio kommune skal bidra til gode oppvekstmiljø og leggja til rette for moglegheita for utvikling og opplæring for alle.

Barnehage og skule er eit av dei første kommunale tenestetilboda eit barn møter. Gode og trygge barnehagar, skular og nærmiljø er viktige verkemiddel for å skape eit godt oppvekstmiljø for barn og unge. Samfunnsoppdraget til barnehagane og skulane er stort. Gjennom lovverket blir barnehagar og skular gitt eit spesielt ansvar for å fremja folkehelsa.

Inkluderande barnehagar og skular med høg kvalitet på læringsarbeidet styrkjer oppvekstvilkåra til barn og unge ved å gi eit godt fundament for seinare utdanning og arbeidsliv. Barnehagane og skulane er og ein arena for førebygging og skal setja i verk tiltak ut frå kvart barn sitt behov, og er altså ei viktig brikke i arbeidet med å gje borna ein god start i livet.

Ein revidert Kvalitetsutviklingsplan barnehage og skule 2021-2024 blei vedteken hausten 2020. Kommunen som skuleeigar skal støtta og rettleia barnehagane og skulane i arbeidet med kompetanseutvikling. Det er såleis viktig at ein finn balansen mellom sentralt fastsette satsingsområde på eit strategisk nivå og lokalt initiert utviklingsarbeid med utgangspunkt i tema som er identifiserte ved den einskilde barnehage og skule, -barnehage/skulebasert kompetanseutvikling. Ein av strategiane i kommuneplanen sin samfunnsdel er ha sams fokus på opplæring i grunnleggande dupleikar gjennom heile skuleløpet frå 1. til 10. klasse.

Prioriterte sams satsingsområder fram til 2024 er:

- A. Språk, lesing og skriving.
- B. Inkluderande barnehage- og skulemiljø.
- C. Overgangen mellom barnehagen og skulen.
- D. Innføring av nytt læreplanverk, fagfornyinga.

Aktivitet og attraktivitet gjennom lokale tiltak

Sveio kommune skal vidareutvikla dei kulturfyrtårna kommunen allereie har og leggja meir vekt på reiseliv, turisme og oppleving i kommunen. Dei kulturelle fyrtårna Ryvarden, Sveio golfpark og Valenheimen er sentrale i profileringa av kommunen. I tillegg har både Førde, med Rex Garden og Strando, og Valestrand med Einstabøvoll gard, Øklandsheimen og Valevåg Camping kvalitetar som kan vidareutviklast i reiselivsamanheng. Sveio har og eit godt utgangspunkt for naturbaserte aktivitetar både til lands og på vatn og sjø. Kommunen har gode føresetnader for å leggja til rette for eksisterande opplevingar og vidareutvikla desse.

Det er vel 1200 fritidsbustader i Sveio, og kommunen er open for bygging av fleire fritidsbustad-område som kan skape trivnad, aktivitet og arbeidsplassar.


Befolkningsutvikling og næringsaktivitet

Demografiske endringar

Vi har lenge kjent til at folkesetnaden i Sveio er i endring. Dette er i samsvar med det vi ser i resten av Noreg. Fødselstala er låge, og i mars 2024 synte tal frå SSB at det samla fruktbarheitstalet for norske kvinner no ha kome ned i 1,40. Det er og slik at innvandrar kvinner, som tidlegare fekk fleire born enn kvinner samla, no har eit fruktbarheitstal som er identisk med folkesetnaden elles. Gjennomsnittleg alder for førstegongsfødande er no 30,3 år.

SSB har slik prognose for ibuarar i barnehagealder i Sveio kommune dei neste tolv åra:

14288: Framskrevet folkemengde 1. januar, etter statistikkvariabel og år. Sveio, 1-5 år.




Kilde: Statistisk sentralbyrå

Det er viktig å merkja seg at tala er svært usikre for denne aldersgruppa etter 2029, då prognosen då vil byggja på berre personar som enno ikkje er fødde.

SSB har slik prognose for ibuarar i barneskulealder i Sveio kommune dei neste tolv åra:

14288: Framskrevet folkemengde 1. januar, etter statistikkvariabel og år. Sveio, 6-12 år.




Kilde: Statistisk sentralbyrå

Talet på barneskuleelevar vil bli kraftig redusert alt dei første åra. I 2030 vil det vera om lag 120 færre born i barneskulealder enn i dag.

SSB har slik prognose for ibuarar i ungdomsskulealder i Sveio kommune dei neste tolv åra:

14288: Framskrevet folkemengde 1. januar, etter statistikkvariabel og år. Sveio, 13-15 år.




Kilde: Statistisk sentralbyrå

Talet på ibuarar i ungdomsskulealder byrjar å gå ned i 2026. Nedgangen held fram gjennom heile perioden, slik at vi i 2036 vil ha om lag 100 færre ungdomsskuleelevar enn i dag ved låg nasjonal vekst.

SSB har slik prognose for ibuarar i yrkesaktiv alder i Sveio kommune dei neste tolv åra:

14288: Framskrevet folkemengde 1. januar, etter statistikkvariabel, alder og år. Sveio.




Kilde: Statistisk sentralbyrå

Talet på ibuarar i yrkesaktiv alder vil halda seg rimeleg stabilt dei neste tolv åra, men det er den eldste gruppa (45-66 år) som har ein veksande trend, medan dei unge yrkesaktive (20-44 år) har ein fallande trend.

SSB har slik prognose for ibuarar i pensjonistgruppene i Sveio kommune dei neste tolv åra:

a. Aldersgruppa 67-79 år

14288: Framskrevet folkemengde 1. januar, etter statistikkvariabel og år. Sveio, 67-79 år.




Kilde: Statistisk sentralbyrå

Talet på «unge pensjonistar» vil veksa fram mot 2030, for så å flata ut fram mot 2035.

b. Aldersgruppa 80-89 år

14288: Framskrevet folkemengde 1. januar, etter statistikkvariabel og år. Sveio, 80-89 år.




Kilde: Statistisk sentralbyrå

Talet på ibuarar i alderen 80-89 år vil dobla seg i løpet av dei neste 12 åra i baae alternativa. Sjølv om også mange i denne aldersgruppa har god helse og klarer seg med lite eller inga hjelp, vil dette føra med seg ein auka trong for kommunale omsorgstenester i løpet av svært få år.

c. Aldersgruppa 90 år og eldre.

14288: Framskrevet folkemengde 1. januar, etter statistikkvariabel og år. Sveio, 90 år eller eldre.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Frå 2030 vil også den eldste aldersgruppa veksa. Dette er ei gruppe der svært mange har trong for kommunale tenester.

Næringsaktivitet

Å driva kommunal næringsutvikling handlar om noko så enkelt, og noko så komplisert, som å leggja til rette for framtidig verdiskaping. Det er ikkje kommunen som i utgangspunktet driv næringsverksemd, dette er næringslivet sjølve si oppgåve.

Næringsutvikling skal vera ein prioritet i Sveio kommune, og kommunen har starta arbeidet med å gjera vedteken næringsplan « Næringsplan Sveio kommune 2022 – 2027 » levande med god forankring og eigarskap.

Med planen som utgangspunkt blir det arbeidd med å styrkja samarbeidet mellom kommunen, det offentlege og private aktørar. Målet er å saman leggje til rette for utvikling av nytt næringsliv og vekst hos dei etablerte. Det er næringslivet som står for sjølve gjennomføringa at strategien i ein næringsplan, medan kommunen sitt handlingsrom ligg i rolla som samfunnsutviklar og tilretteleggjar gjennom offentlege verkemiddel og vegleing.

I tillegg skal kommunen ha eit fokus på å nytta ressursane våre, både når det gjeld natur, kultur samt innbyggjarar og næringsliv, slik at me legg til rette for god samfunnsutvikling som stimulerer til vidareutvikling og god ressursutnytting.

Sveio kommune skal jobbe med å identifisere relevante midlar og tilby rettleing knytt opp mot verkemiddelapparatet. Kommunen skal òg delta i næringsssamarbeidet i regionen og vera brbyggjaren mellom Haugalandet og Sunnhordaland.

Sveio kommune skal vere ein god plass å veksa opp, med mange aktivitetstilbod og trygge omgjevnader for born og unge. Men blant anna full barnehagedekning, gode skular, gode idrettsanlegg og god eldreomsorg bør valet om framtidig bustad vera enkelt. For å få tydeleggjera dette vil ein måtte arbeide med å synleggjer kommunen og byggja merkevara Sveio.

Aktivitet i eit attraktivt kommunesenter

Sveio sentrum skal styrkja sentrumsutviklinga og senterstrukturen for å sikra god tilgang til handel, tenester og servicefunksjonar for innbyggjarane. Prinsippa om auka fortetting og konsentrasjon mot sentrum i Regional plan for areal og transport på Haugalandet, gjeld og for Sveio. Dei regionale måla for utbygging er å skapa kompakte by- og tettstadssentra. Ei stor utfordring for sentrumsutviklinga er at kommunen har stor handelslekkasje, relativt lite næringsaktivitet og at kommunesenteret ligg midt mellom to sterke regionsentre. Eit sterkt sentrum i vekst, vil ikkje berre vere til fordel for dei som bur i området, men vil komme alle ibuarar, hytteeigarar, næringsliv og besøkjande i kommunen til gode.

Trygg trafikk, gode kommunikasjonar og kommunale anlegg

Eit hovudmål i akseptert samfunnsdel av kommuneplanen er at «Sveio kommune skal sikra gode og trygge trafikkforhold».

Her må det, i tillegg til å vurdere kommunale vegar og trafikksikringstiltak, arbeidast opp mot Fylkeskommunen og Statens vegvesen for å få dei til å planleggje og realisere ny tiltak som støttar opp om målet. Nokre sentrale stikkord vil være utbetring av veg, fokus på kollektiv trafikk, trygg skuleveg og skuleskyss.

Sveio kommune har dei siste åra gjennomført fleire trafikksikringstiltak. I tillegg til restmidlar løyva tidlegare, er det i planperioden satt av ein mindre sum til tiltak årleg.

Vidare har vi som mål at «Sveio kommune skal sikra god utbygging og vedlikehald av kommunale anlegg for veg, vatn og avlaup».

Her er vedlikehald av eksisterande infrastruktur og utbygging av nye vatn og avløpsanlegg sentralt. Utarbeiding av ny hovudplan for vatn og avløp vil i perioden leggje nærare føringar her. I

økonomiplanperioden er det sett av ein årleg sum til å bytte ut røyrleidningar på grunn av elde, for å hindre lekkasje eller brot i vassforsyninga.

Bruk og vern av strandsona

Strandsona er eit sentralt tema i utarbeiding av ny kommuneplan som er i gang. I akseptert samfunnsdel er hovudmålet «Sveio kommune skal på ein god måte utnyttja potensialet det er å vera ein kystkommune».

Dei lista strategiane for å nå måla er:

- Gjennomføra verdivurdering langs strandlina for å avklara kva område som er viktige å verna om, før ein vurderer utbyggingsområde
- Bruka funksjonell strandsonavurdering og kategorisering av strandsona for å vurdere verdiane for allmenn interesse i strandsona
- Gjennom kommuneplanen sin arealdel sikra viktige areal med omsynssoner
- Gjennom arealstrategiar finna område langs sjøen som eignar seg til utbygging, utan at det går ut over viktige omsyn, som tilkomst og friluftsliv for ålmenta
- Bruka arealdelen for å sikra god og forsvarleg utbygging i strandsona
- Bruka arealstrategiane for å finna areal som eignar seg til småbåthamnar/småbåtanlegg
- Bruka arealstrategiane for å finna areal som eignar seg til næringar som må ha tilgang til sjøen med hamn og landbaserte anlegg
- Gjennom arealstrategiar vurdere areal for heilårs- og fritidsbustader til sjøen

Her vil arbeidet med kommuneplanens arealdel være sentral for å konkretisere strategiane.

Klimabudsjett 2025

Klimabudsjett 2025 er avgrensa til å gjelde reduksjon av direkte- og indirekte utslepp innanfor verksemda til kommunen



Noreg har ei målsetting om å redusere utslepp av klimagassar i 2030 med minst 50 prosent og om å vere eit lågutsleppsamfunn i 2050. Det vil innebere at utslepp av klimagassar er på 1,5 tonn per innbyggjar.

For å vere med å bidra til og klare dette målet, blir arbeidet med å redusere klimagassutsleppa i Sveio kommune sett i system gjennom å utarbeide eit klimabudsjett. Klimabudsjett er eit styringsverktøy for å nå mål om å redusere utslepp av klimagassar og andre vedtekte klimamål. Klimabudsjettet er ein integrert del av kommunen sin handlings- og økonomiplan. Gjennom den ordinære rapporteringa knytt til budsjettprosessen, skal det og bli rapportert systematisk på tiltaka i klimabudsjettet.

Klimamål for Sveio kommune

Sveio kommune sin Energi- og klimaplan 2011 – 2016 blei vedteke prolongert i 2019. Tiltak for å oppnå lågare klimagassutslepp er knytt til mål om:

- ein meir klimavenleg kommunal bilpark
- kommunen skal leggje til rette for klimasamarbeid med industri- og næringslivsaktørar
- kommunen skal vere ein aktiv pådrivar for eit godt kollektivtilbod
- kommunen skal planlegge og tilstrebe samanhengande gang- og sykkelvegnett, og generelt leggje til rette for aktiv sykling, særleg til/frå arbeidsplassen
- energibruk i kommunal bygningsmasse og kommunale anlegg skal reduserast med minst 10% i løpet av planperioden

Kommunestyret har og erklært at dei er samde i at verda står overfor store og alvorlege klimautfordringar og har beden Rådmannen om å ha fokus på arbeidet med å redusera kommunen sine utslepp og klimaavtrykk.

Planprogram for ny kommunedelplan for klima og energi blei vedtatt i KOM 26.september 2022. Utarbeiding av utkast til plan vart sett på vent til nyåret 2024, og er venta å bli lagt ut til offentleg ettersyn tidleg i 2025.


Klimagassutslepp i Sveio kommune

Klimagassutslepp blir delt inn i direkte og indirekte utslepp. Direkte utslepp omfattar dei direkte, fysiske utsleppa som skjer innanfor kommunen sin geografiske grense (t.d. når bilen forbrenner bensin eller diesel). Indirekte utslepp omfattar utslepp utanfor det geografiske området, som er ei konsekvens av forbruk av varar og tenester innanfor det geografiske området (t.d. då bilen blei produsert).

Som illustrert i figuren nedanfor er direkte utslepp i frå verksemda til kommunen ei lita del av dei totale utsleppa. I tillegg kjem det totale klimafotavtrykket for verksemda som og inkluderer dei indirekte utsleppa. Vidare kjem direkte utslepp innanfor kommunen sine grenser og ibuarane sitt totale fotavtrykk.

Målet er på sikt å utvide målsettingane i klimabudsjettet til å inkludere meir enn utslepp i frå kommunal verksemd. Nye mål og tiltak for klimaarbeidet i Sveio kommune vil bli utarbeida og konkretisert i ny klimaplan.

Illustrasjon av utslepp frå eksempelkommune med 10 000 innbyggjarar




Direkte utslepp

I 2022 var dei direkte, fysiske utsleppa som skjedde innanfor Sveio kommune sine geografiske grenser på 48 280,8 tonn CO₂-ekvivalenter¹. Dei største direkte utsleppa kjem i frå sjøfart, vegtrafikk og jordbruk. Anna mobil forbrenning, oppvarming, avfall og avløp står for ein mindre del av utsleppa. I 2022 var endringa på 0,9% reduksjon frå føregåande år.

¹ Utsleppa blir målt i CO₂ – ekvivalentar, som betyr at utsleppa for kvar gass blir vekta etter gassen sin globale oppvarmingspotensial (GWP).

Sektorfordelte utslepp per år



Kilde: Miljødirektoratet

Ver merksam på at utsleppstala frå Miljødirektoratet kan bli endra over tid som følge av metodeutvikling og datatilgang.

Sjøfart

Sjøfart og fiske er viktige utsleppskjelder i Noreg. I 2019 sto desse transportformane for 5,9 % av dei norske klimagassutsleppa, og det har vore ei nedgang dei siste åra. Målet er at utsleppa frå innanriks sjøfart og fiske skal halverast innan 2030, men omstillingsfarta går diverre seint (www.sdir.no). I Sveio står utslepp i frå sjøfart for i underkant av 35 % av dei totale direkte utsleppa. Utsleppa er redusert med omlag 10 prosent i perioden 2018-2020 og var i 2020 på same nivå som i 2015, det har derimot hatt ei auka igjen i 2021 og 2022. Det er i all hovudsak passasjertrafikk, stykkgodsskip og andre aktivitetar innan sjøfart som står for utsleppa. Biletet under synleggjer sjøtrafikkbiletet i Sveio for året 2019 for fartøy over 15m med påslått AIS-sendar. Sjøtrafikk i hovudleia i Bømlafjorden og ferjesambandet Buavåg-Langevåg slår ut som framtrekande. Sveio kommune har få verkemiddel til å påverke klimagassutslepp i frå sjøfart.



Kjelde: Kystinfo

Vegtrafikk

Vegtrafikken står for 18 prosent av dei totale utsleppa av klimagassar i Noreg (www.miljostatus.no) og i overkant av 30 % av dei direkte utsleppa i Sveio. Dei største utsleppa kjem frå tunge køyretøy og personbilar. Mykje av utsleppa skuldast vegtrafikken på gjennomfartsvegane E 39 og Fv 47. Samtidig bidreg den interne personbiltransporten, særleg i samband med arbeidspendling og handels- og fritidsreiser. Utslepp i frå vegtrafikk i Sveio har gått ned med rundt 18% i perioden 2009 – 2022. Hovudårsaka er redusert utslepp i frå personbil på grunn av auka bruk av el-bil og meir innblanding av biodrivstoff. Tal kilometer køyrt gjekk og ned i 2020, noko vi antar kan vere relatert til koronaepidemien ettersom tala er gått litt opp igjen i 2021 og 2022.

Jordbruk

Jordbruket står for 9,3 prosent av dei norske klimagassutsleppa, og er i hovudsak metan og lystgass frå husdyr og gjødsel. Utslepp i frå energibruk i jordbruket er ikkje inkludert i jordbruksrekneskapen, men er plassert på anna mobil forbrenning og oppvarming. I Sveio kjem dei største jordbruksutsleppa i frå fordøyelsesprosessar hos husdyr, som handlar om utslepp av metan frå fordøyelse. Oppdyrking av myr fører til utslepp av CO₂ gjennom nedbryting og tap av karbon, men dette inngår heller ikkje som utslepp frå jordbruk i klimagassrekneskapet.


Anna mobil forbrenning, oppvarming, avfall og avløp

Store deler av kommunen sine direkte utslepp er å finne innan kategoriane anna mobil forbrenning, oppvarming, avfall og avløp. Desse utsleppskjeldene står for berre rundt 2 % av dei totale direkte utsleppa i Sveio. Ver merksam på at statistikken inkluderer direkte utslepp innanfor kommunen si geografiske grense, og ikkje berre utslepp i frå verksemda til kommunen.

Anna mobil forbrenning omfattar utslepp i frå dieseldrivne motorreiskapar, der anleggsmaskinar og traktorar utgjør dei største kjeldene. Utsleppa i frå anna mobil forbrenning i Sveio er halvert sidan 2009. Hovudårsaka er redusert utslepp i frå bygg og anlegg.

Berre 0,89 % av Sveio kommune sine totale direkte utslepp er i frå oppvarming. Utsleppa er redusert dei siste åra. Utslepp frå fossil olje er nesten fasa ut, mens utslepp i frå vedfyring og LPG er gått opp. Oppvarming med propan er i ferd med å bli utfasa i kommunale bygg og straum er hovudkjelda. I statistikken er utslepp i frå elektrisitet null fordi statistikken berre inkluderer direkte utslepp. Vår bruk av elektrisitet kjem med i statistikken der den blir produsert under sektoren energiforsyning.

Utslepp i frå avfall og avløp hadde ei stor auke frå 2020 til 2021, som har gått drastisk ned i 2022. Den store endringa kjem frå avlaupsutslepp.



Kilde: Miljødirektoratet

Indirekte utslepp – klimafotavtrykk

Ducky har utvikla eit verktøy som gir oss oversikt over forbruksbaserte utslepp – Folkets Fotavtrykk². Det totale fotavtrykket er summen av dei forbruksbaserte utsleppa, både direkte og indirekte, til innbyggjarane i Sveio kommune. Fotavtrykket i 2022 var på 78 504 tonn CO₂-ekvivalenter, noko som utgjer 13,6 tonn CO₂-ekvivalenter per innbyggjar. Det er høgare enn snittet for Noreg og Vestland som begge er på 12,6 tonn. Største delen av utsleppa er i frå energibruk. Deretter følgjer utslepp i frå det offentlege (vegprosjekt, vedlikehald av skular og andre tenester levert av skattepengar), forbruk av varar og tenester, transport og mat.



Gjennomgang av fjorårets tiltak i klimabudsjettet (2024)

Set inn farge om tiltaket er gjennomført dette året (**grøn**), om det er utsett til neste år (**gul**), eller om det er bestemt at det ikkje skal gjennomførast likevel (**raud**).

Tiltak med kvantifisert utsleppsreduksjon							
Utslepps- sektor- og kjelde	Nr.	Tiltak og verkemiddel	Ansvarleg	Effekt i CO ₂ - ekvivalentar	Gjennomføring		
Vegtrafikk							
Tunge køyretøy	1	Skifte ut avlaupsbil (el-bil)	Drift og anlegg	-3,4			
Lette køyretøy	2	2 stk. nye vaktmeisterbilar. Erstattar ingen bilar.	Drift og anlegg	-6,34 (diesel) -6,26 (bensin)	Ein, ikkje to		
	3	Drosjenæringa: Nullutslepp innan 2025	Sveio taxi	-25,25			
Varebil	4	Arbeidsbil Sveio KF, kjøp eller leasing, hybrid eller el-bil. Forbehold om finansiering og at det er praktisk mogleg med el.bil.	Sveio KF	-1,7			
Oppvarming							
	5	ENØK-tiltak kyrkjebygg Varmepumpe Valestrand kyrkje	Sveio KF	-5			
	6	Varmepumpe Vigdartun	Drift og anlegg	-43,9			
	7	Nytt ventilasjonsanlegg og etterisolering av tak på Vikse skule.	Drift og anlegg	-18			

² [Folkets Fotavtrykk](#)

Tiltak med ikkje-kvantiserte utsleppsreduksjon						
Utslepps- sektor- og kjelde	Nr.	Tiltak og verkemiddel	Ansvarleg	---	Gjennomføring	
Vegtrafikk						
Køyretøy	8	Samordne bustad-, areal- og transportplanlegging	Plan			
	9	Leggje til rette for utbygging av gang- og sykkelvegnett spesielt rundt skular og barnehagar	Drift og anlegg			Turveg som skuleveg- prosjekt utsett
	10	Samkøyring	Alle tilsette			Delvis
	11	Redusere unødvendige reiser, digitale kurs og møter	Alle tilsette			
Oppvarming/straumforbruk						
	12	Utskifting av vindauge ved Valestrand Oppvekstsenter	Drift og anlegg			
	13	ENØK-tiltak i Kyrkjebygga: <ul style="list-style-type: none"> Varmestyring Førde Kyrkje 	Sveio kyrkje			Tiltaket gir innsparing på minst 50 000kWh.
	14	ENØK-tiltak kommunale bygg SOS. Vigdartun og kommunehuset	Drift og anlegg			Tiltaket gir innsparing på ca. 250 000kWh.
	15	Kontinuerleg fokus på straumsparingstiltak	Alle einingaleiarar			Delvis
	16	Veglys	Drift og anlegg			
Anna mobil forbrenning						
	17	Robotgrasklippar Sveio sentrum gravplass	Drift og anlegg			
Anna						
	18	Miljøfyrtårnsertifisering Vigdartun	Drift og anlegg			
	19	Miljøfyrtårnsertifisering Auklandshamn skule	Drift og anlegg			
	20	Miljøfyrtårnsertifisering Førde skule	Drift og anlegg			
	21	Stille klima- og miljøkrav ved kommunale innkjøp	Innkjøpsansvar- leg			
	22	Ombruka, dele, selje og gje vekk utstyr og materiell me ikkje nyttar	Alle einingsleiarar			
	23	Redusere matavfall	Helse og omsorg			

Grunngjeving for ikkje gjennomført tiltak

Kva er grunnen til at tiltaket som blei lagt inn i klimabudsjettet har fått «raud» gjennomføringskategori, og ikkje er tenkt å gjennomføra?

Nr.	Tiltak	Ansvarleg	Grunngjeving
1	Skifte ut avlaupsbil (el-bil)	Drift og anlegg	Utgår.
6	Varmepumpe Vigdartun	Drift og anlegg, Kultur	Ikkje montert.
10	Samkøyring	Alle tilsette	Med ulik arbeidstid og ulike bosteder blir dette vanskelig
15	Kontinuerleg fokus på straumsparingstiltak	Alle einingaleiarar	Me har fokus på det. Med til dels veldig kjølege lokale om vinteren er det vanskeleg å unngå å bruke ekstra omnar. F.eks. er dansesalen heilt utan varme og må ha byggvifte for å varmast. Biblioteket er kaldt om vinteren og varmt om sommaren. Her må og ekstra omnar om vinteren. Det same gjeld fleire av dei gamle kontora i dei eldste delane av kommunehuset. Tilsette skal ikkje fryse når dei er på jobb. Dette gjer det vanskeleg å styre straumbruken.
16	Veglys	Drift og anlegg	Ikkje ressursar til å gjennomføre store tiltak for meir veglys.
18-20	Miljøsertifisering Vigdartun	Drift og anlegg	Ikkje ressursar eller kapital til miljøsertifisering på skulane.

Utfyllande utgreiing av tiltaka:

- 1. Skifte avlaupsbil (el-bil)**
- 2. 2 stk. nye vaktmeisterbilar**
Erstatter ingen bilar
- 3. Drosjenæringa: Nullutslepp innan 2025**
Vestland fylkeskommune har vedteke at alle drosjar i Vestland fylke skal vera utsleppsfrie innan oktober 2025. Sveio kommune kjøper transporttenester av Sveio Taxi. Det er venta gradvis innfasing. 50% av venta reduksjon er difor lagt inn i frå 2024.
- 4. Bytte ut arbeidsbilen til Sveio KF (el-bil)**
Forbehold om finansiering og at det er praktisk mogleg med el-bil (må kunne dra tilhengar med gravemaskin).
- 5. ENØK-tiltak kyrkjebygg, varmpumpe Valestrand kyrkje**
Reduksjon av klimagassutslepp er berekna ut frå venta reduksjon is straumforbruk (europeisk straummiks).
- 6. Varmepumpe Vigdartun**
Vedteke i investeringsbudsjett 2022. Konsulent arbeidar med prosjektet, venta gjennomført tidleg 2023. Ikkje gjennomført i 2023, heilskapleg varmesystem må vurderast nærmare etter at nyskapande aktivitetsanlegg er konkludert. Reduksjon av klimagassutslepp er berekna ut frå venta reduksjon is straumforbruk (europeisk straummiks).
- 7. Nytt ventilasjonsanlegg og etterisolering av tak på Vikse skule**
Vedteke i investeringsbudsjett 2022. Planlegging og anbudsprosess starta i 2022, var planlagt gjennomføring i løpet av 2023. Nytt forslag om gjennomføring i 2024. Reduksjon av klimagassutslepp er berekna ut i frå venta reduksjon i straumforbruk (europeisk straummiks).
- 8. Samordne bustad-, areal- og transportplanlegginga**
Målet med samordna planlegging er mindre trong for bilkøyring.
- 9. Utbygging av gang- og sykkelvegnett rundt skular og barnehagar**

Målet er mindre trong for bilkøyring og redusert utslepp frå transport. Skyss-gruppa skal arbeide med å identifisere moglegheiter for å utvide gang- og sykkelvegnett rundt skulane.

10. Samkøyring

11. Redusere reiser

Delta på kurs og møter digitalt.

12. Utskifting av vindauge ved Valestrand Oppvekstsenter

Vindauga er gamle og trekkfulle. Nye vindauge vil redusere straumforbruket.

13.-16. ENØK-tiltak og fokus på straumsparing

Diverse ENØK-tiltak vil redusere straumforbruket i kommunale bygg.

Innsparinga i Sveio kyrkje etter installering av varmpumpe er venta å vera 30 000 – 50 000 kWh pr år

ENØK-tiltak på Sveio omsorgssenter, med solceller og etterisolering er venta å ha ei innsparing på ca. 200 000 kWh.

17. Robotgrasklyppar Sveio sentrum gravplass

Mindre utslepp frå bruk av fossilt drivstoff.

18.-20. Miljøfyrtårnsertifisering

Ei ekstern verifisering av miljøstyringssystem, der det blir sjekka at verksemda arbeidar med å redusere påverknad på det ytre miljøet.

21. Klima- og miljøkrav i kommunale innkjøp

Gjennom å stille auka miljøkrav til kommunen sine leverandørar, skal det motivere næringslivet til å gjera endringar som gir lågare klimautslepp og meir miljøvennlege løysingar. Sveio er med i eit prosjekt for å auka kompetanse og vektlegging av miljø- og klimakrav i innkjøp av varer og tenester, saman med Karmøy, Haugesund, Tysvær, Etne, Vindafjord og Sauda. Prosjektet er støtta med klimasatsmidlar frå Miljødirektoratet.

22. Ombruka, dele, selje og gje vekk utstyr og materiell me ikkje nyttar

Kulturskulen skal t.d. selje/ombruka/gje vekk elektronisk utstyr, bøker og inventar som ikkje er i bruk. Barnehagane skal lage temakassar med leiker, som kan sirkulere mellom barnehagane.

23. Redusera matsvinn

Fleire einingar knytt til helse og omsorg arbeidar med tiltak for å redusere matsvinn.

Oppdatert klimabudsjett for kommande år (2025)

Set inn tiltak frå handlingsplanen til Klima- og energiplan for Sveio kommune, som er gjeldande for kommande året eller er kontinuerleg arbeid. Andre tiltak som ikkje står oppført i klimaplanen blir lagt inn under raden «Anna».

Tiltak med kvantifisert utsleppsreduksjon					
Utslepps- sektor- og kjelde	Nr.	Tiltak og verkemiddel	Ansvarleg	Effekt i CO2- ekvivalentar	Kommentar/ tilleggsinfo
Digitalisering og innkjøp					
Ingen for 2025					
Landbruk					
Ingen for 2025					
Energiforbruk og effektivisering					
	1	ENØK-tiltak kyrkjebygg	Sveio KF	-5	Vidareført frå i fjor

		Varmepumpe Valestrand kyrkje			
	2	Varmepumpe Vigdartun	Drift og anlegg	-43,9	Vidareført frå i fjor
	3	Nytt ventilasjonsanlegg og etterisolering av tak på Vikse skule.	Drift og anlegg	-18	Vidareført frå i fjor
Bygg og næring					
Ingen for 2025					
Avfall, matsvinn og avlaup					
Ingen for 2025					
Vegtrafikk					
Lette køyretøy	4	1 stk. ny vaktmeisterbil. Erstatter ingen bilar.	Drift og anlegg	-6,34 (diesel) -6,26 (bensin)	Vidareført frå i fjor
	5	Drosjenæringa: Nullutslepp innan 2025	Sveio taxi	-25,25	Vidareført frå i fjor
Varebil	6	Arbeidsbil Sveio KF, kjøp eller leasing, hybrid eller el-bil. Forbehold om finansiering og at det er praktisk mogleg med el.bil.	Sveio KF	-1,7	Vidareført frå i fjor
Anna					
Ingen for 2025					
Tiltak med ikkje-kvantifiserte utsleppsreduksjon					
Utslepps- sektor- og kjelde	Nr.	Tiltak og verkemiddel	Ansvarleg	---	Kommentar/ tilleggsinfo
Digitalisering og innkjøp					
Digitalisering	7	Nytta Microsoft Teams til interne samtalar for mindre e-post lagring	Alle tilsette		
Landbruk					
	8	Plante 50 tre kvart år	Drift og anlegg		Plante nye trer på kommunal eigedom
Energiforbruk og effektivisering					
	9	Fokus på lysslukking av rom	Alle tilsette		Slå av lys i rom ein ikkje er i.
	10	Robotgrasklippar Sveio sentrum gravplass	Drift og anlegg		Vidareført frå i fjor

	11	Robotklyppar uteområdet SOS	Pleie og omsorg		Har allereie fått i sansehagen.
Bygg og næring					
Plan	12	Sveio kommune sin kommuneplan ferdig	Samfunnsutvikling		Samordna planlegging gjennom kommuneplanen sin arealdel
Avfall, matsvinn og avlaup					
Avfall	13	Kjeldesortere avfall på einingane	Alle tilsette		
Matsvinn	14	Sal av restmiddag	Pleie og omsorg		Restmiddag vert selt til tilsette for å inngå å kaste mat.
Vegtrafikk					
	15	Redusere fysiske møter der det kan vera digitalt	Alle tilsette		
	16	Nytte kommunal EL-bil	Alle tilsette		Prioritere bruk av kommunale EL bilar med arbeidsrelatert køyring
	17	Leggje til rette for utbygging av gang- og sykkelvegnett spesielt rundt skular og barnehagar	Drift og anlegg		Turveg som skuleveg-prosjekt utsatt
Anna					
	18	Nytte elektroniske løysingar for å redusera papirbruk	Alle tilsette		

Utfyllande utgreiing av tiltaka:

- ENØK-tiltak kyrkjebygg, varmepumpe Valestrand kyrkje**
Reduksjon av klimagassutslepp er berekna ut frå venta reduksjon is straumforbruk (europeisk strømmiks).
- Varmepumpe Vigdartun**
Vedteke i investeringsbudsjett 2022. Konsulent arbeidar med prosjektet, venta gjennomført tidleg 2023. Ikkje gjennomført i 2023 eller 2024, heilskapleg varmesystem må vurderast nærmare etter at nyskapande aktivitetsanlegg er konkludert. Reduksjon av klimagassutslepp er berekna ut frå venta reduksjon is straumforbruk (europeisk strømmiks).
- Nytt ventilasjonsanlegg og etterisolering av tak på Vikse skule**
Vedteke i investeringsbudsjett 2022. Planlegging og anbudsprosess starta i 2022, var planlagt gjennomføring i løpet av 2023 og 2024. Nytt forslag om gjennomføring i 2025. Reduksjon av klimagassutslepp er berekna ut i frå venta reduksjon i straumforbruk (europeisk strømmiks).
- 1 stk. nye vaktmeisterbilar**
Erstatter ingen bilar
- Drosjenæringa: Nullutslepp innan 2025**

Vestland fylkeskommune har vedteke at alle drosjar i Vestland fylke skal vera utsleppsfrie innan oktober 2025. Sveio kommune kjøper transporttenester av Sveio Taxi.

6. Bytte ut arbeidsbilen til Sveio KF (kyrkjeleg fellesråd)

Forbehold om finansiering og at det er praktisk mogleg med el-bil (må kunne dra tilhengar med gravemaskin). Må inkluderast i budsjett og prioriterast i økonomiplan.

7. Nytt Microsoft Teams til interne samtalar for mindre e-post lagring

IT-sektoren bidreg med store klimagassutslepp, blant anna fordi all data lagra i «skyer» blir lagra på store datalagringscenter med svært høgt energiforbruk. Fokus på å slette filer, e-postar og program som ikkje blir brukt kan gjere folk meir bevisste på sitt digitale klimaavtrykk. Meldingar i teams blir lagra berre ein gong, som same fil hjå både sendar og mottakar. E-post blir lagra på nytt både hjå sendar og mottakar, og bidreg difor til auka digitalt klimaavtrykk.

8. Plante 50 tre kvart år

Plante nye trer på kommunal eigedom

9. Fokus på lysslukking av rom

Slå av lys i rom ein ikkje er i.

10. Robotgrasklyppar Sveio sentrum gravplass

Mindre utslepp frå bruk av fossilt drivstoff.

11. Robotklyppar uteområdet SOS

Har allereie fått i sansehagen.

12. Sveio kommune sin kommuneplan ferdig

Samordna planlegging gjennom kommuneplanen sin arealdel

13. Kjeldesortere avfall på einingane

Auka fokus på kjeldesortering blant alle einingane i kommunen.

14. Sal av restmiddag

Restmiddag vert selt til tilsette for å inngå å kaste mat.

15. Redusere fysiske møter der det kan vera digitalt

Unngå køyring og bilbruk i arbeidstida, der det er mogleg utan at det forringar kvalitet på møta.

16. Nytte kommunal EL-bil

Prioritere bruk av kommunale EL-bilar med arbeidsrelatert køyring

17. Leggje til rette for utbygging av gang- og sykkelvegnett spesielt rundt skular og barnehagar

Turveg som skuleveg-prosjekt utsatt, avhengig av vidare handsaming av denne saka.

18. Nytte elektroniske løysingar for å redusera papirbruk

Alle einingane prioriterer elektroniske løysingar framfor utskrift av papir der det er eit alternativ.

Kjelder:

[Folkets Fotavtrykk](#)

[Gjeldande energi- og klimaplan - Sveio kommune](#)

[Grønn flåtefornyelse i for sakte fart - Sjøfartsdirektoratet](#)

[Klimagassutslipp fra veitrafikk i Norge - Miljøstatus \(miljodirektoratet.no\)](#)

[Miljøstatus \(miljodirektoratet.no\)](#)

[Utslipp av klimagasser i Norges kommuner og fylker - Miljødirektoratet \(miljodirektoratet.no\)](#)

Kommentarar frå organisasjonen

Rammeområde barnehage

Gode oppvekstvilkår, -barnehage

Sveio kommune skal leggja til rette for gode oppvekstmiljø med moglegheiter for utvikling og opplæring for alle. Barnehagane er av dei første kommunale tenestene eit barn og dei føresette møter. Gjennom lovverk er dei gitt eit spesielt ansvar for å fremja folkehelsa. Barna skal møte trygge tilsette som tar ansvar for gode relasjonar i eit fellesskap kor dei blir lytta til og kan medverka i eigen kvardag. Gode, trygge og inkluderande barnehagar kan vera avgjerande for at det enkelte barn får ein god barndom.

Nasjonale føringar og strategiar om kompetanseutvikling, og dei lokale planane for barnehagar, dannar grunnlaget for korleis kommunen skal rettleia både kommunale- og private barnehagar i arbeidet med kompetanse- og kvalitetsutvikling. Det er såleis viktig at ein finn balansen mellom sentralt fastsette satsingsområder på eit strategisk nivå og lokalt initiert utviklingsarbeid. Kompetansehevinga skal vere barnehagebasert. For å nå måla i satsingsområda i Kvalitetsplan for barnehage og skule må dei tilsette vere proaktive, gje retning og vere støttande. Satsingsområda er språk, lesing, inkluderande barnehagemiljø og sikra god overgang mellom barnehage og skule.

Tenester og oppgåver i avdelinga

Barnehage er ei kommunal oppgåve som i hovudsak blir finansiert av kommunen sine frie inntekter og foreldrebetaling. Rett til barnehageplass blei innført frå 2009, og som ein del av det samla utdanningsløpet ligg barnehageområdet under Kunnskapsdepartementet. Sveio kommune har full barnehagedekning. Vi har tre ordinære kommunale- og tre private barnehagar, og Ressursteam for barnehage. 96,1% av barn i aldersgruppa 1-5 år i kommunen har barnehageplass. Kvar dag går i overkant av 260 barn i Sveio kommune inn porten til sin barnehage, klare for ein ny dag med leik, venskap, meistring og glede. Ulikskap kan vise seg tidleg og stadig fleire barn veks opp i familiar med vedvarande låg inntekt. Forsking syner at det er eit stort potensial i å redusera sosial ulikskap og at gode barnehagar kan kompensera for mindre gode tilhøve i heimen. Å gje alle barn eit godt tilbod av høg kvalitet i barnehagen er difor noko av det viktigaste vi gjer som samfunn. Regjeringa har gitt ut barnehagestrategi som gir føringar om at *«alle barn i Norge skal få mulighet til å ta del i barnehagefellesskapet, og at kvaliteten i barnehagene skal bli bedre og mer likeverdig over hele landet. Regjeringen vil holde barnehageprisen lav med gode moderasjonsordninger og investere mer i kompetansen til de ansatte.....styrings og finansieringssystem skal bidra til å styrke kompetansensikre at fellesskapets midler og foreldrebetaling går til barnehagedrift...»*

Kommunen som barnehageeigar og barnehagemyndede skal sikra at barnehagane vert drivne i samsvar med *Lov om barnehagar* og *Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver*. Ein skal likebehandla private og kommunale barnehagar. Barnehagemyndede har mellom anna som oppgåve å godkjenne barnehagar, koordinere samordna opptak, berekna og utbetala tilskot til private barnehagar og å rettleia og syte for tilsyn i både kommunale- og private barnehagar. Kommunen har eit eige ressursteam med spesialpedagogar og logoped som skal sikra spesialpedagogisk hjelp.

For å sikra kvalitetsutvikling koordinerer kommunen lokalt utviklingsarbeid, og deltek aktivt i partnerskap i ulike regionale kompetanse- og samarbeidstiltak. Partnerar er Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS), HVL, PPT og aktørar i helseføretaka. Å jobbe systematisk med å utvikla kvaliteten krevjar kompetanse, god leiing og gode rammer for arbeidet. I partnerskap med Høgskulen på Vestland (HVL) fylgjer dei kommunale barnehagane opp kvalitetsutviklingsarbeidet (REKOMP). Barnehagane arbeider med barnehagebasert kompetanseutvikling og nytta lærande nettverk for å sikra dette i all ledd.

«Flere kunnskapsoversikter viser at tiltak som er innrettet mot å hjelpe barn i barnehagealder, oftere viser positive resultater enn tiltak senere i livsløpet. Det er derfor mer samfunnsøkonomisk lønnsomt

å investere i høy kvalitet og forebyggende tiltak tidlig i utdanningsløpet enn å sette inn innsats senere i barns liv (Barnehagen for en ny tid, 2023).»

Mål for eininga for å bidra til å realisera dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen og i tråd med rammeplan for barnehagane

Klimatrusselen – klima, miljø og energi

Mål:

- Barna skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barnehagen skal vere med å fremje verdiar, haldningar og praksis for meir berekraftige samfunn.

Tiltak:

- Barnehagane jobbar med klima, miljø og berekraft i barnegruppene og følgjer kommunen sin plan i forhold til miljøsertifisering/kjeldesortering, kartlegg og vurderer energieffektiviserande tiltak.

Folkehelseperspektivet – det skal vera godt å bu og arbeida i Sveio

Mål:

- Barnehagemiljøet er trygt og inkluderande, og bidreg til å utjamne sosiale forskjellar gjennom at barn opplev trivsel, meistring og ei kjensle av eigenverdi.
- Barnehagane er ein arbeidsstad for tilsette som fremjar trivnad, utvikling og høgt arbeidsnærver.

Tiltak:

- Barnehagane nyttar handlingsretteleiarer knytt til Betre tverrfagleg innsats (BTI) og sikrar tiltak når det er mistanke om at eit barn ikkje har det trygt og god i barnehagen.
- Barnehagane gir rettlegeing til dei føresette i å søkje om redusert foreldrebetaling.
- Barnehagane skal vere bevisst i å rekruttera, behalda og skapa gode arbeidsplassar for dei tilsette, og arbeida systematisk og målretta med jobbnærver.

Den digitale kommunen – ein kommune i tida

Mål:

- Den digitale praksisen til barnehagen bidrar til lek, kreativitet og støttar opp om barna sine læreprosessar.
- Barnehagane har administrative system som fører til forenkling og fornying.

Tiltak:

- Sikra at tilgjengelige administrative system vert nytta i barnehagane.
- IKT-satsinga i barnehagane vil vere ein del av kvalitetsplan for barnehage og skule.

Samfunnstryggleik og beredskap – ein trygg kommune

Mål:

- Barnehagane har beredskapsplanar/kort som skildrar korleis krisehendingar skal handterast
- Barnehagane har rutinar/system knytt til miljøretta helsevern i barnehage/HMS for tilsette

Tiltak:

- Barnehagen har til ei kvar tid oppdaterte beredskapsplanar og dei tilsette er kjend med innhaldet i desse.
- Barnehagen har rutinar/system og dokumenterer korleis dei følgjer opp miljøretta helsevern i det daglege arbeidet.

Planlagde tiltak for å realisera måla samfunnsdelen til kommuneplanen og utfordringar

Samstundes som ein aukande del barn mellom 1–5 år har barnehageplass, har tal på barnehagebarn gått ned i tråd med mindre barnekull i Sveio kommune. Bråtveit natur- og kulturbarnehage valde å leggja ned drifta frå barnehageåret 2023/2024 og Bua kultur og friluftsbarnhage i frå barnehageåret 24/25. 32 barn har starta i andre barnehagar i kommunen grunna avvikling av dei private barnehagane. Kommunen har plikt til å gje tilbod om barnehageplass til barn den månaden dei fyller ett år. Det vert derfor eit viktig tiltak å sikre framgang i bygging av ny Sveio barnehage slik at kommunen oppfyller barna sin rett til barnehageplass i Sveio krins. Eit tiltak vil vera å halde fram med å tilby barnehagetilbod av god kvalitet og slik vere attraktiv når føresette vel barnehageplass.

Foreldrebetaling og moderasjonsordningar

Gjennom fortsett å halde maksimalprisen i barnehage på eit lågt nivå, maks 2000 kroner frå 1.august 2024 vil regjeringa gjere barnehage meir tilgjengeleg og gje barnefamiliar betre økonomi. Og eit bidrag til å redusera ulikskap mellom folk. Moderasjonsordningane vil bli vurdert og forbetra for dei barnefamiliene med lågast inntekt. Makspris gjelder alle barnehagar, uavhengig om de er offentlege eller private. Frå august 2023 blei ein barnehageplass gratis frå og med tredje barn i familiar som har fleire barn som går i barnehagen samstundes. Det vil gjelde uavhengig av familien si inntekt.

Bemanning og sjukefråvær

I barnehagane er det fleire tilsette utan høgare utdanning. I 2018 vart det innført ei bemanningsnorm, og pedagognorma vart skjerpa. Førde barnehage har 35% pedagogtettleik, Sveio barnehage har 43% og Valestrand oppvekstsenter har høgare med 50%. Sveio barnehage oppfylte norma på dispensasjon og har utfordringar med å rekruttera nok og rett kompetanse, mens Valestrand barnehage ikkje har barn i til alle barnehageplassane og derme høgare tettleik. I 2022 la regjeringa fram ein revidert kompetansestrategi som har som mål at minst 50% av dei tilsette skal vere barnehagelærarar og minst 25% barne- og ungdomsarbeidarar. Alle barnehagane fyller krav om bemanning, men i brukarundersøkinga skårar Førde- og Sveio barnehage lågare enn snittet på spørsmål om bemanningstettleik og om talet på barn per vaksen i barnehagen er tilfredsstillande.

Barnehagane hadde, som resten av landet, eit høgt sjukefråvær i 2023 med 17,10 %. Det er ei utfordring å rekruttera vikarar. Dette har ført til periodar med uføreseieleg og låg bemanning. Det er barnehageeigar sitt ansvar å syte for at bemanninga er tilstrekkeleg til at personalet kan driva ein tilfredsstillande pedagogisk verksemd i tråd med rammeplanen. Dette kravet i barnehagelova gjelder uavhengig av bemanningsnorma og skal være oppfylt i heile opningstida, også ved sjukdom og annet fråvær.

Barnehagane har stort potensial til å tilby fleire læreplassar, slik at fleire ungdommar kan ta fagbrev som barne- og ungdomsarbeider i vidaregåande opplæring. Forsking syner at å ha lærlingar i barnehagen kan vere positivt for barne- og ungdomsarbeidarane som er tilsette i barnehagen.

Økonomiske rammer

Dei kommunale barnehagane vert drivne meir effektivt enn gjennomsnittet for landet, noko som viser seg i tilskotssatsane. Rammene blir tildelt etter pedagog- og bemanningsnorm. Det er sett av lite til innkjøp av nytt pedagogisk materiell, leiker, utstyr og inventar. Det er ei utfordring at tiltak som aukar kvaliteten i kommunale barnehagar kan generere høgare tilskotssatsar til dei private barnehagane.

Dei kommunale barnehagane har ein bygningsmasse og uteområde som er prega av slitasje og treng utskifting og oppgradering. Foreldreundersøkinga frå 2023 visar at føresette er mindre nøgd med det fysiske inne- og utemiljøet i dei kommunale barnehagane. Om ein ser på delspørsmål knytt til utearealet, har Førde barnehage skåra lågt med eit snitt på 3,0. Dei har likevel hatt ei auke i

tilfredsheit samanlikna med undersøkinga i 2022. Dette kan ha samanheng med at deler av uteområdet vart oppgradert våren 2023. Når det gjeld barnehagen sine lokaler, er snittet i landet, fylket og Sveio kommune på 4,1. Førde barnehage har eit snitt på 3,2 mens Sveio barnehage har eit snitt på 2,9. Sveio barnehage skårer betydelig lågare enn landsnittet i tilfredshet med barnehagen sine lokaler. Også av den grunn er det eit viktig tiltak å sikre framgang i bygging av ny Sveio barnehage.

Fleire barn har barnehageplass i våre nabokommunar. Utgiftene til dette auke årleg. Kostnad for plassane er nasjonal tilskotssats på 274.600 for små barn og 141.800 i 2023.

Kvalitet i det ordinære barnehagetilbodet og andel barn med spesialpedagogisk hjelp

Førde- og Sveio barnehagar gjennomfører foreldrebrukar undersøking kvart barnehageår. For 2023 syner denne at det er ei utfordring knytt til relasjon barn og vaksne når det gjeld stabilitet i personalgruppene. Begge barnehagane får betydelig lågare snitt på spørsmål om bemanningstettleiken og om talet på barn per vaksen i barnehagen er tilfredsstillande. Her har Førde snitt på 3,0 mens Sveio barnehage får eit snitt på 2,3. Det er ein indikasjon på at dei føresette ikkje opplever bemanninga som tilfredsstillande.

Å sikra eit ordinært barnehagetilbod av høg kvalitet er eit viktig grep for god inkludering og deltaking. Det vil likevel vere barn som har trong for spesialpedagogisk hjelp. I Norge var det i 2022 3,6% av barn i barnehage som hadde vedtak om dette. I Sveio var talet 6% samla sett. Om ein ser på årskulla, hadde omlag 12% av førskulekullet vedtak om hjelp. Det er eit %-tal som er høgare enn landsnittet. Om lag 9 av 10 barn med vedtak i Sveio, er gutar. Barn med vedtak om spesialpedagogisk hjelp har og vesentleg større omfang av timetal enn resten av landet. Ein jobbar systematisk med å auke inkludering og tilrettelegging i det ordinære barnehagetilbodet, slik at vi er sams med landsnittet. Ved å bygge ny Sveio barnehage vil ein kunne bygge ned barrierar og ha ei betre tilrettelegging for barn med utfordringar, og ein kan sjå ressursane i samanheng.

Digitale verktøy

Sveio kommune har ikkje avsett ressursar til at barnehagane systematisk tar i bruk digitale verktøy til pedagogiske formål. Forskrift til lova, Rammeplan for barnehagens innhald gjer klart at digital praksis i barnehagen skal bidra til barnas lek, kreativitet og læring samstundes som digitale verktøy ikkje skal dominere som arbeidsmåte.

Utfordringar

- Rehabiliterer barnehagen etter behov
- Lågare foreldrebetaling fører til redusert inntekt for barnehagane. Samstundes må kommunen finansiere same pedagog- og bemanningsnorm som før. Oppvekst barnehage er i nokon grad kompensert for dette, men med variasjon barnetal i løpet av barnehageåret vil dette kunne bli ei utfordring.
- Rekruttera, behalda og skapa gode arbeidsplassar for dei tilsette
- Redusera sjukefråvær og auka jobbnærvær
- Vurdera auka tal læreplassar
- Skifta ut/kjøpe nytt pedagogisk materiell, utstyr og inventar
- Sikra barnehagar med høg pedagogisk kvalitet jf. Mål sett i kvalitetsutviklingsplanen
- Vurdera ressursar til bruk av pedagogiske digitale verktøy

Rammeområde skule

Gode oppvekstvilkår, -skule

Sveio kommune skal leggja til rette for gode oppvekstmiljø med moglegheit for utvikling og opplæring for alle. For fyrste gang sidan 1998 er det vedteke ein ny opplæringslov. Den trådde i kraft den 1.august 2024. Opplæringslova med forskrifter sett rammer for opplæringa, og er sentral for å sikra at barn, ungdom og vaksne får ei god opplæring i eit godt miljø (ny lov § 1-1). At alle møtast og får den same opplæringa, skal bidra til eit samfunn med høg tillit, sosial mobilitet og små ulikheiter.

«Opplæringen skal danne hele mennesket og gi hver og en mulighet til å utvikle sine evner. Danning skjer når elevene får kunnskap om og innsikt i natur og miljø, språk og historie, samfunn og arbeidsliv, kunst og kultur, og religion og livssyn.» (Læreplanverket).

Elevane skal møte trygge tilsette som tar ansvar for gode relasjonar i eit fellesskap kor dei blir lytta til og kan medverka i eigen kvardag. Skular med støttande, inkluderande læringsmiljø og høg kvalitet på læringsarbeidet er viktige verkemiddel for å gi eit godt fundament for seinare utdanning og elles i arbeidslivet. Nasjonale føringar og strategiar om kompetanseutvikling og dei lokale planane for skulane dannar grunnlaget for korleis det skal bli arbeid med kompetanse- og kvalitetsutvikling. Det er såleis viktig at ein finn balansen mellom sentralt fastsette satsingsområder på eit strategisk nivå og lokalt initiert utviklingsarbeid. Det lokale utviklingsarbeidet skal ha som utgangspunkt identifiserte behov for utvikling ved den einskilde skule. Kompetansehevinga skal vere skulebasert. Ein av strategiane i kommuneplanen sin samfunnsdel er å ha sams fokus på opplæring i grunnleggande dugleikar gjennom heile skuleløpet frå 1. til 10. trinn. For å nå dei prioriterte sams satsingsområda må dei tilsette vere proaktive, gi retning og vere støttande. Satsingsområda er språk, lesing og skrivning, Inkluderande barnehage- og skulemiljø, overgangen mellom barnehage og skule og implementering av læreplanverket.

Tenester og oppgåver

Då lova blei handsama i Stortinget presiserte Kunnskapsdepartementet at lova er det sentrale rettslege rammeverket for at skulen skal lykkas med det viktige samfunnsoppdraget sitt, og at kommunane er ansvarlege for at loven bli følgt. Grunnlaget for korleis kommunen følger opp den skulefaglege kompetansen og kvalitetsutviklinga finn ein i fjerde del kapittel 17 §17.12 i opplæringslova og §25-1 i kommunelova om internkontroll i kommunen.

Tenesteområdet består av fire ordinære skular, eit oppvekstsenter og vaksenopplæring. Skuleåret 2024/2025 er det rekna omlag 769 elevar i dei kommunale grunnskulane i Sveio. Det er 19 elevar færre enn førige år. I tillegg er det omlag 30 elevar busett i Sveio som går på private skular i nabokommunane. Per 26.august er det 194 elevar i skulefritidsordning i skulane. Forskrifta for SFO presiserer og utdjuar verdigrunnlaget som bygger på grunnleggande verdiar som også gjeld for barnehage og grunnopplæring. Det skal bli lagt til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar. Kultursenteret på Vigdartun som er i tilknytning til Sveio skule samarbeida med skulane og SFO. Kultursenteret er ein levande «dagleghall» og ein møtestad for alle aldersgrupper. Vaksenopplæring ved Førde skule arbeidar etter introduksjonslova og opplæringslova.

Det administrative skuleeigarnivå skal følgje opp læringsmiljø og læringsresultat i skulane gjennom lokale og nasjonale styringssystem. Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS), ulike universitet- og høgskulemiljø, PP-tenesta og nasjonale kompetansesentra er viktige samarbeidspartar i kompetanseutvikling for dei tilsette i skulane. FOS er administrert frå Sveio kommune og kommunen har og leiarfunksjon i styringsgruppa også kommande skuleår.

Samordning av Lokale rus- og kriminalitetsforebyggande tiltak, SLT, er organisert i oppvekst. Det er jamlege møter i politirådet i kommunen og det er etablert ungdommens politiråd med ungdomsrådet som og blir leia av SLT-koordinator. Tilskot til ungdomslos blir nytta til å styrkja ungdomane si tilknytning til skulen. Føremålet er å betra ungdomane sine skuleprestasjonar og oppleving av meistring, for å redusera fråfall og auka gjennomføringsevne i vidaregåande opplæring. Både SLT-koordinator og ungdomslos arbeidar med MOT i Sveio skule. Stillingane er

viktige i ungdomsarbeidet, og skal saman med nyttilsett rådgjevar (40%st) arbeida meir med skulefråvær, alternativ opplæring på skulearena og fullføringsreforma.

Mål for eininga for å bidra til å realisera dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen

Å byrja på skulen er ei stor hending i alle barn sine liv. Ein god samanheng mellom barnehage og skule skal bidra til at opplæringa tilpassast det enkelte barnet allereie frå fyrste skuledag.

Det blir utført svært mykje godt arbeid i grunnskulen i Sveio kommune, og mykje av føringane i den gamle opplæringslova blir vidareført. Endringar i den nye lova, kort under:

Rett til å fullføre <ul style="list-style-type: none">• utvida rett til vidaregåande opplæring• utvida rett til omval• rett til yrkesfagleg rekvalifisering• overgang mellom ungdomsskole og vidaregåande skole og overgangstilbod• rett til påbygging• rett til rådgiving for dei som har læretid i bedrift• utviding av målgruppa for oppfølgingstenesta	Medverknad <ul style="list-style-type: none">• lovfesting av det beste for eleven• lovfesting av retten til medverknad• skoledemokrati	Språk <ul style="list-style-type: none">• rett til opplæring i samisk• rett til opplæring i kvensk/finsk• utvida rett til opplæring i eiga skriftspråkgruppe• rett til opplæring i norsk teiknspråk for elevar som bruker tolk i ordinære vidaregåande skolar	Andre endringar <ul style="list-style-type: none">• forbod mot forkynning• samarbeidsorgan for lærebedrifter (opplæringskontor)• kompetanse til å gi individuelt tilrettelagd opplæring• fleire merknader på politiattest og utviding til leirskole• tilgang på vikarar ved fråvær• melde frå til kommunen eller fylkeskommunen i skolemiljøsaker
	Fråvær <ul style="list-style-type: none">• plikt til å følgje opp fråvær		
	Særskilt for vaksne <ul style="list-style-type: none">• førebuande opplæring og vidaregåande opplæring for vaksne	Opplæring <ul style="list-style-type: none">• fleksibilitet i fag- og timefordelinga• tilsyn med privat grunnskoleopplæring i heimen• fjernundervisning	

Skulane våre skal sørge for at alle elevane får eit godt læringsutbyte, og elevane skal ha god trivsel og vere trygge. Inkluderande opplæring blir presentert som eit prinsipp for opplæringa og skulane sin praksis i overordna del av Kunnskapsløftet. Skulane våre skal syta for at elevane opplev medverknad, personleg utvikling og meistring. I arbeidet med å inkludera fleire elevar i den ordinære opplæringa er PP-tenesta ein viktig bidragsytar og samarbeidspartnar. Som eit ledd i arbeidet med tidleg innsats er det lagt opp til organisering av to-lærer i basisfaga. Sveio kommune skal alltid ha høg nok lærartettleik til å stetta krava i den nasjonale lærarnorma. Mest 100% av undervisninga skuleåret 2023/2024 blir gjeven av tilsette med godkjend pedagogisk utdanning. Kommunen har lærarar med høg kompetanse kor fleire fortsett følger vidareutdanningsprogrammet *Kompetanse for kvalitet*. I byrjaropplæringa har kommunen vald å tilsetta fleire barnehagelærarar saman med lærar i 1. og 2.trinn. Tverrfagleg kompetanse eit grep for å nå mål om inkludering og tidleg innsats.

Skulekvardagen handlar om å gje elevane moglegheit til å læra gjennom å utforska, skapa, samarbeida og vera kritiske. Skuleområdet har søkt om og fått tildelt tilskot til utstyr som kan styrka den praktiske sida av dei praktisk estetiske faga og som kan vere eit bidrag i ei meir praktisk, variert og relevant opplæring i andre fag. Vi må arbeide med skulenærvær og investere i ein læringsarena som fremjar praktisk og variert læring, fysisk aktivitet og vidareutvikle samarbeid om utstyr og læringsarenaer mellom grunnskulen og vidaregåande skular, næringsliv og relevante organisasjonar.

Digitale dømmekraft er ein viktig føresetnad ikkje berre for læring, men også for aktiv deltaking i arbeidslivet og forståing for rolla teknologi har i samfunnet.

Skulane skal nytte dei nasjonale satsingsområda aktivt for å oppnå måla og følgja opp *Kvalitetsplan for barnehage og skule*. Dei tilsette skal arbeide for ein kultur med rutinar om jamleg vurdering for å sørge for at eigen praksis medverkar til å nå mål sett i lovverk og dei nasjonale- og lokale føringane. Vurderingane dannar grunnlag for den skulebaserte kompetanseutviklinga og utvikling av gode profesjonelle fellesskap.

Klimatrusselen – klima, miljø og energi

Mål:

- Dei tilsette og elevane er miljøbevisste

Tiltak:

- Skulane arbeidar aktivt med tema skildra i læreplanverket
- Gå, sykle og kjøre nullutslippsbiler til skule og jobb når det er høve til det
- Miljøfyrtårnsertifisering av skulane i tråd med framdriftsplan

Folkehelseperspektivet – det skal vera godt å bu og arbeida i Sveio

Mål:

- Barn og unge har gode oppvekstvilkår slik at dei meistrar utfordringane dei møter i livet
- Tilstandsrapporten viser at elevane har gode ferdigheiter i grunnleggjande dugleikar
- Resultat i arbeidsmiljøundersøkinga viser trivnad for dei tilsette

Tiltak:

- Skulane og skuleeigar skal samarbeide om lokale utviklingstiltak og kompetanseheving for tilsette.
- Deltaking i dei ulike kompetanseordningane, og skulane sine utviklingsplanane viser tiltak for god kvalitet i undervisninga, læringsutbytte og at det blir arbeida forskingsbasert
- Skulane skal arbeida systematisk med inkludering og forhindra mobbing, krenking og fråfall
- Skulane arbeidar aktivt med alternativ opplæring i eiga eining og nyttar Ungt Entreprenørskap (UE)
- Kompetansehevinga for skuleleiane om leiing av endrings- og utviklingsarbeid blir vidareført i pedagogiske utviklingsgrupper (PUG)
- "Lærerløftet - på lag med kunnskapsskolen" (2014), oppfylle kompetansekrava innan 2025
- Implementere *Kvalitetsplan for SFO* i tråd med ny forskrift til opplæringslova om rammeplan for SFO
- Internkontrollsystemet og rutinar reviderast i tråd med, og bidrar til at krav i regelverksetterleving
- Betra trygge skulevegar i samarbeid med andre einingar
- Plan for førebyggjande arbeid i kommunen i tråd med oppvekstreforma og BTI ferdigstillas
- Arbeid med revidering av *Kvalitetsutviklingsplan for barnehage og skule* blir starta på
- Plan for skulebibliotek ligg føre saman med NY Språk, lese og skriveplan
 - kompetansen om språk og lesing hos dei tilsette auka
- Skulane arbeider systematisk med jobbnærvær

Den digitale kommunen – ein kommune i tida

Mål:

- Skulane har ein jamn og kvardagsleg bruk av digitale verktøy som fremjar læringa til elevane

Tiltak:

- Elevane får tilgang til læremiddel i samsvar med læreplanverk

- 1:1 dekning av chroomebooks for elevar på 4.-10.trinn, og klassesett for 1., 2. og 3. trinn
- Kursrekke for lærarar knytt til digital dugleik og sentral/lokal ikt-strategi

Samfunnstryggleik og beredskap, - ein trygg kommune

Mål:

- Dei tilsette i skulane er kjent med rutinar/system knytt til miljøretta helsevern og beredskap

Tiltak

- Skuleeigar har oppdaterte og synlege internkontroll rutinar og retningslinjer

Utfordringar og tiltak

Barnepopulasjonen i Sveio, -skule.

Barn i barneskulealder i Sveio kommune vil bli færre dei komande åra. Om vi summerer tala barne- og ungdomspopulasjonen 1-15 år, som får sitt barnehage- og skuletilbod av kommunen, er reduksjonen tilsvarande ein nedgang på 19 %. Det kommunale inntektssystemet gjev høgare tilskot til ibuarar i barnehage- og grunnskulealder enn til ibuarar i vidaregåande skulealder, sidan vidaregåande opplæring er eit fylkeskommunalt ansvar. Dette få stor innverknad på kommunen sine økonomiske ressursar til finansiering av tilbod til denne aldersgruppa.

Skulebudsjettet er stramt. Det er utfordrande å auke kvaliteten på opplæringa samstundes som driftsutgiftene per elev er lågare enn snittet og andre kommunar vi samanliknar oss med. Av 769 elevar i grunnskulen er det 254 elevar på 8-10 trinn. Prognosen er at tal elevar på ungdomstrinna vil halde seg lik dei kommande to skuleåra, noko som vil medføre ein meirutgift.

Tilstandsrapporten for skule viser at vi må halda trykket oppe med omsyn til lese- og reknedugleik målt ved nasjonale prøvar i 5. og 8. klasse. Kommunen har satt i gang arbeid med å revidera *Språk, lese og skriveplan* for Sveioskulen. Revisjon blir sett i samheng med ressursane frå prosjekt i Folke- og skulebibliote #leselyst og #lesing for dei minste. Kommunen har motteke i overkant av 1 000 000 kroner dei to siste åra til prosjekta. Midla skal nyttast til personalressursar, kompetanseheving, lesestimulering og formidling. Skulane skal etter forskrift ha tilgang på skulebibliotek.

Kommunen vil sikra kvalitet- og utviklingsarbeidet i alle skulane (§17-12), mellom anna med å vidareføre tiltaket “kvalitetssamtalar” og skulebasert kompetanseutvikling i dei pedagogiske utviklingsgruppene (PUG) for den einskilde skule. Arbeid med lesing for dei minste vil og vere ei satsing for betre resultat i skulen. Området må setje av ressursar til prosess og dokumentasjon for å sikra regelverksetterleving “heilt ute” saman med oppdatering av rutinane og sakshandsaming. Det same vil gjelde området som blir følgt opp av Arbeidstilsynet om lærarane sitt arbeidsmiljø og oppfølging av arbeid med førebygging, handtering og oppfølging av vald og truslar i skulen. *Arbeidsmiljølova* krev at skulen har eit system for førebygging, oppfølging og registrering av vald og truslar. *Arbeidstakar skal, så langt det er mogleg vere verna mot vald og truslar. Forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemder (Internkontrollforskriften) §5 fastset også krav om risikovurdering, samt at det skal bli utarbeidd tilhøyrande planar og tiltak for å redusere risikohøve mm.* Arbeidet har starta våren 2024 og for å sikra medverknad er fagforeining og hovudverneombodet med i prosessen kor målet er å revidere og heve kompetansen kring etterleving av den kommunale rutinen som har vore gjeldande sidan 2011. Innan nemnde områder følger krav om kompetanseheving noko som og vil gjelda kompetanse og administrasjon kring endringane i opplæringslova.

Læreplanverket stiller krav om digitalisering som eige kompetansemål. Det pedagogiske opplegget i undervisninga er avhengig av at ein kombinerer digitale- og analoge undervisningsmetodar. Digitale

verktøy kan og vera eit strategisk verkemiddel for å få ei betre tilpassa, variert og praktisk opplæring for elevane. Det er årleg ei prioritering å sette av ekstra midlar for innkjøp og drift av digitale og analoge læremiddel i samsvar med læreplanverket.

Eit utviklingsområde for skulane er mål om eit inkluderande læringsmiljø for alle. Til liks med resten av landet har vi utfordringar med omsyn til mobbeproblematikk på mellomtrinnet. Satsinga må følgjast systematisk opp. Teikn på god måloppnåing er mellom anna at elevundersøkinga viser at det er høg trivsel og låge mobbetal ved skulane. Skulane må tydeleggjere fokus på relasjonsarbeid, og dei tilsette må vere autoritative vaksne.

Det skal vera trygt og godt for barn og unge å veksa opp i Sveio kommune. Etter mange år med positiv utvikling med omsyn til åtferd og rusbruk i tenåringsgruppa, har vi dei seinare åra opplevd aukande utfordringar. Fleire elevar har utfordringar med sosial tilpassing og psykiske plagar, og mange har vanskeleg for å tilpassa seg skulekvardagen og slit med høgt skulefråvær. På landsbasis får i gjennomsnitt 5,14 prosent av elevane på 1.-4. trinn spesialundervisning. Tal elevar med spesialundervisning er vesentleg høgare på 10. trinn enn på 1. trinn. Elevar i småskulen i Sveio som fekk spesialundervisning i 2023, er 6,11 prosent, mot 5,58 prosent i 2022. På 5.-7. trinn får 10,12 prosent av elevane i Sveio spesialundervisning, mot 9,41 prosent i gjennomsnitt for heile landet. På ungdomsskulen får 12,06 prosent av elevane på 8.-10. trinn i Sveio spesialundervisning. Snittet for landet er på 10,22 prosent.

Eit mål med inkludering og tidleg innsats er å innlemma fleire elevar i den ordinære undervisninga. Kommunen vil vidareutvikla samarbeidet med PPT gjennom kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Det er ei utfordring å finne uavhengige ressursar nytta til rettleiing og systemarbeid, og å prioritere områder innan tema med berre 40% rådgjevarstilling som er knytt til ungdomskulen til arbeid med skulenærvær og alternativ undervisning i første omgang. Rettleiing vil ikkje alltid vere nok for å unngå skulefråvær. Det er eit aukande tal elevar med større vanskar og i periodar er skulane nøydt til å sette inn ekstra tilsette, og det kan vere utfordrande å halde seg innanfor tildelte rammer.

Sveio kommune har interkommunal pedagogisk/psykologisk teneste (PPT) i lag med Haugesund og Utsira kommune. Tverrfagleg samarbeid mellom tenester er ein nøkkelfaktor for å kunne gi god oppfølging og riktig hjelp til dei som har behov for det. Det er ikkje tilført kommunane ekstra ressursar til arbeid med oppvekstreforma og det kan bli utfordrande å finna ressursar til nye tiltak.

Stillinga som oppfølgings- og losfunksjonar for ungdom gjeld for kommande skuleår. Prosjektet Hallo! Adjø! om overgang barnehage skule vidareførast i samarbeid med HVL. Kommunen har motteke tilskot frå Bufdir til å heva kompetansen innan foreldrerettleiingsprogram. Tiltaket blir gjort gjeldande i plan for førebyggjande arbeid. Arbeid med oppvekstreforma visar at kommunen må arbeida meir systematisk med foreldrerettleiing og betre tverrfagleg innsats (BTI). Kommunen må sørge for at tenestene er ennå tettare på for å følge opp barn og unge i som står i fare for å mista store deler av skulegang og tilhøyrsløst i positiv gruppe av jamaldringar. Det er ei felles utfordring for kommunen når unge fell ut av opplærings- og utdanningsløpet. Når BTI-tenkinga gjennomsyrrer heile verksemda, vil det i seg sjølv hjelpa til med å sikra tidleg intervensjon og samordna førebygging. Dei er ei utfordring at tilskot til prosjekter ikkje er fullt ut finansiert.

Utgifter til skuleplassar i andre kommunar er ein kostnadar som har samanheng med vala til føresette om å nytta privatskular i opplæringa for barna sine, og barnevernstiltak. Skuleåret 24/25 har vi 12 elevar med spesialundervisning som går på skular i andre kommunar. I motsetning har vi totalt 7 gjesteelevar hos oss, kor 2 av dei har spesialundervisning. Det blir dermed ein høgare kostand ut enn vi får refundert.

Rammeplan for SFO har fleire nye krav til arbeide med kvalitet og implementering. Det ikkje funne rom til å auka SFO administrasjon, eller ressursar til planleggingsarbeid. Skuleåret 2024-2025 er det innført 12 timar gratis kjernetid for elevar på 1., 2. og 3.trinn. SFO skal vere sjølvfinansiert. Skulane får tildelt ekstra ramme for å dekke leing, friplassar, ressursar til barn med spesielle behov, og for å dekke utgifter til gratis kjernetid.


Lange og trafikkfarlege skuleveggar gjer at 441 elvar har rett på fri skuleskyss. Utgifter til skyss tar ein stor del av budsjettet og er aukande sjølv om elevtalet går ned.

Vaksenopplæring ved Førde skule er blitt gitt oppgåver når Sveio kommune har vedteke å ta sin del av ansvaret for busetjing og integrering av flyktingane frå Ukraina. Krigen har ført til ei auke i elevtalet, og fleire av deltakarane har trong for særskild oppfølging. Førde vaksenopplæring må i einstilte saker kjøpe plassar av Breidablik læringsssenter i Haugesund kommune. Det er viktig med rett ressursbruk for å sikra god integrering og førebyggja utanforskap. Varierande tal på deltakarar og ulike behov gir utfordringar i høve lærartettleik ved skulen, og det er ei utfordring å berekne refusjonar/tilskot frå staten.

Tilbodet til ungdom vil krevja meir ressursar dei neste åra. 5% av ungdommane i ungdomsundersøkinga svarte at dei mangla pengar til å betale for fritidsaktivitetar dei ønsker å delta i. Det er sær viktig at skule held høgt gratisprinsippet og i samarbeid med FAU for å inkludere og leggja tilrette for at aktivitetar blir gratis for alle.

Skulane har hatt ei auke i sjukefråvær. Vi ligg nå samla sett på 8,3%. Målsettinga for kommunen er 6,5 %. Det er og har vore sær utfordrande å finna vikarar til arbeid i skulen dei siste åra. Sjukefråværet er heilt avgjerande for stabiliteten i opplæringa.

Sveio kommune er framleis ein aktiv deltakar i interkommunalt samarbeid på båe sider av fylkesgrensa. Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) omfattar kommunane Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord og Sveio. FOS har eige sekretariat som er lokalisert i Sveio kommune. Haugalandet skole/arbeidsliv (HSA) omfattar kommunane Bokn, Etne, Haugesund, Karmøy, Sveio, Tysvær, Utsira og Vindafjord. HSA har dagleg leiar som er tilsett i Haugaland Vekst, og Sveio kommune har for tida leiaren i styringsgruppa.



Rammeområde pleie og omsorg

Tenester og oppgåver i avdelinga

Pleie og omsorg er eining beståande av Sveio omsorgssenter og Heimetenesta. Eigenbetaling for opphald og andre tenester i pleie og omsorg ligg til eininga, samt å gi medisinsk- og sjukepleiefagleg hjelp til pasientgrupper med ulike behov på Omsorgssenteret og i heimen. Eininga gir rehabiliteringstilbod til pasientar etter brot, slagtilfelle, hjartesyjukdom m.m., samt palliativ (lindrande) behandling i livet sin slutfase i institusjon og/eller i heimen. Det vert lagt til rette for livskvalitet og aktivitet for langtidspasientar, med høve til individuelle val og privatliv. Eininga organiserer ombringning av varm middag til heimebuande samt yt sjukepleie og praktisk bistand til heimebuande med ulik alder og behov. Eininga har og BPA (brukarstyrt personleg assistent), omsorgsløn og fokus på Velferdsteknologi. Dagsenter for eldre ligg og til eininga.

Mål for eininga for å bidra til å realisera dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen (s.46-55 i samfunnsdelen til kommuneplanen 2020-2032)

Grunnleggjande verdi for eininga er å ha respekt for det einskilde menneske. Brukarane skal kunne bu lengst mogleg heime på ein trygg og god måte. Heimetenestene skal ytast på ein slik måte at brukaren opprettheld, eller betrar funksjonsnivå så langt som mogleg. Før varige hjelpetak vert etablert skal tilrettelegging av bustad, velferdsteknologi o.l vere prøvd eller vurdert. Brukarmedverknad, eigenomsorg og aktivitet vert vektlagt i eininga. Alt samarbeid med pårørande skal vera dynamisk og respektfullt. Tverrfagleg samarbeid med fysio/ergo tenesta og Tenestekontoret for å finne gode løysingar for den einskilde brukar sitt behov har fokus. Kvalitetssikring av tenestetilbodet skal vera ein kontinuerleg prosess. Eininga skal auke jobbnærvær/ redusere fråvær ved fokus på tilrettelegging og moglegheiter i staden for avgrensing.

Planlagde tiltak for å realisera måla samfunnsdelen til kommuneplanen

Tenesta vil gjennomføre planlagde samtalar minimum 1 gong pr.år med brukarar og pårørande i langtidsavdelingane. Det vil bli lagt til rette for arbeidet slik at seniorar kan fortsette i arbeid til pensjonsalder, samt at gravide arbeidstakarar kan stå i jobb under svangerskapet.

Brukarane skal kunne bu lenger heime, ved bruk av avlastning- og vekselsopphald og dagsenter. Praktisk bistand er frå 2024 utvida med Eldrevaktmester for å gi heimebuande tilbod om praktiske tenester. Nytt sjukesenganlegg Sveio omsorgssenter vil vera med å betre tenesta som vert gitt.

Rekruttering av fagpersonell blir ein utfordring for einingane og ein må ha fokus på å vere ein attraktiv arbeidsgivar. PLO er no blitt ei eining og det er eit mål å kunne yte meir heilskaplege tenester. Ein vil sjå på oppgåvedeling mellom faggruppene for å kunne nytte ressursane samla til PLO på ein best mogleg måte. Eininga har faste samarbeidsmøte med verneombod og tillitsvalte med fokus på drift, HMS og sjukefråværs arbeid. Fellesskap og meistring - Bu trygt heime reforma er ein vidareføring av Leve heile livet. Dei 4 innsatsområda er; levande lokalsamfunn, bustadtilpassing og –planlegging, kompetente og myndiggjorte medarbeidarar, tryggleik for brukarar og støtte til pårørande.

Utfordringar

Komplekse behandlingsoppgåver gjer at det er fagleg meir spenn i arbeidsoppgåvene tilsette utfører no enn før. Helseføretaka sett i gang komplekse behandlingar som forventast å ivareta ut i kommunane. Med auka fokus på at brukarar skal kunne bu lengre i eigen heim, gir dette auka behov for kapasitet og kompetanse i heimetenesta.

Kompetansebygging, rekruttering samt å behalde tilsette vil krevje mykje av eininga for å kunne bygge opp, og oppretthalde tenestekvalitet. Fokus på at kompetansen er på rett stad vil krevje at ein har prosess med tillitsvalte og verneombod for å kunne oppretthalde gode tenester. Utfordringa for eininga er at personar med demens skal kunne bu lengst mogleg heime med eit forsvarleg tenestetilbod. Det er ein auke i tal på unge personar med demens som har raskare forverring i

sjukdomsforløp. Dette er vanskelegare å ivareta i heimen og medfører tidlegare behov for langtids plass.

Å implementere velferdsteknologi som teneste og verktøy for de tilsette vil ha fokus og er ressurskrevjande. Heimetenesta har implementert nye medisin dispenserar. Tenesta skal legge til rette for forsvarleg drift knytt til brukarar som krev ekstra bemanning grunna store åtferdsproblem og fare for utagering. Pasientane på institusjon krev tettare oppfølging, som følgje av at dei er sjukare og har større/anna hjelpebehov enn før. Med bemanningsfaktoren som er i dag, gjer dette at det vert vanskeleg å fortsetje med same drift som tidlegare. Tiltak etter arbeidet med Stortingsmelding 15 «Leve hele livet» er Hukommelses-team og Helsestasjon for seniorar for å jobbe meir førebyggjande og fange tidlegare opp framtidige brukarar. Tenesta møter eit aukande behov for aktivitet hjå heimebuande eldre i dagsenteret. Tiltaket er viktig for at pårørande skal klare å behalde sine nære heime, og er ein viktig avlastning i krevjande omsorgssituasjon.



Helse og rehabilitering

Tenester og oppgaver i avdelinga

Helse- og rehabilitering gir følgjande tenester: Helsestasjon, skulehelse, jordmor, fastlegeordning, kommuneoverlege (bl.a. smittevern og miljø retta helsevern), tilsynslege sjukeheim, legevakt, psykisk helse, butiltak for vanskelegstilte, rusarbeid, fysio/ergoterapi, hjelpemiddel.

Mål for eininga for å bidra til å realisera dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen (s.46-55 i samfunnsdelen til kommuneplanen 2020-2032)

Eininga skal bidra til at innbyggjarane kan ta gode og kvalifiserte val i høve eiga helse, bl.a. gjennom informasjon, utgreiing og behandlingstiltak. Eininga skal ha ein sterk framskriden bevisstheit i høve miljø, når det gjeld innkjøp og køyring i jobbsamheng.

Eininga skal vera med og oppretthalda og forsøka styrka/utvikla dei helsemessige beredskapsfunksjonane som eininga allereie er deltakande i, og har ansvar for.

Eininga skal ta i bruk nye digitale verktøy i høve behandling, og også leggja til rette for meir bruk av digitale verktøy i møteverksemd med både interne og eksterne samarbeidspartar, samt i møte med brukarar/pasientar. Tenestene skal utviklast i takt med dei demografiske endringane. Det skal vere fokus på koordinering samt god og fagleg tilgjengeleg hjelp prega av samarbeid og respekt. Førebygging er sentralt i eininga, der tidleg hjelp og tett oppfølging i tidleg fase er sentralt. Eininga har fokus på samhandling med brukar og samarbeidspartar samt vere brukarvennlege. God legedekning skal sikrast.

Foreldrerolla skal styrkast, og vaksinasjonsdekning skal oppretthaldast. Det skal vere kontinuerleg fokus på fagleg utvikling.

SVEIO HELSESTASJON

Tenester og oppgaver i avdelinga

Helsestasjonane og skulehelsetenesta i Sveio skal arbeide helsefremjande og primærførebyggjande blant familiar med barn og unge. Dette blir gjort i form av generelle og målretta undersøkingar, vaksinasjonar, heimebesøk, samtaler og rådgiving individuelt og i grupper. Dei gravide skal ha tilbod om oppfølging i svangerskapet av jordmor. Helsesjukepleiartenesta har oppgaver på brei front med å fremje ei god folkehelse for innbyggjarane i kommunen. Det vert arbeidd tverrfagleg m.a. ansvarsgrupper for å sikre gode og koordinerte tenester til brukaren.

Planlagde tiltak for å realisera måla i samfunnsdelen til kommuneplanen

Gjennomføring av lovfesta helsekontrollar og vaksinasjon til alle sped-, småbarn og skuleelevar i Sveio er ei prioritert oppgave. Helsestasjonen vil gi råd/rettleiing og ekstra oppfølging til dei brukarane som har behov for det. Jordmora vil halde fram med jordmorteneste til gravide og prevensjonsundervisning til elevane i 9. klasse.

Det vil bli arbeidd med å vidareutvikle foreldrerettleiings-gruppene.

I samarbeid med psykiatrisk sjukepleiar vil ein drive vidare samtalegrupper i skulen.

Sveio helsestasjon vil vere ein sentral aktør i ein fortsatt tverrfagleg implementering av TIBIR (tidleg innsats barn i risiko) og BTI (Betre tverrfagleg innsats) samt arbeid med Oppvekstreforma.

Utfordringar

Oppretthalda og vidareutvikla tenestetilbodet i tråd med nasjonale føringar og lokale tilhøve, som bl.a. antal barn i førskule- og skulealder, flyktningsituasjon og utfordringar med å rekruttera kvalifisert fagpersonell. Bidra til at kommunen ivareteke sitt «sørge for»-ansvar for å samordna sitt tenestetilbod til barn og familiar (oppvekstreformen), gjennom vidare tett og godt samarbeid med bl.a. nettverk, oppvekstsektor og andre helseaktørar. Ein må og vere open for å drøfta og utgreia strukturelle og organisatoriske grep/endringar.

LEGEKONTORA , LEGEVAKT OG MILJØRETТА HELSEVERN

Tenester og oppgaver i avdelinga

Gjeld fastlegeteneste, legevakt, miljø retta helsevern, smittevernlege, skule- og helsestasjonslege, tilsynslege SOS, førebyggjande medisin og administrasjon.

Planlagde tiltak for å realisera måla i samfunnsdelen til kommuneplanen

Tenesta vil vidareutvikla struktur, innhald og samarbeid med andre for den kommunale legetenesta, samt optimalisere eigen organisering. Sveio kommune vil delta vidare i det interkommunale samarbeidet for å sikra ein god felles legevakt for regionen. Det vil bli arbeid med å utarbeide eit systematisk opplegg for miljøretta helsevern.

Utfordringar

Sveio kommune har det siste tiåret vore gode på rekruttering, slik at ein har hatt ei god fastlegedekning i kommunen og alltid hatt ledige plassar på den samla fastlegelista. Fastlegesituasjonen i nabokommunane har ført til auka press på fastlegelistene i Sveio, og ein har no ventelister på alle fastlegelister i kommunen. Det auka presset på fastlegelistene vil mest sannsynleg ikkje avta med det fyrste, og vil nok snarleg krevje konkrete tiltak. Pr. i dag vil det vere vanskeleg å finna gode løysingar på denne situasjonen med eksisterande bygningsmasse og ei spreiding av fastlegane på fleire mindre legekontor. Ei spreiding som allereie fører til at ein sårbarheit i tenesta og eit auka press på ressursane.

REHABILITERING

Tenester og oppgaver i avdelinga

Omhandlar tenester innan rus- og psykiatri (ROP) m/ butiltak, psykososialt kriseteam, fysio- og ergoterapiteneste og hjelpemiddellager samt Tenestekontor.

Planlagde tiltak for å realisera måla i samfunnsdelen til kommuneplanen

Tenesta skal sikra trygge butilhøve og meiningsfull kvardag for personar med psykiske vanskar/rus. Tenesta skal støtta heimebuande og deira pårørande slik at dei meistrar kvardagen. Informera om psykisk lidning – haldningsskapande og toleransefremjande arbeid.

Førebyggjande psykososialt helsearbeid i høve til skuleborn og born av psykisk sjuke er ei prioritering. Tenesta vil forbetra og/eller oppretthalda funksjonsnivået til det enkelte menneske i høve til egne ønske og behov uavhengig av alder og funksjonsnivå.

Tenesta skal formidla tekniske hjelpemiddel slik at brukarane i størst mogleg grad får hjelp etter behov. Psykisk helseteneste vil vere ein sentral aktør i ein fortsatt tverrfagleg implementering av TIBIR (tidleg innsats barn i risiko) og BTI (Betre tverrfagleg innsats).

Utfordringar

Bustadtilbod med tilstrekkeleg tilsyn og omsorg for personar med samansett psykisk livsproblematikk/kriminalitet/rus er ei stor utfordring. Korleis vera i stand til å skapa gode og trygge bumiljø står sentralt når ein opplev at dei einskilde brukarane har svært ulike behov.

Korleis førebyggja/handtera ei veksande gruppe barn og unge som slit psykisk har stort fokus. Noko som vil krevje ein enno meir straumlinjeforma teneste med stort fokus på effektivitet og ressursprioritering. Det er auka behov for rettleiing/støtte til barn/unge og deira familiar i vanskelege livssituasjonar, og psykisk helseteneste skal også vere med og bidra til ei samordning av kommunen sitt tenestetilbod til barn og familiar (oppvekstreformen).

Det er ei sentral oppgave å skaffe kompetanse i høve til rus/psykisk lidning.

Å kunna oppretthalda enkelte helsefremjande og sjukdomsførebyggjande frisklivstilbod i kommunen som, sjølv om ein ikkje har nokon Frisklivssentral vil vere eit mål.

Barnevern

Tenester og oppgaver i avdelinga

Tenesta har 600% stilling og til saman seks tilsette, i tillegg kjem avlastarar og oppdragstakarar som fosterforeldre, støttekontaktar, tilsynsførarar og rettleiarar. Tenesta har som oppgåve å gje barn som lever i omsorgssituasjonar som kan skade deira helse og utvikling, rett hjelp til rett tid. Tenesta har felles barnevernsvakt med Tysvær og Vindafjord/Etne kommunar. Tysvær er vertskommune for barnevernsvakta.

Mål for eininga for å bidra til å realisera dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen (s.46-55 i samfunnsdelen til kommuneplanen 2020-2032)

Barneverntenesta skal bidra til at Sveio er ein god stad å bu ved å:

- Gje barn og unge som har behov for det rett hjelp til rett tid.
- Bidra til at barn og familiar som treng hjelp får denne hjelpa i heimen så fremt det er forsvarleg.
- Arbeida for eit heilskapleg førebyggjande arbeid i kommunen ved å bidra til koordinert, stabil og samanhengande hjelp. BTI modellen er viktig i dette arbeidet.
- Delta i tverrfaglege team saman med skule, barnehage, kommunal psykisk helseteneste, PPT, SLT og helsestasjon.

Barneverntenesta skal bidra til trygge tenestar ved å :

- Tilstreba beste praksis ved å:
 - Halde fristar for sakshandsaming jf lov om barneverntenestar.
 - Gje barn, unge og føresette høve til medverknad og vera aktivt deltakande i eigen sak.
 - Involvera slekt og nettverk der det er mogleg.
 - Planlegga og evaluera tiltak som blir sett i gong for å følgje med om dei fungera etter føremål.
 - Dokumentera faglege vurderingar, evalueringar og avgjersler.
- Ha fokus på kompetanseheving i tråd med til ei kvar tid gjeldande standard/retningslinjer.
- Bidra aktivt med å dela den kompetansen som er i tenesta med andre relevante hjelpetenestar i kommunen.

Planlagde tiltak for å realisera måla samfunnsdelen til kommuneplanen

Tenesta vil regelmesseg gjennomgå interne rutinar for sakshandsaming og gjennomføra ROS analysar.

Tenesta vil aktivt jobba for at tenesta samt samarbeidande tenester jobbar etter BTI modellen. På denne måten leggja til rette for opne og etterrettelige tenester, samanhengande tenestetilbod og brukarmedverknad.

Tenesta vil forsette i prosjekt saman med fem andre barneverntenester (til saman ni kommunar) på Haugalandet. Vidare er prosjektsamarbeidet utvida i det som kallast « Stor Rogalandssamarbeidet» (+ Sveio). Her er dei fleste kommunane i Nord Rogaland representert. Tema for prosjektet er arbeid knytt til samvær etter fosterheimsplassering, tilsynsførararbeid og gjenforeining av barn og foreldre. Materiell som vert utarbeida i dette prosjektet skal prøvast ut i kommunane i løpet av 2025.

Vidare utvikling av TIBIR modellen ved at ein tilsette i tenesta er prosjektleiar for TIBIR implementeringa i kommunen. Det er gjort omprioritering av 60 % stilling til dette føremålet. Det vil arbeidast vidare med implementering av Oppvekstreforma.

Utfordringar

Det er stadig utfordrande å finna eigna fosterheimar til dei barna som har trong for slike tiltak. Å kunne tilby eit variert nok spekter av tiltak til familiar er og utfordrande. Svært komplekse saker er utfordrande å handtera i eit relativt lite fagmiljø. Små fagmiljø er ein risiko i seg sjølv. Å få kvalifisert personell vil vera ei utfordring framover i tid grunna arbeidsmarknaden.



Habilitering

Tenester og oppgåver i avdelinga

Eining Habilitering tilbyr tenester til born og vaksne ned psykisk utviklingshemma i Sveio kommune. Eininga gir heildøgns bustadtilbod til tolv brukarar og kommunal avlasting til ein brukar. Åtte innbyggjarar nyttar arbeidstilbod ved UNI-K og Podlen verkstad. Det vert og gjeve avlasting i privat heim i utvida omfang. Støttekontakt, privat avlasting og BPA er tenester som ligg innan for tenesteområdet sitt ansvar.

Fagteam Habilitering gir tenester til heimebuande barn, unge og vaksne. Kartlegging av behov, tilråding av aktuelle og nødvendige hjelpetiltak forutan rettleiing ovafor foreldre/føresette for aktuelle målgruppe vert utført. Målgruppa omfattar personar med ulik grad av funksjonssvikt med omsyn til kognitive evner og ressursar. Fagteamet arbeidar for å sikre tenestekvaliteten til heimebuande barn og ungdom. Det vert gjort mellom anna gjennom rettleiing til føresette. Støttekontaktar og privat avlasterar får og tilbod om rettleiing. Ei gruppe eldre heimebuande psykisk utviklingshemma har dagtilbod ein dag i veka.

Mål for eininga for å bidra til å realisera dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen (s.46-55 i samfunnsdelen til kommuneplanen 2020-2032)

Sveio kommune skal være ein god stad og bu for alle, det gjeldt og for innbyggjarane i kommunen som fell innunder ansvarsområdet Habilitering. Habilitering har i dag kommunale bustadar som ligger sentrumsnært, samt ei avdeling ved Straumøy gard for dei som har ynskt ein annan arena. Her er det no satt opp eit microhus, og utvida dermed tilbodet for ein brukar frå september 24. Aktivitetshus er i aktivt bruk. Målgruppa har no eit betre aktivitetstilbod på dagtid. Brukarane får auka livskvalitet gjennom ein meningsfull kvardag. For dei som får kommunal avlastning, er målet at føresette skal få nødvendig hjelp for å handtere kvardagen. Det er viktig at dei føresette føler seg trygge på at barna har det godt og kan trivast når dei bur heimanfrå. Fagteam Habilitering jobbar for at flest mogleg skal få bu heime lenger. Det er behov for rettleiing og oppfølging i eigen bustad utanfor foreldreheim, for innbyggjarar i kommunen med nedsett kognitiv funksjon. Sveio kommune har etablert barnekoordinator.

Velferdsteknologi kan bidra til auka tryggleik for den psykisk utviklingshemma. Tryggleiksalarmar vert nytta for at personalet skal ha best mogleg sikkerheit på arbeidsplass. Velferdsteknologi gir sjølvstende til heimebuande. Ved utbygging av nye bustadar som er under planlegging, må dette ha høgt fokus.

Eining Habilitering treng kvalifisert personale for å kunne drive fagleg forsvarleg. Vernepleiar er naudsynt, men er svært vanskeleg å rekruttera. Habilitering legg til rette med gode turnusordningar for å rekruttera arbeidstakarar med god kompetanse. Vernepleiarutdanning er ei prioritert utdanning, og som eininga legg til rette for at personalet skal kunne gjennomføra. Dette området må og prioriterast og framover.

Eining Habilitering har auka søknadsmengde med behov for kommunale tenester. Dette gjeld særskilt auka behov for privat avlasting, støttekontakt og miljøarbeidstenester til heimebuande. Barn med ADHD er og ei gruppe som har auka behov for tenester. Samordna og betre tilrettelagte bustadar er viktig for aktuell gruppe. Målgruppa leiger kommunal bustad ved eining Habilitering, der døgntilbod er tenester vert tilbydd.

Planlagde tiltak for å realisera måla samfunnsdelen til kommuneplanen

Tilbod ved aktivitetshus er eit svært positivt tilbod for dei som ikkje har moglegheit for å delta i ordinært eller tilrettelagt arbeid med krav om produksjon.

Når nye bustadar skal byggjast, er det viktig med høgt fokus på velferdsteknologi samt attraktive turnusordningar.

Eining Habilitering ynskjer å tilsette fleire vernepleiarar. Ved å tilby praksisplassar ynskjer ein å rekruttere ny-utdanna vernepleiarar til arbeid i Sveio kommune. Det er fortsatt svært vanskeleg å rekruttere kvalifisert personale til ledige stillingar i ordinære turnusar. Eininga har nå i større grad tatt i bruk langvaktsturnus, og har gode erfaringar med medlevarturnus. Bemanningssenter har gitt fleire fast tilsette ynskt stillingsprosent, samtidig som vikarbruk vert redusert. Dette vil ein halde fram med.

Fagteam Habilitering skal gjennom rettleiing og oppfølging, gi berørte familiar og andre heimebuande auka livskvalitet.

Utfordringar

Mindre refusjon frå staten for ressurskrevjande brukarar, enn det kommunen har hatt tidlegare, samt utvida behov for miljøteneste gir økonomiske utfordringar for eininga. Habilitering har ei stadig auke i søknadar om helse og omsorgstenester. Privat og kommunal avlasting og støttekontakt er områder som aukar særskild. Tenesta treng fleire faglærte innan helse- og omsorg. Rekruttering av vernepleiarar i miljøterapeutstillingar er utfordrande. Budsjettramma gir utfordring med å ivareta lovpålagte oppgåver.



NAV med flyktningavdeling

Tenester og oppgaver i avdelinga

NAV bidrar til sosial og økonomisk tryggleik, og fremjar overgang til arbeid og aktivitet. NAV er ansvarleg for introduksjonsprogrammet for flyktningar og kvalifiseringsprogrammet.

NAV gir tenester etter lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga, folketrygdloven, lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomne innvandrarakar og lov om utlendingar si adgang til riket og deira opphald her.

Mål for eininga for å bidra til å realisera dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen (s.46-55 i samfunnsdelen til kommuneplanen 2020-2032)

Samfunnsoppdraget fremjar god helse og livskvalitet. NAV vil auka sosial tryggleik og betra levekåra til vanskelegstilte i Sveio kommune. Eininga skal jobba for å redusera barnefattigdom og sørge for tidleg innsats for ungdom som står utan arbeid og utdanning. Dei neste åtte åra er det forventa færre yrkesaktive i befolkninga. Det er difor viktig at NAV bidrar til at så mange som mogleg får overgang til arbeid og aktivitet.

Planlagde tiltak for å realisera måla i samfunnsdelen til kommuneplanen

NAV skal fremja overgang til arbeid og aktivitet. Dei som treng mest hjelp skal få ein individuelt tilpassa plan og aktivitet. Prioriterte brukargrupper er ungdom, flyktningar og personar med nedsett arbeidsevne. Alle skal bli møtt med tillit og respekt. Dei skal bli forstått og medverka til at ein finn løysingar saman. Dei som treng fleire og samansette tenester, skal få heilskapelege løysingar som vert tilpassa livssituasjonen. Eininga har som mål å betra det tverrfaglege samarbeidet for sårbare barn og unge i kommunen. Prosjektet «Framtidsbasar for familien» er eit viktig bidrag for å nå målet.

Dei som får tett oppfølging, skal oppleve kontinuitet og forutsigbarhet i møtet med NAV. Eininga nyttar arbeidsflater som sikrar brukarmedverknad og gjennomføring av aktivitet og dialog. Arbeidsretta tiltak er for mange ein viktig aktivitet som kan fremma overgang til arbeid. Eininga skal sørge for effektivt tiltaksbruk. Eininga vil halde fram med og auke tiltaksbruk som har gitt gode resultat, som til dømes Menn i Helse og kvalifiseringsløp i bedrift. For å få det til, må eininga blant anna ha kunnskap om arbeidsmarknaden og tett kontakt med arbeidsgjevarar.

Eininga arbeidar kontinuerleg med forbetring, som til dømes «språkverkstadar». Dei skal bidra til at eininga kommuniserer på eit klart og korrekt språk. Eininga tar del i NAV sitt regionale utviklingsarbeidet. Det vil vonleg føra fram til fleire kvalifiseringsløp i bedrift, betre tryggleiksarbeid, meir systematisk arbeid med helse, miljø og tryggleik, utvikling av tilbod som kan aktivera arbeidskapasitet til personar med ei varig yting og tidleg og samtidig innsats for ungdom.

Utfordringar

Det er stor utanforskap i Sveio kommune. Det er for mange som ikkje er i arbeid og aktivitet. Eininga må sørge for å finna løysingar saman med dei som treng det mest. Det kan bety nye prioriteringar og arbeidsmetodar. Eit av tiltaka for å auke inkludering for barnefamiliar er inkluderingsmidlane som eit tiltak mot barnefattigdom som NAV forvaltar. Desse gis til barnefamiliar med dårleg økonomi for at barn og unge skal få delta på aktivitetar.

Eininga er avhengig av å auke og betra samarbeidet med andre, som til dømes private og offentlege aktørar innan helse, oppvekst, utdanning og næringsliv. Det er forventa at komande flyktningar vil ha eit større behov for kommunen sine tenester og kan bli vanskelegare å få sysselsett på bakgrunn av traume og helse. Kommunen har i den samanheng gått inn for eit inkluderingsprosjekt med fokus på å tilsette flyktningar i ordinære stillingar i kommunen for å auke sysselsettinga.

Det er truleg naudsynt at fleire tenker nytt om samarbeid som føre til auka overgang til arbeid og aktivitet. Framover må det til dømes sikrast rask bruk av ungdomsgarantien, meir kvalitet i den

arbeidsretta oppfølginga, betre integrering av flyktningar og auka tverrfagleg samarbeid for sårbare barn og unge.

Som følge av samarbeidsavtalen mellom NAV Vestland og Vestland fylkeskommune er det blitt eit meir strukturert og tettare samarbeid mellom NAV Sveio og rettleiingstenesta Vestland sør. Samarbeidet skal forebygge fråfall frå vidaregåande skule og auka gjennomføringa.

Kultur

Vigdartun kultursenter

Tenester og oppgåver i avdelinga

Satsing på kultur, idrett og frivillig arbeid er grunnleggjande for at innbyggjarane skal kunna leva eit aktivt og meiningsfullt liv i Sveio. Eit godt tilbod er ein føresetnad for busetnad og trivsel i kommunen. I Vigdartun kultursenter legg vi tilhøve til rette for aktivitet og oppleving. Eit fokusområde er å tilby gode oppvekstvilkår til dei unge samstundes som me gir tilbod til alle aldersgrupper. Kultur er også ein viktig premis for utvikling av folkehelse, reiseliv og turisme.

Vigdartun kultursenter inneheld kulturskule, folkebibliotek, ungdomsarbeid, ungdomsråd, Fartein Valen-arbeidet og administrasjon av bygget i fritidssonen. Til administrasjonen ligg generell kulturadministrasjon og sakshandsaming.

Sveio kommune skal leggja til rette for eit rikt kulturliv for innbyggjarane i samarbeid med anna offentleg og privat verksemd samt friviljuge lag og organisasjonar. I arbeidet skal det leggjast vekt på medverknad og involvering samt aktivitetar der profesjonelle kunstnarar åleine eller saman med lokale utøvarar bidreg i kulturprogrammet til kommunen.

Med kulturdel og idrettshall i Vigdartun, har idrett og kultur eit levande senter. Vi ser likevel framleis trong for eit meir reint kulturhus, der kulturskule, bibliotek, kor, korps og andre kulturaktivitetar kunne fått meir optimale tilhøve. Eit nyskapande aktivitetsanlegg vil kunne løyse mykje av dette.

Mål for eininga for å bidra til å realisera dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen

Folkehelseperspektivet.

I tråd med Sveio kommune sin visjon "Vilje til vekst og ein god stad å leva", må det leggjast til rette for at alle uansett alder og funksjonsnivå, kan vere fysisk aktive kvar dag nærast mogleg der dei bur.

Barn, unge og eldre skal gis kulturelle opplevingar gjennom «Den kulturelle skulesekken» og «Den kulturelle spaserstokken» i tillegg til Sveio kulturskule og Sveio folkebibliotek.

Dei unge får høve til medverknad gjennom Sveio ungdomsråd.

Utleige av idrettshall må vere slik at alle grupper blir ivaretatt på best mogeleg vis.

Arbeidet rundt komponisten Fartein Valen og dei positive erfaringane med Fartein Valen, - Podium internasjonale musikkfest, bør bli vidareført. Det er viktig å sikre drift i arbeidet med kulturarrangement for alle aldersgrupper, frå barnehage og skule til vaksne Dette blir gjort gjennom «Fartein Valen 0-100 – kultur for alle». I det arbeidet er det oppleving, aktivitet og identitet som står i fokus og det er viktig å samarbeide med aktuelle partnarar. Samarbeid med Haugesund kommune, Hordaland fylkeskommune og FV stiftelsen må styrkast. Samarbeidet med Valenheimen Kulturscene er styrka og blir vidareført.

Den digitale kommunen.

Biblioteket skal vera ein tenesteytar til alle. Biblioteket skal følgja opp den teknologiske og mediamessige utviklinga.

Demografiske endringar

Vi blir stadig fleire eldre og færre barn og unge

Eit mål er at fleire skal bli aktive og kunne få opplevingar i Vigdartun kultursenter. Eit nyskapande aktivitetsanlegg vil kunne bidra til dette.

Planlagde tiltak for å realisera måla samfunnsdelen til kommuneplanen

Eit godt kulturtilbod er ein føresetnad for busetnad og trivsel i kommunen. Born og unge får gjennom kulturskulen, ungdomsrådet, biblioteket og den kulturelle skulesekken eit breitt kulturtilbod. I tillegg blir frivillige lag og organisasjonar innan idrett og annan aktivitet med tilbod til denne gruppa, prioriterte i støtteordningane. Sveio kommune vil i samarbeid med lag og foreiningar, og andre instansar og enkeltpersonar, vera med og gi innbyggjarane eit variert og kvalitativt godt kultur- og fritidstilbod. Gjennom å støtte tiltak med Den kulturelle spaserstokken blir det gitt tilbod om støtte til dei som lagar kulturtilbod til den eldre delen av innbyggjarane våre. Aktivitet og identitet er sentrale omgrep. Å ta vare på og utvikla frivillig engasjement som ein viktig ressurs, i samsvar med måla i Frivilligplanen.

I Vigdartun kultursenter vil ein prøve å samordne dei ulike aktivitetane. Dette vil vi gjere gjennom samarbeid om dei ulike aktivitetane som kulturskulen sine minikonserter i biblioteket, Sommarkarusell(kulturskule, bibliotek, idrett) og workshop der ungdommar blir inviterte inn saman med kulturskuleelevar. Eit anna tiltak er å gje tilbod om band-opplæring for dei uorganiserte ungdommane i Ung Sveio.

Kommunen sine innbyggjarar får tilbod om ei positiv fritid og opplæring i ulike kulturelle uttrykk gjennom undervisning i Sveio kulturskule. Kulturskulen sin identitet ligg i kombinasjonen av opplæring, aktivitet og utøving innan kunstfaga. Tilbodet må soleis utvidast til å omfatte fleire kulturformer. Ein bør finne fram til høvelege samarbeidsformar med aktuelle samarbeidspartar.

Biblioteket ønskjer å vidareutviklar satsingar for born og unge, og å oppgradera teknisk utstyr. Arbeid for born og unge skal stå i sentrum kommande år.

Ungdomsarbeidet på Vigdartun er ein viktig tiltak for våre unge. Dette ønskjer vi å prioritere gjennom eit aktivt ungdomsråd og ein ungdomsarbeidar som jobbar tett mot dei unge.

Utfordringar

Dei neste åra vil fordelinga mellom born (6-12) og ungdom (13-19) bli endra. I 2023 er 52,5 % barneskuleelevar og til saman 47,5 % elevar i ungdomsskulen og vidaregåande opplæring. I 2033 er denne fordelinga snudd. Då vil 46,2 % vera barneskuleelevar, medan til saman 53,8 % vil vera elevar i ungdomsskulen og vidaregåande opplæring. Tilbodet til ungdom (13-15 skule, helse og fritid, 16-19 helse og fritid) vil krevja meir ressursar. 5% av ungdommane i ungdata-undersøkinga svarte at deira føresette manglar pengar til å betale for fritidsaktivitetar dei ønsker å delta i (Idrett, kino, bursdag, reiser etc). Da blir det særskilt viktig med eit godt samarbeid mellom dei som skal gje fritidstilbod til barn og unge for å leggja tilrette for at aktivitetar blir gratis for alle.

På Vigdartun er det idrett, kulturskule, korps, ungdomsarbeid, kulturaktivitet og bibliotek. Det ligg stort potensiale og gevinst i å knytte tilboda i Vigdartun meir saman slik at Vigdartun framstår som eit levande kultursenter. Dette vil styrke samhald, respekt og gje identitet. Det blir arbeida med å få opp eit nyskapande aktivitetsanlegg. Eit slikt anlegg vil opne ny moglegheit for Vigdartun kultursenter. Det er viktig at eininga får bli med i utviklinga av eit slikt anlegg.

I biblioteket gir driftsbudsjettet gir lite rom for tiltak, prosjekt og arrangement. Dei midlane som er vil bli prioriterte for barn og unge. For arrangement for vaksne vil biblioteket legge til rette for samarbeid med eksterne aktørar i biblioteklokala der eksterne har økonomisk ansvar. Den økonomiske ramma er ikkje tilpassa arbeidet i eit moderne bibliotek.

Kulturskulen sin dansesal er blir nytta av mellom anna Sveio drilltropp. Det kan vere ei utfordring å ha instrumentalundervisning i grupperommet samstundes med dans i salen. Korps er ein viktig samarbeidspartnar for kulturskulen. Dei slit med rekruttering og kulturskulen ønskjer å hjelpe til med denne utfordringa. Det er viktig at alle som vil spele eit korpsinstrument får plass i kulturskulen.

Kulturskolen administrerer «Den kulturelle skulesekken» og vil her arbeide for eit variert tilbod av god kvalitet. Vi ser og for oss å arbeide for å få til produksjonar i Den kulturelle skulesekken knytt opp mot Fartein Valen arbeidet.

Sommarkarusellen er eit aktivitetstilbod for born og unge som har blitt arrangert dei to siste åra. Tilbodet har vore svært vellukka og bør utvidast. På det viset kan fleire organisasjonar få ta del i aktivitetane.

I den «Den kulturelle spaserstokken» er det lagt opp til at Vigdartun Kultursenter støtter ulike arrangement. Senterets samarbeidspartnarar er Sveio omsorgssenter, Ryvarden kulturfy, Valenheimen kulturscene og Sveio senioruniversitet.

Fartein Valen arbeidet si lokale forankring må utviklast vidare. Arbeidet har i alle år blitt tilført mykje økonomiske midlar frå stat og fylke, men det er oftast ein føresetnad for tildeling av eksterne midlar at kommunen også bidrar med økonomiske ressursar. Eksterne midlar er meint brukt direkte til konsertproduksjon, men då vi har avgrensa rammer er det ikkje alltid det blir tilfelle. Samarbeidet med Valenheimen kulturscene, som har ulike sjølvstendige kulturarrangement i kunstnarheimen, må halde fram.



Teknisk/næring

Tenester og oppgaver innan rammeområdet

Rammeområdet omfattar administrasjon, eininga plan, bygg, landbruk og eigedom, eininga drift- og anlegg og eininga Samfunnsutvikling. Sjølvkostområda vatn, avløp, slam og renovasjon ligg også til teknisk, men er skilt ut som eit eige rammeområde.

Til området administrasjon ligg oppgaver som eigedomsforvaltning, næringsutvikling, oppfølging av Haugalandspakken, oppfølging av brannsamarbeid breiband utvikling.

Hovudarbeidsoppgaver for drift- og anlegg er drift, vedlikehald og utbygging av kommunale bygningar og anlegg. Vidare har avdelinga ansvar for vedlikehald og opprusting av kommunale vegar og sykkelgangstiar, trafikksikring, park og grøntanlegg, utbygging av kommunale bustadfelt og næringsområde, arbeid knytt til miljø og reinhald.

Sentrale arbeidsoppgaver knytt til plan- og næringsavdelinga er planlegging, eigedomsdeling, adressetildeling, byggesaker, registerføring, konsesjonar, akvakultur, utsleppsløyve, dispensasjonar, viltforvaltning, landbruk, veterinærvakt, miljø saker, energi/klima/miljø/vassforvaltning, meklaropplysningar og kommunalt beredskapsarbeid.

Til samfunnsutvikling ligg oppgaver som overordna planar, til dømes kommuneplan, områdeplanar, heilskapleg ROS analyse og klimaplan. Vidare høyrar kulturminnevern, næringsutvikling, samt utvikling av friluftsliv og, idrett og folkehelsearbeidet til eininga.

Mål for området for å bidra til å realisera dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen

- Legga til rette for varierte og gode bustadområde
- Legga til rette for næringsutvikling, verdiskapinga og sysselsetjinga i kommunen
- Halda eit korrekt nivå på vedlikehald av bygg, vegar, anlegg og utstyr
- Ha effektiv sakshandsaming av god kvalitet
- Vedlikehalde og vidareutvikle digitalt kartverket og planarkiv
- Redusere klimagassutslepp, redusere klimaproblema og ta vare på natur og miljø.
- Ha fokus på samarbeid på tvers, HMS og vidareutvikle eit godt arbeidsmiljø

Planlagde tiltak for å realisera måla i samfunnsdelen til kommuneplanen

- Oppfølging av investeringar som er under realisering/planlagt i bygg, vegar, anlegg og utstyr
- Vedtak av kommuneplan. Ferdigstille ny klimaplan, kulturminneplan og områdeplanar
- Følgje opp temaplan for idrett og fysisk aktivitet
- Følgje opp folkehelse rapporten
- Vidare arbeid med å realisera næringsplan
- Gjera planprosess og moglegheit for medverknad meir tilgjengelege for innbyggjarane.
- Fokus på universell utforming i kommunale tenester
- Vidare arbeid med avvik- og kvalitetssystemet
- Gjennomføre ulike klimatiltak (solceller, bytte til meir effektive varmekjelder, styringssystem, nullutslepp køyretøy, etterisolering, klimabudsjet m.v)
- Vidareutvikla digitalt planarkiv
- Heva kvaliteten på eigedomskartverket og andre kartdata
- Gjera kartdata betre tilgjengeleg for innbyggjarane
- Gjennomføre tilsyn etter plan og bygningsloven og forureiningsforskrifta
- Kontinuerleg fokus på forbetningsarbeid

Utfordringar

Rammeområdet har eit betydeleg volum i pågåande prosjekter eller arbeidskrevjande planar sett opp mot tilgjengeleg bemanning. Volumet gjer at det er utfordring med å halde ønskja framdrift i alle prosjekt/planar og det må prioriterast.

Det er utfordrande å halda tilstrekkeleg vedlikehald av bygningsmassen og vegar. Løypande avtalar tar større del av budsjettet og som konsekvens har det blitt mindre midlar til verdibevarande vedlikehald og eit auka vedlikehaldsetterslep. Dei seinare åra har vintervedlikehald av vegane medført større utgifter enn budsjettet. Auke av straumprisen er krevjande med vårt volum av bygg, anlegg og gatelys.



Vatn, avlaup og renovasjon (VAR)

Tenester og oppgåver

Drift og anleggsavdelinga har ansvar for oppgåver knytt til vatn, avløp og renovasjon. Vi nyttar Sunnhordaland interkommunale miljøverk til å levere renovasjon og slam tenester.

Hovudoppgåver innan VAR er drift, vedlikehald og utvikling av vatn og avløpsnett, samstundes med forvaltning av kommunal renovasjon og slam. Området finansierast med gebyrbetaling frå tenestemottakarane.

Mål for området for å bidra til å realisera dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen

- Tilby innbyggjarane nok vatn, godt vatn og ha ei sikker vassforsyning
- Tilby innbyggjarane avløpsanlegg og syta for effektiv og miljømessig god avløpshandtering
- Tilby innbyggjarar og hyttefolk ei god og miljøvenleg renovasjonsordning
- Driva vatn-, avløp og renovasjonsområdet økonomisk og etter sjølvkostprinsippet
- Ha fokus på HMS og vidareutvikle eit godt arbeidsmiljø

Planlagde tiltak for å realisera måla i samfunnsdelen til kommuneplanen

Det er planlagt å fortsette naudsynt utskifting av eldre vassleidningar. Vidare er vi i gang med å planleggje framtidig hovud- og reservevassforsyning for Sveio og skal i gang med ny hovudplan for avløp. Dei siste åra har overvaking av røyrnettet for vatn blitt forsterka. Dette er ønskjeleg å utvide ytterlegare for å få betre oversyn over bruk og finne lekkasjar.

Utfordringar

Sveio kommune forvaltar eit stor vann og avløpsnett. Det er viktig å bytta ut tilstrekkeleg med gammalt leidningsnett som har leidningsbrot og unngå eit for stort etterslep. Arbeidet med å redusere lekkasjar på nettet må intensiverast i åra som kjem.

Volumet av vatn kjøpt frå Haugesund kommune aukar og medfører auke i kostnader til kjøp av vatn. I samband med at avtale med Haugesund kommune gjekk ut i 2021, har vi forlenga avtalen. Haugesund kommune auka i 2023 kostnaden med 42% for kjøp av vatn.



Politisk

Tenester og oppgaver i avdelinga

2022 – Budsjetår utan val

2023 – Kommunestyre og fylkestingval

2024 - Budsjetår utan val

2025 – Budsjetår med stortingsval

Politisk området gjennomfører borgarleg vigsel og delar ut verdibrev til alle elevar som går ut av grunnskulen

Mål for eininga for å bidra til å realisera dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen

- Førebu saker og gjennomføre møter
- Kommunestyre - 25 medlemmer
- Formannskap – 7 medlemmer
- Hovudutval oppvekst/kultur – 7 medlemmer
- Hovudutval teknisk/næring – 7 medlemmer
- Hovudutval helse/sosial – 7 medlemmer
- Eldreråd – 5 medlemmer
- Råd for personar med nedsett funksjonsevne – 5 medlemmer
- Partsamansett utval – 10 medlemmer
- Sakkyndig ankenemnd - 3 medlemmer
- Andre møter og utval etter behov
- Klimautval – 11 medlemmer
- Ungdomsrådet – 11 representantar

Planlagde tiltak for å realisera måla til samfunnsdelen til kommuneplanen

- Vidareutvikle kommunen som "ein god kommune å bu i"
- Gjennomføre budsjettmøter
- Delta i ulike prosessar, både regionalt og i eigen kommune.
- Tilrettelegge for aktivitet i kommunen, til dømes markand på Sveio torget.

Utfordringar

- Oppretthalde gode tenester og sikre at Sveio kommune er ein attraktiv kommune
- Komme i mål med planlagde tiltak



Foto: Ellen Tveit

Sentraladministrasjon

Sentraladministrasjonen består av Personal og Offentleg servicekontor, IKT, Økonomikontor m/løn, Lærlingar og Rådmann.

Tenester og oppgåver i avdelinga

Offentleg servicekontor (OSK) driv kommunen sin resepsjon/sentralbord og står for posthandtering og arkivtenester. OSK handsamar saker innan startlån, bustadtilskot og ulike løyver (parkering, sal, servering, skjenking). Servicekontoret administrerer utleige av kommunale bustader og sal av kommunale tomter. Planlegging og gjennomføring av kommune- og stortingsval ligg også til OSK.

Personal gjer støtte til einingane i personalspørsmål og har spiss-kompetanse innan sentralt lov- og avtaleverk. Dei gir og råd og rettleiing og driv sakshandsaming i høve dei ulike pensjons-ordningane for dei tilsette. Kontoret har ansvar for verne- og HMS arbeidet i kommunen og samarbeider med bedriftshelsetenesta og IA-rådgivar. Kontoret har ei viktig og tidkrevjande rolle i samband med tilsetjingar og deltar i dei vanskeleg personal- og AKAN-sakene. Dei samarbeider med fagorganisasjonane i spørsmål som gjeld dei tilsette og har ansvar for og arbeidet med dei lokale forhandlingane. Personalkontoret deltar i eit interkommunalt rekruttering-/omdømmeprojekt og i ulike andre nettverk. Kontoret har ei sentral og koordinerande rolle i samband med lærlingar.

IKT avdelinga leverer data- og kommunikasjonstenester til kommunale einingar, samarbeidspartnare og innbyggjarar. Tenestespekteret er omfattande og varierer innan dei ulike fagområda som omsorg, skule, kultur, teknisk og administrasjon. Den teknologiske utviklinga dei siste åra har vært formidabel. Dette gjev nye muligheter til utvikling. Samstundes aukar kompleksiteten og krava til tilgjenge av løysningane. Frå og med 1. oktober 2023 blei drift av kommunens IKT-system overtatt av IKT Nordhordland (IKTNH). I dette samarbeidet får kommunen tilgang til vesentlege digitaliseringsressursar, som det er viktig at dei ulike einingane i kommunen kan ta i mot.

Økonomikontoret gjer leiinga, politikarane og einingane i kommunen mest mogleg korrekte budsjett-, rekneskaps- og KOSTRA - tal, som grunnlag for økonomisk planlegging og styring. Avdelinga gjer råd og rettleiing til dei ulike einingane innanfor områder der den har spiss-kompetanse. Økonomikontoret fører og avsluttar rekneskapsen for alle deler av kommunen, samt Kyrkjeleg Fellestråd, 2 sokn, eit kommunalt føretak og to legat. Avdelinga handsamar innkomande fakturaer, fakturerer og krev inn kommunale krav. Økonomikontoret har også ansvar for lønnsutbetaling til alle tilsette i kommunen, Sveio kyrkelege fellestråd samt Ryvarden Kulturfyr KF, og krev inn refusjon frå NAV og andre.

Mål for eininga for å bidra til å realisera dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen

Eit av fokusområda i kommuneplanens samfunnsdel er klimatrusselen. Rammeområde sentraladministrasjon kan gjere sitt for bidra til å redusera trusselen. Fleire av tenesteområda nyttar papir i sin tenesteproduksjon. Redusert bruk av papir vil vera positivt for miljø og klima (produksjon, avfall og transport). Området har hatt fokus på redusert bruk av papir dei seinaste åra. Ein har mellom anna jobba aktivt for å gjere det enkelt for ibuarane å nytta e-faktura i staden for papirfaktura. Vidare har ein så langt det lar seg gjere gått over frå rekneskapsbilag på papir til digitale bilag. Personalavdelinga arbeidar med overgang frå papirarkiv til heildigitalt arkiv. Servicekontoret har teke i bruk tenesta SvarUt som redusera bruk og sending av papir. Det vil vera eit mål for rammeområde Sentraladministrasjon å redusera bruken av papir ytterlegare

Eit anna fokusområde er digitalisering. Ein digital kommune vil kunne gje ibuarane betre tenester og gjere kommunen i stand til å produsera sine tenester på ein meir effektiv måte. Sveio kommune har hatt sterkt fokus på digitalisering dei seinaste åra, dette gjeld også einingane i Sentraladministrasjonen. Økonomiavdelinga har tatt i bruk ulike modular for å automatisera

prosessar som tidlegare blei gjort manuelt (utbetalingar, innkjøp, reiserekningar mm). Personalkontoret har tatt i bruk modul for å handtera lønsoppgjer. ITK-avdelinga, ved IKTNH, er sentral i alt arbeid med digitalisering i kommunen.

Som alle kommunar vert også Sveio påverka av dei demografiske endringane i åra som kjem. I følgje SSB kan kommunen mellom anna venta auke i tal ibuarar komande år. Dette vil gjere det nødvendig for kommunen å levera meir tenester til ibuarane, noko som også vil krevje auka tenesteproduksjon for einingane i Sentraladministrasjonen.

Planlagde tiltak for å realisera måla samfunnsdelen til kommuneplanen

For å redusera papirbruken innafor området skal økonomikontoret redusera den delen fakturaer som sendast som papir. I første omgang skal dette skje ved å ta i bruk ekstern fakturadistribusjon, slik at fakturaer ikkje sendast på papir før ein har sjekka andre distribusjonsmåtar (E-faktura, Vipps, eller Digital post). Personalkontoret skal arbeide vidare med overgang til digitalt arkiv, til erstatning for arkiv på papir. IKT skal bidra til at einingar i kommunen kan innføra system som redusera papirbruken i kommunen og følgje opp printerbruken i kommunen.

Einingane innafor Sentraladministrasjon vil ha fortsatt fokus på digitalisering for å betre tenestene til

interne og eksterne (ibuarar) og for å kunne levera tenester enda meir effektivt i dag. Det vurderast å implementere tenesta MinSide slik at ibuarane sjølv mellom anna kan følgje sine søknadar og be om



Foto: Ida Kristin Vollum

betalingsutsetting mv.. IKT, ved IKTNH, skal støtte einingane ved innføring av ulike digitale løysingar.

Auka tenesteproduksjon frå einingane i Sentraladministrasjonen komande år krev anten auka bruk av ressursar eller meir effektiv tenesteproduksjon. Sentraladministrasjonen skal arbeida aktivt med forbetningsarbeid for å greie mest mogleg av auka tenesteproduksjon utan å nytta meir ressursar.

Utfordringar

Det kan vera utfordrande å halde på kompetanse og sørgje for kompetanseheving og kompetanseoverføring blant dei tilsette. Tilsette må vera oppdaterte på gjeldande lovar og anna regelverk frå sentrale styresmakter. Rammeområdet må søkje å oppretthalda servicenivået til tilsette og leiarar i Sveio kommune. For å vera robuste må ein ha gode og oppdaterte rutinebeskrivingar. Rammeområdet må sikra nødvendig IKT-kompetanse hos brukarane, og oppdatert kompetanse ved IKT-kontoret.

Sveio kyrkjeleg fellesråd

Tenester og oppgåver

Sveio Kyrkjelege Fellesråd er ein sjølvstendig organisasjon, der om lag 2/3 av verksemda er finansiert via kommunalt tilskot. Frå 2021 er dette med heimel i Lov om trus- og livssynssamfunn §14.

Fellesrådet har ansvar for 3 kyrkjer og 2 kapell, samt 12 gravplassar. Fellesrådet er ein liten organisasjon med 9 tilsette fordelt på 5,2 årsverk.

Kyrkja i Sveio har sitt overordna mål at «Menneske i alle aldrar og livssituasjonar – kvinner og menn, barn og unge - skal kunna oppleva at dei høyrer til i kyrkja og bli respekterte der, slik at alle kan ta del i det lokale kyrkjelivet». Samstundes utføre Fellesrådet oppdrag på vegne av kommunen på gravplassområdet. Vårt oppdrag kan uansett knytast opp mot samfunnsdelen av kommuneplanen.

Mål for eininga for å bidra til å realisera dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen

Samfunnsdelen av kommuneplanen

For Fellesrådet sin del er det 2 hovudområde som peike seg ut innanfor «**klima, miljø og energi**». Energiforbruket til oppvarming av kyrkjene er høgt. Vi har likevel registrert ein tydeleg nedgang for Sveio kyrkja – der det i desember 2023 vart tatt i bruk nytt varmestyringssystem med auka oppvarmingskapasitet. Arbeidet med varmestyringssystem for Valestrand kyrkje som er den kyrkja etter Sveio kyrkja som har høgt straumforbruk – her bør det setjast av midlar i 2025.

Klimaendringar gjer det endå viktigare å sikra bygg og gravplassar mot nedbør og inntrenging av fukt. Skalsikring er viktig. Hausten 2022 vart det oppdaga lekkasje i taket i Sveio kyrkja – her vart då gjort nokre strakstiltak for utbetring, men her må vurderast nytt tak på sikt – svært usikkert kor lenge midlertidig utbetring vil vara. Prosjektet vert vurdert finansiert/ delfinansiert med midlar frå kyrkjebevaringsfondet i 2025, men truleg må kommunen vera med å delfinansiera prosjektet. Sommaren 2023 vart det oppdaga store roteskader pga lekkasje i tårnet i Valestrand kyrkje, samt i eine hjørnet av taket – utbetring snarast var nødvendig pga muleg skade på berande konstruksjonar. Det vart innvilga midlar av kommunestyret i 2024 til denne utbetringa, som er gjennomført i haust, og i god tid før ny vinter. I Eikeland kapell er det i sommar gjennomført utbetring av tårnet, samt at kapellet vart malt på dugnad til vigsling av ny gravplass i juni. Det som gjenstår her er utbetring av muggdanning i murveggene – gjeld til dels i kyrkjerommet, men særleg i prestekontoret ved hovudinngang og i kjellarrommet. I Sveio kyrkja vil det vera nødvendig å utbetra sakristia – dette er planlagt med eigne ressursar og litt dugnad hausten 2024/ vinteren 2025. Ut over dette vil det vera nødvendig å tjæra Valen kapell i løpet av 2025 – det 'og planlagt med eigne ressursar. Elles blir det gjort ei vurdering av tak og vindauga i kapellet – her avvente vi kostnadsestimat, og det bør nok setjast av noko midlar i vedlikehaldsbudsjettet til dette arbeidet. Med dette er alle kyrkjene og kapella i Sveio malte dei siste åra 😊.

Det vil vera kontinuerleg behov for vedlikehald og utbetringar på dei fem kyrkjene og kapella våre – dette 'og for å møta dei auka klimautfordringane.

Om lag 80% av innbyggjarane i Sveio er medlem i Den norske kyrkja. Det betyr at kyrkja er ein stor del av innbyggjarane i Sveio sitt liv gjennom dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd. Men 'og gjennom gudstenester, babysong, 4-års bok, Lys våken, tweensklubb, leiarkurs mm. Barnekora og samarbeidspartnarar i musikkliv elles – korps, kor, Fartein Valen arbeidet mm, samt konsertar og andre kulturopplevingar i våre bygg, er 'og med på å realisera målet om at «**det skal vera godt å bu og arbeida i Sveio**».

Alle innbyggjarane har rett på grav i Sveio. Ein kan seia det slik at det ikkje berre skal vera godt å bu i Sveio, men det skal 'og vera «godt å leva igjen» for dei som har mista nokon av sine. Det er derfor viktig at det er tilstrekkeleg plass på gravplassane, og ikkje minst er det viktig med godt vedlikehald av dei 12 gravplassane.

Fellesrådet er ein liten organisasjon som er heilt avhengig av samarbeid med og kompetanse frå andre for å møte **digitaliseringsutfordringane**. Samarbeid med kommune og andre leverandørar kan likevel ikkje løysa alt. Vi må 'og utføra oppgåver sjølve, og har gjort det i form av overføring av gudstenester mm. Det må vidare 'og jobbast med å ha digitale løysingar som har tilstrekkeleg kvalitet og er brukarvennlege.

Kyrkja har avtalar med kommunen om å nytta kyrkjer og soknehus i samband med **samfunnstryggleik og beredskap, samt ved handtering av kriser** mm. Kyrkja er ofte sentral når kriser oppstår.

Dei demografiske endringane vil føra til at folketalet i Sveio vil stiga framover i dei aller fleste aldersgrupper. I 2040 vil vi mest sannsynleg ha om lag 40% fleire innbyggjarar over 80 år. Dette vil gi oss fleire utfordringar når vi statistisk sett då vil få 30-50% auke i gravferder pr år. Gode gravkart og god oversikt over ledige graver mm vil vera viktig her. Vi vil 'og bli utfordra i høve til kva vi kan gjera for desse aldersgruppene, samt korleis vi kan mobilisera til frivillig innsats i ulike aldersgrupper.



Administrasjonen i Fellesrådet har eit vidt og omfattande arbeidsfelt og med berre 1.2 stilling til kontoradministrativt arbeid, må det prioriterast strengt – noko som gjer at vi i liten grad får tid til plan- og utviklingsarbeid, oppfølging av undersøkingar og høyringar mm, som vi burde hatt meir tid til.

Fellesrådet kan samanfatta sine behov for auka driftstilskot slik:

2025: Behov for at det vert sett av noko midlar til nytt tak i Sveio kyrkja, samt til tak og muleg nødvendig vedlikehald av vindauga i Valen kapell. Anna nemnt vedlikehald vil vi prøva å få gjennomført med eigne ressursar og midlar.

2025-2028: Investering i varmestyringssystem i Valestrand kyrkje må planleggjast – noko som vil gi tydeleg lavar straumkostnad, jamfør Sveio kyrkja der straumkostnaden vart halvert over 3 vintermånader.

Fordeling mellom rammeområda

I fylgjande del vil ein sjå på korleis kommunen prioriterer mellom dei ulike rammeområda og korleis denne utviklinga har vore. Rammefordelinga er gitt i budsjettskjema fordeling drift. Budsjettskjema fordeling drift byggjer på budsjettskjema bevilgningsoversyn som er rådmannens forslag til fordeling av midlane som er til disposisjon. Desse tabellane vil vere å finne under Økonomiplan 2023 – 2026 – drift som kjem under. Kommentaranane til budsjettskjema fordeling drift, frå dei ulike einingane er over i dokumentet under overskrifta Kommenterarar frå organisasjonen.

Fordeling drift	Regnskap 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
Til fordeling drift						
9 Politisk	6 963 281	6 322 000	6 650 000	6 300 000	6 650 000	6 300 000
10 Sentraladministrasjon	26 452 048	26 445 000	27 800 000	27 800 000	27 800 000	27 800 000
11 Tilleggsøyvingar	0	6 100 000	9 340 000	9 340 000	9 340 000	9 340 000
12 Oppvekst - Skule	112 949 095	114 395 000	120 470 000	120 470 000	120 470 000	120 470 000
14 Tekniske tjenester	30 297 574	25 675 000	28 180 000	28 180 000	28 180 000	28 180 000
15 Kultur	7 023 225	7 385 000	7 680 000	7 680 000	7 680 000	7 680 000
16 Kyrkja	4 520 000	4 770 000	4 960 000	4 960 000	4 960 000	4 960 000
17 Oppvekst - Barnehage	27 791 830	27 790 000	28 400 000	28 400 000	28 400 000	28 400 000
18 VAR - vann, avløp og renovasjon	-6 714 491	-8 990 000	-10 023 000	-10 023 000	-10 023 000	-10 023 000
19 Finans	30 981 465	39 745 000	36 865 000	36 865 000	36 865 000	36 865 000
22 Ryvarden Kulturfyr KF	490 000	480 000	460 000	460 000	460 000	460 000
30 Helseavdeling med fellestenester	35 195 889	35 660 000	39 270 000	39 270 000	39 270 000	39 270 000
31 Pleie og omsorg	73 041 229	72 975 000	80 830 000	80 830 000	80 830 000	80 830 000
32 NAV med flyktningarbeid	18 001 819	18 260 000	18 990 000	18 990 000	18 990 000	18 990 000
33 Barnevern	15 758 657	16 160 000	17 510 000	17 510 000	17 510 000	17 510 000
34 Habilitering	45 439 342	49 125 000	50 090 000	50 090 000	50 090 000	50 090 000
Fordelt drift	428 190 962	442 297 000	467 472 000	467 122 000	467 472 000	467 122 000
Korreksjon netto avsetningar eller bruk av fond i drift	1 335 866	667 000	-474 652	-474 652	-474 652	-474 652
Korrigert til fordeling	429 526 828	442 964 000	466 997 348	466 647 348	466 997 348	466 647 348


Dei einskilde rammeområda

I tabellane og teksten nedanfor er utviklinga for dei ulike rammeområda synleggjort. Grafane visar utvikling i netto driftsutgifter per innbyggjar, eller per relevant gruppe innbyggjar, til eit bestemt føremål. Netto driftsutgifter er den delen av utgiftene til føremålet som er finansiert direkte av kommunen sjølv. Tala er i hovudsak basert på KOSTRA-rapporteringa av rekneskapstal for 2021, og er henta frå analyseverktøyet Framsikt. Det visast også til Framsikt sin innsparingsanalyse. Denne korrigerer utgiftene for berekna utgiftsnivå, men tar ikkje omsyn til inntektsnivået til kommunane. Det er viktig å vera klar over at det kan vera feil i rapporteringa.

For Sveio kommune er det naturleg å i hovudsak samanlikna seg med gjennomsnittet av kommunane i kommunegruppe 1. Denne gruppa består av kommunar med 2 000 - 9 999 innbyggjarar, låge bundne kostnader, og låge frie disponible inntekter per innbyggjar. I følge Kommunal- og moderniseringsdepartementet har Sveio kommune Korrigerte frie inntekter på 93 % av landet. Dette er inkludert inntekter frå eigedomsskatt, konsesjonskraft og havbruksfond.


Utgiftsbehov 2023

Berekn utgiftsbehov 2023 i prosent av landsgjennomsnittet



Berekn utgiftsbehov er ei berekning av kor mykje midlar kommunane treng for å gje eit tilbod på linje med landsgjennomsnittet til ulike tenester. Det er denne berekninga som leggst til grunn ved økonomisk kompensasjon for kommunanes utgifter til bestemte føremål. Sveio kommune har høgare berekn utgiftsbehov til skule, kommunehelse, landbruk og administrasjon o.l. enn gjennomsnittet i landet. Utgiftsbehovet til barnevern og sosiale tenester er berekn til lågare enn landet. Samla sett har Sveio kommune eit berekn utgiftsbehov på 108,3 prosent av landsgjennomsnittet.

Ressursbruk




Grafen over visar kor mykje ressursar Sveio kommune nytta til dei ulike tenestene i prosent av netto driftsutgifter i forhold til gjennomsnittet av kommunane i landet, korrigert for berekn utgiftsbehov.

Sveio kommune nyttar mindre ressursar enn gjennomsnittet i landet til mest alle tenester. I følgje analyseverktøyet Framsikt nytta Sveio kommune i gjennomsnitt 5,4 % mindre til dei ulike tenestene enn gjennomsnittet i landet, i 2023. Denne mindrebruken utgjorde over 27 millionar kroner i 2023.

Grunnskule

Netto driftsutgifter til grunnskulesektor per innbyggjar 6-15 år justert for inflasjon.




	2020	2021	2022	2023
Sveio	138 245	137 606	145 376	154 102
Landet uten Oslo	136 551	140 680	139 234	147 567
Vestland	142 919	146 756	145 465	154 126
Kostragruppe 01	144 115	147 247	144 940	154 584

I 2023 nytta Sveio kommune kr 154 102,- per innbyggjar 6-15 år til grunnskulesektoren i følgje KOSTRA. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 154 584,-. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar 6-15 år som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til skuleområdet enda om lag 0,4 millionar høgare i 2023. Tala visar at netto driftsutgifter per innbyggjar 6-15 år i Sveio har gått opp med kr 15 857,- frå 2020 til 2023. Gjennomsnittet i kommunegruppa har gått opp med kr 10 469,- per innbyggjar 6-15 år i den same perioden.

I følgje analyseverktøyet Framsikt nyttar Sveio kommune 4,4 % mindre på denne tenesta enn gjennomsnittet i landet, når ein tar omsyn til berekna utgiftsbehov på området. Sveio kommune nyttar samla om lag 6,0 millionar kroner mindre på grunnskule enn gjennomsnittet landet, og om lag 1,3 millionar kroner meir i forhold til gjennomsnittet i kommunen. I følgje Framsikt nyttar kommunen om lag 2,6 millionar kroner meir enn andre kommunar på skyss og om lag 2,4 millionar kroner mindre enn andre kommunar på skulelokal. Til sjølve skuledrifta nyttar Sveio kommune om lag 2,7 millionar kroner mindre enn landet. På SFO og vaksenopplæring nytta Sveio kommune høvesvis 2,1 og 1,5 millionar kroner mindre enn landet.

Barnehage

Netto driftsutgifter til barnehagar per innbyggjar 1-5 år justert for inflasjon.



	2020	2021	2022	2023
Sveio	207 421	216 786	201 688	210 633
Landet uten Oslo	195 996	202 726	196 199	211 948
Vestland	200 267	209 231	202 839	221 268
Kostragruppe 01	193 716	199 479	192 891	212 173


I 2023 nytta Sveio kommune kr 210 633,- per innbyggjar 1-5 år til barnehageområdet.

Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 212 173,-. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar 1-5 år som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til barnehageområdet blitt om lag 0,5 millionar høgare i 2023. Tala visar at netto driftsutgifter per innbyggjar 1-5 år i Sveio har auka med kr 3 212,- frå 2020 til 2023. Gjennomsnittet i kommunegruppa har auka med kr 18 457 per innbyggjar 1-5 år i den same perioden.

I følgje analyseverktøyet Framsikt nyttar Sveio kommune 3,7 % mindre på denne tenesta enn gjennomsnittet i landet, når ein tar omsyn til kommunens berekna utgiftsbehov. Sveio kommune nytta samla om lag 2,4 millionar kroner mindre på barnehage enn gjennomsnittet i landet, og om lag 0,9 millionar kroner meir i forhold til gjennomsnittet i kommunen. I følgje Framsikt nytta kommunen om lag 1,7 millionar kroner meir enn andre kommunar på styrka tilbod til førskuleborn og om lag 0,8 millionar kroner mindre til førskuleborn. Kommunen nytta om lag 3,3 millionar kroner mindre enn andre kommunar på skyss og førskulelokal.

Barnevern

Netto driftsutgifter barnevern per innbyggjar 0-17 år justert for inflasjon.



	2020	2021	2022	2023
Sveio	11 485	12 195	12 763	12 411
Landet uten Oslo	12 145	12 091	13 811	14 568
Vestland	12 429	12 367	14 198	14 875
Kostragruppe 01	11 703	11 690	13 038	13 728


I 2023 nytta Sveio kommune kr 12 411,- per innbyggjar 0-17 år til barnevern. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 13 728,-. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar 0-17 år som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til barnevern blitt om lag 1,7 millionar høgare i 2023. Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar 0-17 år har gått opp med kr 926,- frå 2020 til 2023, noko som gjer ein auke på 8,06 % i perioden. Gjennomsnittet i kommunegruppa har gått opp med kr 2 025,- per innbyggjar 0-17 år i den same perioden, det utgjer ein auke på 17,30 %.

I følgje analyseverktøyet Framsikt nyttar Sveio kommune 3,9 % mindre på denne tenesta enn gjennomsnittet i landet, når ein tar omsyn til kommunens berekna utgiftsbehov.. Sveio kommune nytta samla om lag 0,6 millionar kroner mindre på barnevern enn gjennomsnittet i landet, og om lag 0,2 millionar kroner meir i forhold til gjennomsnittet i kommunen. I følgje Framsikt nytta kommunen om lag 0,4 millionar kroner mindre enn andre kommunar på barnevernstiltak når born er plassert av barnevernet og om lag 0,1 millionar kroner mindre, når born ikkje er plassert av barnevernet.

Pleie og omsorg

Område pleie og omsorg gjeld tenestene som i Sveio kommune leverast frå rammeområda Pleie og omsorg, Habilitering og delvis Helseavdeling med fellestenester.

Netto driftsutgifter pleie og omsorg per innbyggjar justert for inflasjon.




	2020	2021	2022	2023
Sveio	20 522	23 027	24 668	25 456
Landet uten Oslo	23 712	24 894	25 595	26 958
Vestland	23 506	24 927	26 518	27 993
Kostragruppe 01	25 421	26 515	26 842	28 450

I 2023 nytta Sveio kommune kr 25 456,- per innbyggjar til pleie og omsorg. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 28 450,-. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til pleie og omsorg blitt om lag 17 millionar høgare i 2023. Det gjer eit feil bilete å samanlikna Sveio mot kommunegruppa på dette området. Kommunegruppe 1 har eit høgt berekna utgiftsbehov på området. Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar i Sveio har gått opp med kr 4 934,- frå 2020 til 2023. Gjennomsnittet i kommunegruppa har gått opp med kr 3 029,- per innbyggjar i den same perioden.

I følgje analyseverktøyet Framsikt nyttar Sveio kommune om lag 3,4 prosent på denne tenesta enn gjennomsnittet i landet, når ein tar omsyn til kommunens berekna utgiftsbehov. Sveio kommune nytta samla om lag 5,2 millionar kroner mindre på pleie og omsorg enn gjennomsnittet i landet, og om lag 3,0 millionar kroner meir i forhold til gjennomsnittet i kommunen. I følgje Framsikt nytta kommunen om lag 1,2 millionar kroner meir enn andre kommunar på helse- og omsorgstenester til heimebuande og om lag 0,5 millionar kroner meir på tilbod om augeblikkeleg hjelp døgnopphald i kommunen. Til områda helse og omsorgstenester i institusjon og aktiviserings- og servicetenester overfor eldre og personar med funksjonsnedsetjing, nytta kommunen høvesvis 2,1 og 4,6 millionar kroner mindre enn andre kommunar.

Kommunehelse

Netto driftsutgifter kommunehelse per innbyggjar justert for inflasjon.




	2020	2021	2022	2023
Sveio	4 336	4 893	4 677	4 645
Landet uten Oslo	4 053	4 869	4 638	4 814
Vestland	4 136	5 036	4 670	4 937
Kostragruppe 01	3 967	4 579	4 564	4 824

Korrigert for inflasjon nytta Sveio kommune i 2023 kr 4 645,- per innbyggjar til kommunehelse. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 4 824,-. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til kommunehelse blitt om lag 1 millionar høgare i 2023. Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar har auka med kr 309,- frå 2020 til 2023. Gjennomsnittet i kommunegruppa har auka med kr 857,- per innbyggjar i den same perioden.

I følgje analyseverktøyet Framsikt nyttar Sveio kommune 14,1 % mindre på denne tenesta enn gjennomsnittet i landet, når ein tar omsyn til kommunens berekna utgiftsbehov. Sveio kommune nytta samla om lag 4,4 millionar kroner mindre på kommunehelse enn gjennomsnittet i landet, og om lag 2,7 millionar kroner mindre i forhold til gjennomsnittet i kommunen. I følgje Framsikt nytta kommunen om lag 1,6 millionar kroner meir enn andre kommunar på anna førebyggjande helsearbeid og om lag 1,2 millionar kroner mindre på Førebygging, helsestasjons- og skulehelseteneste. Kommunen nytta om lag 4,8 mindre enn andre kommunar på Diagnose, behandling og re-/habilitering.

Sosiale tenester

Netto driftsutgifter sosialtenester per innbyggjar justert inflasjon.




	2020	2021	2022	2023
Sveio	1 875	2 018	2 088	2 556
Landet uten Oslo	3 207	3 163	3 315	3 904
Vestland	3 518	3 542	3 571	4 203
Kostragruppe 01	2 290	2 300	2 321	3 052

Sveio kommune nytta i 2023 kr 2 556,- per innbyggjar til sosiale tenester. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 3 052,-. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til kommunehelse blitt om lag 2,8 millionar høgare i 2023. Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar gjekk opp med kr 681,- for Sveio kommune frå 2020 til 2023. Gjennomsnittet i kommunegruppa gjekk opp med kr 762,- per innbyggjar i den same perioden.

I følgje analyseverktøyet Framsikt nytta Sveio kommune 18,6 % mindre på denne tenesta enn gjennomsnittet i landet i 2023, når ein tar omsyn til kommunens berekna utgiftsbehov. Sveio kommune nytta samla om lag 3,3 millionar kroner mindre på sosiale tenester enn gjennomsnittet i landet, og om lag 2,4 millionar kroner mindre i forhold til gjennomsnittet i kommunen. I følgje Framsikt nytta kommunen om lag 1,8 millionar kroner mindre enn andre kommunar på tilbod til personar med rusproblem og om lag 1,9 millionar kroner meir på Råd, rettleiing og sosialt førebyggjande arbeid. På sosialhjelp, kvalifiseringsordninga, og arbeidsretta tiltak, nytta kommunen høvesvis 1,8, 1,0 og 0,6 millionar kroner mindre enn andre kommunar.

Kultur og idrett

Netto driftsutgifter kultur og idrett per innbyggjar justert for inflasjon.




	2020	2021	2022	2023
Sveio	2 305	2 096	2 360	2 351
Landet uten Oslo	2 944	2 996	3 009	3 116
Vestland	3 113	3 013	3 042	3 183
Kostragruppe 01	2 243	2 231	2 251	2 328

I 2023 nytta Sveio kommune kr 2 351 per innbyggjar til kultursektoren. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 2 328. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til kultursektoren blitt om lag 0,1 millionar lågare i 2023. Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar i Sveio har gått opp med kr 46 frå 2020 til 2023. Gjennomsnittet i kommunegruppa har gått opp med kr 85 per innbyggjar i den same perioden.

I følgje analyseverktøyet Framsikt nytta Sveio kommune 28,9 % mindre på denne tenesta enn gjennomsnittet i landet. Sveio kommune nytta samla om lag 5,5 millionar kroner mindre på kultur og idrett enn gjennomsnittet i landet, og om lag 4,5 millionar kroner mindre i forhold til gjennomsnittet i kommunen. I følgje Framsikt nytta kommunen om lag 2,4 millionar kroner mindre enn andre kommunar på kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg og om lag det same som andre kommunar på musikk- og kulturskular. Til aktivitetstilbod til barn og unge nytta kommunen i 2023 om lag 0,8 millionar kroner mindre enn andre kommunar. Det er ikkje berekna utgiftsnivå på tenestene innafor dette området, og tala frå Framsikt er difor heller ikkje korrigert for kommunanes utgiftsnivå.

Kyrkja

Netto driftsutgifter kyrkje per innbyggjar justert for inflasjon.



	2020	2021	2022	2023
Sveio	866	826	809	889
Landet uten Oslo	759	746	721	720
Vestland	847	811	802	804
Kostragruppe 01	840	826	773	794


I 2023 nytta Sveio kommune kr 889,- per innbyggjar til kyrkja, dette inkludera ikkje stønad til andre trussamfunn. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var også kr 794,-. Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar har gått opp med kr 23,- frå 2020 til 2023. Gjennomsnittet i kommunegruppa har gått ned med kr 46,- per innbyggjar i den same perioden.

I følgje analyseverktøyet Framsikt nyttar Sveio kommune 31,6 % meir på denne tenesta enn gjennomsnittet i landet. Sveio kommune nyttar samla om lag 1,2 millionar kroner meir på kyrkja enn gjennomsnittet i landet, og om lag 1,4 millionar kroner meir i forhold til gjennomsnittet i kommunen. Det er ikkje berekna utgiftsnivå på tenestene innafor dette området, og tala frå Framsikt er difor heller ikkje korrigert for kommunanes utgiftsnivå.

Sjølv om Sveio kommunes direkte tilskot til kyrkja er ganske stabilt vil kostnadane til området kunne variera ein del frå år til år grunna kommunes investeringsutgifter til området.

Plan, kulturminne, natur og nærmiljø

Netto driftsutgifter Plan, kulturminne, natur og nærmiljø per innbyggjar justert for inflasjon



	2020	2021	2022	2023
Sveio	914	837	1 175	1 374
Landet uten Oslo	929	994	1 073	1 214
Vestland	1 123	1 200	1 203	1 325
Kostragruppe 01	773	810	891	1 080


I 2023 nytta Sveio kommune kr 1 374,- per innbyggjar til Plan, kulturminne, natur og nærmiljø. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 1080,-. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til Plan, kulturminne, natur og nærmiljø blitt om lag 1,6 millionar lågare i 2023. Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar har gått opp med kr 460,- frå 2020 til 2023. Gjennomsnittet i kommunegruppa har gått opp med kr 307,- per innbyggjar i den same perioden.

I følgje analyseverktøyet Framsikt nytta Sveio kommune 11,2 % meir på denne tenesta enn gjennomsnittet i landet, og om lag 3,0 millionar kroner meir i forhold til gjennomsnittet i kommunen. Sveio kommune nytta samla om lag 2,9 millionar kroner meir enn andre kommunar på plansakshandsaming i 2023, og om lag 0,4 millionar kroner meir til kart. og oppmålingstenester. Til tenester innafor kulturminne, rekreasjon i tettstader, naturforvaltning og friluftsliv og byggesak, nytt kommunen høvesvis 0,9, 0,8, 0,7 og 0,1 millionar kroner mindre enn andre kommunar.

Det er ikkje berekna utgiftsnivå på tenestene innafor dette området, og tala frå Framsikt er difor heller ikkje korrigert for kommunanes utgiftsnivå.

Administrasjon, styring og fellesutgifter

Netto driftsutgifter til administrasjon og styring per innbyggjar justert for inflasjon.




	2020	2021	2022	2023
Sveio	5 309	5 747	5 825	6 317
Landet uten Oslo	5 840	5 965	5 799	5 999
Vestland	6 010	5 990	5 653	6 044
Kostragruppe 01	6 294	6 315	6 250	6 695

I 2023 nytta Sveio kommune kr 6 317,- per innbyggjar til Administrasjon, styring og fellesutgifter. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 6 695,-. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til Administrasjon, styring og fellesutgifter blitt om lag 2,0 millionar høgare i 2023. Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar i Sveio kommune har gått opp med kr 1008,- frå 2020 til 2023. Gjennomsnittet i kommunegruppa har gått opp med 401,- per innbyggjar i den same perioden.

I følgje analyseverktøyet Framsikt nyttar Sveio kommune 10,6 % mindre på denne tenesta enn gjennomsnittet i landet, når ein korrigerer for berekna utgiftsbehov. Sveio kommune nytta samla om lag 4,2 millionar kroner mindre på administrasjon, styring og fellesutgifter enn gjennomsnittet i landet, og om lag 2,1 millionar kroner mindre i forhold til gjennomsnittet i kommunen. I følgje Framsikt nytta kommunen om lag 3,9 millionar kroner mindre enn andre kommunar på tenester utanføre ordinært kommunalt ansvarsområde, enn andre kommunar. Til tenester innaføre administrasjonslokal og forvaltningsutgifter i eigedomsforvaltninga, nytta kommunen høvesvis 2,0 og 1,7 millionar kroner mindre enn andre kommunar. Til tenester innaføre politisk styring, kontroll og revisjon og interkommunale samarbeid, nytta kommunen høvesvis 2,4, 0,5 og 0,4 millionar kroner meir enn andre kommunar.

Brann og ulykkesvern

Netto driftsutgifter pr. innbyggjar per innbyggjar justert for inflasjon.



	2020	2021	2022	2023
Sveio	1 269	1 179	1 303	1 192
Landet uten Oslo	1 039	1 100	1 098	1 146
Vestland	1 117	1 173	1 174	1 254
Kostragruppe 01	1 063	1 138	1 135	1 208

I 2023 nytta Sveio kommune kr 1 192,- per innbyggjar til Brann og ulykkesvern. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 1 208,-. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til brann og ulykkesvern blitt om lag 0,1 millionar høgare i 2023. Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar i Sveio har gått ned med kr 77,- frå 2020 til 2023. Gjennomsnittet i kommunegruppa har auka med kr 145,- per innbyggjar i den same perioden.

I følgje analyseverktøyet Framsikt nyttar Sveio kommune 7,5 % meir på denne tenesta enn gjennomsnittet i landet. Sveio kommune nyttar samla om lag 0,5 millionar kroner meir på brann og ulykkesvern enn gjennomsnittet i landet, og om lag 0,8 millionar kroner meir i forhold til gjennomsnittet i kommunen. I følgje Framsikt nytta kommunen om lag 0,1 millionar kroner meir enn andre kommunar på beredskap mot brannar og andre ulykker og om lag 0,4 millionar kroner meir enn andre på førebygging av brannar og andre ulykker. Det er ikkje berekna utgiftsnivå på tenestene innafor dette området, og tala frå Framsikt er difor heller ikkje korrigert for kommunanes utgiftsnivå.

Finans

Tala i denne analysen er utarbeida med grunnlag frå kommunerekneskapen og Statistisk Sentralbyrå. Alle kommunar er pålagt å føre rekneskapen etter KOSTRA-standarden (Kommune-Stat-Rapportering). Ein nyttar KOSTRA som ein reiskap til å evaluera drifta (effektivitet, riktig tenestetilbod, samansetning og kvalitet). KOSTRA gjer det enklare å samanlikne på tvers av ulike kommunar.


Tala frå Sveio kommune samanliknast her mellom anna med tal frå Kommunegruppe 1. Dette er kommunar med 2 000 til 9 999 innbyggjarar, låge bundne kostnader og låge korrigerede inntekter. Det er kommunerekneskapen frå 2022 som er lagt til grunn for denne grupperinga. Etter ny kommunelov er alle kommunar plikta til å vedta økonomiske måltal (§ 14-2 c). Under følgjer rådmannens forslag til måltal for Sveio kommune.

Netto driftsresultat

Netto driftsresultatet seier noko om kor stor skilnad det er mellom utgiftene og inntektene. Nærare bestemt viser det årets driftsoverskot etter at renter og avdrag er betalt. Netto driftsresultat gir eit uttrykk for kva kommunen har til disposisjon til avsetningar og investeringar. I følgje Teknisk beregningsutvalg (TB) bør netto driftsresultat vera på minst 1,75 % av brutto driftsinntekter.

Sveio har betydeleg lågare inntekter enn ein gjennomsnittskommune (ca 93 %). Kommunen har hatt relativt gode resultat dei seinare åra, noko som i stor grad skyldast enkelthendingar. Etter rådmannens vurdering gjer desse to forholda at Sveio kommune kan ha lågare målsetting enn tilrådd av Teknisk beregningsutvalg på mellomlang sikt. Sveio kommune har vedteke å ha eit netto driftsresultat på 1,25 % av brutto driftsinntekter.

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter




	2020	2021	2022	2023
Sveio	2,1 %	4,0 %	3,5 %	0,5 %
Landet uten Oslo	2,5 %	4,2 %	2,6 %	1,0 %
Vestland	2,0 %	4,1 %	3,1 %	1,1 %
Kostragruppe 01	0,9 %	3,6 %	1,6 %	-0,8 %

Ein ser at resultatet til Sveio kommune i stor grad svingar i takt med dei ein samanliknar seg med. I 2023 hadde Sveio kommune eit lågare driftsresultat enn det som er anbefalt av Teknisk berekningsutvalg, og lågare enn vedteke måltal. Rådmannens framlegg til budsjett for 2025 legg opp til eit netto driftsresultat på 1,0 % av brutto driftsinntekter. Sveio kommune har vedteke at inntektene frå Havbruksfondet skal haldast utaføre kommunens driftsresultat. Om ein korrigerer driftsresultatet for budsjetterte inntekter frå Havbruksfondet budsjettera Sveio kommune med eit netto driftsresultat på – 0,3 % av brutto driftsinntektene i 2025. Samla over økonomiplanperioden (2025-2028), ligg det an til eit netto driftsresultat på 0,7 % av inntektene. Det må arbeidast for å få eit driftsresultat opp til målsettinga på 1,25 % i økonomiplanperioden.

Netto lånegjeld

Netto lånegjeld er kommunens gjeld minus utlån til andre og ubrukte lånemidlar. Sveio kommune har i dag netto lånegjeld på 64 % av brutto driftsinntekter. Etter rådmannens vurdering må det vera eit mål for Sveio kommune å i liten grad auka netto lånegjeld utover dagens nivå. Sveio kommune har vedteke som mål at netto lånegjeld ikkje skal vera høgare enn 80 % av brutto driftsinntekter.

Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter



	2020	2021	2022	2023
Sveio	69,7 %	71,6 %	66,2 %	64,2 %
Landet uten Oslo	95,2 %	93,0 %	92,9 %	92,5 %
Vestland	87,5 %	85,7 %	84,9 %	84,7 %
Kostragruppe 01	97,6 %	96,2 %	96,5 %	94,3 %


Sveio si netto lånegjeld i prosent av driftsinntektene er lågare enn sine samanliknings-kommunar. Ei årsak til dette er at kommunen har om lag 145 millionar kroner i unytta lånemidlar, og ikkje-opptatte investeringslån på om lag 70 millionar kroner, som med tida vil kunne bli nytta til allereie vedteke investeringsprosjekt. Ein del av brutto lånegjeld blir og låna ut til Haugaland kraft og blir dermed trekt frå ved berekning av netto lånegjeld. Tar ein omsyn til kommunens unytta lånemidlar og ikkje-opptatte lån, og netto planlagde investeringar i 2025, vil Sveio kommune ha ei netto lånegjeld på over 100 % av brutto inntekter. Det er ikkje realistisk at Sveio kommune greier å nytta all unytta lånegjeld i løpet av 2025. Med planlagde store investeringar også etter 2025 vil gjelda vokse enda meir.

Renteeksponert gjeld

I tillegg til gjeld har kommunen også bankinnskot og andre pengeplasseringar. Kommunen har også vidarelånt midlar i form av startlån og lån til Haugaland Kraft AS. Dette er midlar som vil gje høgare

avkastning ved høgare rente, og som til ein vis grad vil motverka høgare renteutgifter på gjelda. I tillegg har kommunen investeringar innanfor sjølvkostområda, kor ei eventuell renteauke vil bli dekkja av kommunens gebyrinntekter. Renteekspontert gjeld er den restgjelda som vil bli påverka av ei renteendring.

Netto renteekspontert gjeld i prosent av brutto driftsinntekter




	2020	2021	2022	2023
Sveio	21,5 %	22,9 %	20,7 %	16,7 %
Landet uten Oslo	50,3 %	48,6 %	47,6 %	51,2 %
Vestland	45,6 %	44,3 %	43,2 %	46,5 %
Kostragruppe 01	58,2 %	57,8 %	57,2 %	60,0 %

Som ein ser av tala over så har Sveio kommune låg renteekspontert gjeld i forhold til driftsinntektene, når ein samanliknar med andre kommunar. Dette skyldast i stor grad at kommunens bankinnskott er stort grunna mykje unytta lånemidlar, og ikkje-opptatte investeringslån og til dels stort disposisjonsfond. Utifrå Sveio kommunes økonomiske føresetnadar bør kommunen ha klårt lågare renteekspontert gjeld enn andre kommunar i landet. Sveio kommune har vedteke som mål å ha netto renteekspontert gjeld som er lågare en 35 % av driftsinntektene. Med renteekspontert gjeld på 16,7 % av driftsinntektene er Sveio kommune per i dag klart innafor dette målet.

Disposisjonsfond

Disposisjonsfond er oppsparte midlar som fritt kan nyttast til finansiering av drifts- og/eller investeringsutgifter. Utifrå Sveio kommunes økonomiske føresetnadar bør kommunen ikkje ha særleg lågare disposisjonsfond enn ein gjennomsnittskommune. Sveio kommune har som mål å ha disposisjonsfond på minst 10 % av driftsinntektene.

Disposisjonsfond i prosent av driftsinntektene



	2020	2021	2022	2023
Sveio	19,0 %	21,4 %	23,5 %	22,0 %
Landet uten Oslo	11,9 %	13,8 %	14,6 %	13,4 %
Vestland	10,3 %	12,5 %	13,6 %	13,4 %
Kostragruppe 01	9,6 %	11,3 %	12,0 %	10,4 %

Dei seinare års relativt gode økonomiske resultat har gjort at Sveio kommune har stort disposisjonsfond i forhold til andre kommunar. I 2023 utgjorde disposisjonsfondet 22,0 % av kommunens driftsinntekter, noko som er godt over målet om disposisjonsfond på over 10 % av driftsinntektene.

Økonomiplan 2025-2028 – drift

Budsjettskjema drift

Økonomisk oversikt drift	Regnskap 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
1 Rammetilskudd	243 513 774	247 700 000	267 100 000	267 100 000	267 100 000	267 100 000
2 Inntekts og formueskatt	169 522 750	181 600 000	194 600 000	194 600 000	194 600 000	194 600 000
3 Eiendomsskatt	0	0	0	0	0	0
4 Andre skatteinntekter	0	0	0	0	0	0
5 Andre overføringer frå og tilskot frå staten	27 617 698	39 400 000	35 100 000	40 700 000	30 400 000	45 000 000
6 Overføringer og tilskot frå andre	89 617 964	75 404 307	82 551 836	82 551 836	82 551 836	82 551 836
7 Brukarbetalingar	16 020 271	16 244 268	14 710 987	14 710 987	14 710 987	14 710 987
8 Salgs- og leigeinntekter	43 336 126	44 470 133	49 187 747	49 187 747	49 187 747	49 187 747
9 Sum driftsinntekter	589 628 584	604 818 708	643 250 570	648 850 570	638 550 570	653 150 570
10 Lønnsutgifter	296 547 612	303 852 223	324 904 773	324 639 773	324 904 773	324 639 773
11 Sosiale utgifter	82 701 346	94 689 650	101 555 277	101 470 277	101 555 277	101 470 277
12 Kjøp av varer og tenester	153 695 173	139 814 665	147 857 421	147 857 421	147 857 421	147 857 421
13 Overføringer og tilskot til andre	45 531 735	40 725 142	39 229 419	39 229 419	39 229 419	39 229 419
14 Avskrivningar	27 916 461	27 000 000	28 000 000	28 000 000	28 000 000	28 000 000
15 Sum driftsutgifter	606 392 327	606 081 680	641 546 890	641 196 890	641 546 890	641 196 890
16 Brutto driftsresultat	-16 763 743	-1 262 972	1 703 680	7 653 680	-2 996 320	11 953 680
17 Renteinntekter	16 546 898	12 050 000	16 800 000	13 100 000	12 300 000	12 100 000
18 Utbytter	17 714 893	17 500 000	18 000 000	18 000 000	18 000 000	18 000 000
19 Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar	355 367	0	0	0	0	0
20 Renteutgifter	20 446 342	25 421 028	32 451 028	34 101 028	34 101 028	34 001 028
21 Avdrag på lån	25 177 179	27 300 000	25 400 000	25 400 000	27 200 000	27 000 000
22 Netto finansutgifter	-11 006 363	-23 171 028	-23 051 028	-28 401 028	-31 001 028	-30 901 028
23 Motpost avskrivningar	27 916 461	27 000 000	28 000 000	28 000 000	28 000 000	28 000 000
24 Netto driftsresultat	146 354	2 566 000	6 652 652	7 252 652	-5 997 348	9 052 652
25 Overføring til investering	1 520 718	1 200 000	1 200 000	1 200 000	1 200 000	1 200 000
26 Avsetningar til bundne driftsfond	4 818 672	660 000	2 479 000	2 479 000	2 479 000	2 479 000
27 Bruk av bundne driftsfond	2 562 051	1 484 000	1 940 075	1 940 075	1 940 075	1 940 075
28 Avsetningar til disposisjonsfond	360 050	2 190 000	4 978 000	5 578 000	0	7 378 000
29 Bruk av disposisjonsfond	3 991 034	0	64 273	64 273	7 736 273	64 273
30 Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0	0	0
31 Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	-146 354	-2 566 000	-6 652 652	-7 252 652	5 997 348	-9 052 652
32 Fremført til inndecking i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0	0	0

Bevilingsoversikt - drift	Regnskap 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
1 Rammetilskudd	243 513 774	247 700 000	267 100 000	267 100 000	267 100 000	267 100 000
2 Inntekts og formueskatt	169 522 750	181 600 000	194 600 000	194 600 000	194 600 000	194 600 000
3 Eiendomsskatt	0	0	0	0	0	0
4 Andre generelle driftsinntekter	27 617 698	39 400 000	35 000 000	40 600 000	30 300 000	44 900 000
5 Sum generelle driftsinntekter (Sum L1:L4)	440 654 222	468 700 000	496 700 000	502 300 000	492 000 000	506 600 000
6 Sum fordelt rammeområda	429 526 828	442 964 000	466 997 348	466 647 348	466 997 348	466 647 348
7 Avskrivningar	27 916 461	27 000 000	28 000 000	28 000 000	28 000 000	28 000 000
8 Sum netto driftsutgifter (Sum L6:L7)	457 443 289	469 964 000	494 997 348	494 647 348	494 997 348	494 647 348
9 Brutto driftsresultat	-16 789 067	-1 264 000	1 702 652	7 652 652	-2 997 348	11 952 652
10 Renteinntekter	16 546 898	12 050 000	16 800 000	13 100 000	12 300 000	12 100 000
11 Utbytter	17 714 893	17 500 000	18 000 000	18 000 000	18 000 000	18 000 000
12 Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar	355 367	0	0	0	0	0
13 Renteutgifter	20 421 018	25 420 000	32 450 000	34 100 000	34 100 000	34 000 000
14 Avdrag på lån	25 177 179	27 300 000	25 400 000	25 400 000	27 200 000	27 000 000
15 Netto finansutgifter (L10:L14)	-10 981 039	-23 170 000	-23 050 000	-28 400 000	-31 000 000	-30 900 000
16 Motpost avskrivningar	27 916 461	27 000 000	28 000 000	28 000 000	28 000 000	28 000 000
17 Netto driftsresultat	146 354	2 566 000	6 652 652	7 252 652	-5 997 348	9 052 652
18 Overføring til investering	1 520 718	1 200 000	1 200 000	1 200 000	1 200 000	1 200 000
19 Avsetningar til bundne driftsfond	4 818 672	660 000	2 479 000	2 479 000	2 479 000	2 479 000
20 Bruk av bundne driftsfond	2 562 051	1 484 000	1 940 075	1 940 075	1 940 075	1 940 075
21 Avsetningar til disposisjonsfond	360 050	2 190 000	4 978 000	5 578 000	0	7 378 000
22 Bruk av disposisjonsfond	3 991 034	0	64 273	64 273	7 736 273	64 273
23 Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0	0	0
24 Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat (L18:L23)	-146 354	-2 566 000	-6 652 652	-7 252 652	5 997 348	-9 052 652
25 Fremført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0	0	0

Fordeling drift	Regnskap 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
Til fordeling drift						
9 Politisk	6 963 281	6 322 000	6 650 000	6 300 000	6 650 000	6 300 000
10 Sentraladministrasjon	26 452 048	26 445 000	27 800 000	27 800 000	27 800 000	27 800 000
11 Tilleggsføringar	0	6 100 000	9 340 000	9 340 000	9 340 000	9 340 000
12 Oppvekst - Skule	112 949 095	114 395 000	120 470 000	120 470 000	120 470 000	120 470 000
14 Tekniske tenester	30 297 574	25 675 000	28 180 000	28 180 000	28 180 000	28 180 000
15 Kultur	7 023 225	7 385 000	7 680 000	7 680 000	7 680 000	7 680 000
16 Kyrkja	4 520 000	4 770 000	4 960 000	4 960 000	4 960 000	4 960 000
17 Oppvekst - Barnehage	27 791 830	27 790 000	28 400 000	28 400 000	28 400 000	28 400 000
18 VAR - vann, avløp og renovasjon	-6 714 491	-8 990 000	-10 023 000	-10 023 000	-10 023 000	-10 023 000
19 Finans	30 981 465	39 745 000	36 865 000	36 865 000	36 865 000	36 865 000
22 Ryvarden Kulturfyr KF	490 000	480 000	460 000	460 000	460 000	460 000
30 Helseavdeling med fellestenester	35 195 889	35 660 000	39 270 000	39 270 000	39 270 000	39 270 000
31 Pleie og omsorg	73 041 229	72 975 000	80 830 000	80 830 000	80 830 000	80 830 000
32 NAV med flyktningarbeid	18 001 819	18 260 000	18 990 000	18 990 000	18 990 000	18 990 000
33 Barnevern	15 758 657	16 160 000	17 510 000	17 510 000	17 510 000	17 510 000
34 Habilitering	45 439 342	49 125 000	50 090 000	50 090 000	50 090 000	50 090 000
Fordelt drift	428 190 962	442 297 000	467 472 000	467 122 000	467 472 000	467 122 000
Korreksjon netto avsetningar eller bruk av fond i drift	1 335 866	667 000	-474 652	-474 652	-474 652	-474 652
Korrigert til fordeling	429 526 828	442 964 000	466 997 348	466 647 348	466 997 348	466 647 348

Tabellen bevilingsoversikt – drift viser kor mykje ein kan fordela til den kommunale drifta. Tabellen fordeling – drift visar fordeling av dei tilgjengelege midlane til dei ulike rammeområda i kommunen.

Inntekter

Sveio kommune er ein låginntektskommune. I 2023 hadde Sveio kommune ein skatteinngang på 77,1 % av landsgjennomsnittet. Kommunar med lågare skatteinngang enn landet blir gitt ein kompensasjon (inntektsutjamning) for dette. Etter kompensasjon for låg skatteinngang enda Sveio kommune opp med ein samla skatteinngang og inntektskompensasjon på 94,0 % av landsgjennomsnittet i 2023. Per september 2024 har kommunen ein skatteinngang på 83,8 prosent av landet. For 2025 er det lagt til grunn at Sveio kommune vil ha ein skatteinngang på 80,7 % av landet. Ved vurdering av inntektene for 2025 tek ein utgangspunkt i KS sin modell for inntektssystemet. Det er lagt til grunn eit folketal på 5 750 i grunnlaget for berekning av skatteinntekter og inntektsutjamning.

Dei frie inntektene frå staten og skatteinngangen finansierer for ein stor del drifta av Sveio kommune. Dei frie inntektene frå staten består i hovudsak av innbyggjartilskot m/ utgiftsutjamning, veksttilskot, og skjønsmidlar. For Sveio sin del er det venta ei auke i dei frie inntektene inkludert skatteinngangen m/ inntektsutjamning i følgje regjeringa på 8,6 % frå budsjett 2024 til budsjett 2025. Det er då tatt med verknaden av regjeringas forslag til å auke bevillingane til kommunane med 5 milliardar kroner, som blei kjent fredag 1.11.2024. For Sveio kommunes del utgjør auken om lag kr 4 400 000. For rekneskapsåret 2025 har Stortinget vedteke relativt store endringar i kommunanes inntektssystem. Målet med omlegginga var i hovudsak å laga systemet meir rettferdig, særleg for kommunar med låge inntekter. Sveio kommune kom positivt ut av desse endringane, og fekk betra det økonomiske handlingsrommet med anslagsvis 7-9 millionar kroner per år. Dette er hovudårsaka til den store veksten i kommunens frie inntekter frå 2024 til 2025.

Skjønstilskotet frå Fylkesmannen blir på kr 3 000 000,- i 2025, ein auke på kr 200 000 frå 2024.

Det er ikkje lagt opp til inntekter frå eigedomsskatt i 2024, i tråd med kommunestyrets vedtak i desember 2020. Med inntekter frå eigedomsskatt på linje med landet utanom Oslo ville Sveio kommune i 2023 hatt 18,5 millionar kroner høgare inntekter. Det er lagt til grunn eit utbytte Haugaland Kraft AS på 18,0 millionar kroner i 2025, ned frå 19,7 millionar kroner i 2024.

Det er lagt til grunn flyktningtilskot på kr 25,0 millionar i 2025, mot kr 25,6 millionar i opphavleg budsjett 2024. Grunna situasjonen i Ukraina, og i Midtøsten, er det knytt stor usikkerheit rundt talet på flyktingar kommunen kan

rekna med å ta i mot neste år, og seinare år. I 2024 blei kommunen anmoda om å ta i mote 35 flyktingar. Det er lagt opp til same mottak i 2025. Det er lagt opp til inntekter frå Havbruksfondet i 2025 på kr 8 500 000. Det er nytta ekstern kompetanse for å berekna venta inntekter frå Havbruksfondet i økonomiplanperioden.

År	Havbruksfondet	Utbytte HK	Kommentar
2017	254 395	4 797 500	Rekneskap
2018	13 500 026	4 996 363	Rekneskap
2019	1 040 025	10 742 586	Rekneskap
2020	10 663 254	9 539 962	Rekneskap
2021	3 399 667	9 377 580	Rekneskap
2022	13 871 064	18 895 885	Rekneskap
2023	5 191 404	17 714 893	Rekneskap
2024	18 166 137	19 723 000	Rekneskap
2025	8 500 000	18 000 000	Budsjett
Sum	74 585 973	113 787 769	
Gjennomsnitt	8 287 330	12 643 085	

I Statsbudsjettet er det lagt opp til auke i pensjonskostnadane frå 2024 til 2025. For Sveio kommunes del blir dei tilnærma utlikna ved bruk av premiefondet, i tråd med tidlegare vedteken politisk sak om dette. I Statsbudsjettet er ikkje verknaden av omlegging av AFP-ordninga tatt med, det leggst til grunn at regjeringa kompensera kommunane for meirkostnadar knytt til omlegginga.

Utgifter

Utgiftsbehovet til Sveio kommune er berekna til å vera på 108,3 % i forhold til landsgjennomsnittet i 2024. Utgifter som grunnar i forskjellen i utgiftsbehov i forhold til resten av landet blir det gitt kompensasjon for gjennom utgiftsutjamning. Det er venta store endringar i kor kommunane, inkludert Sveio kommune, må bruke ressursane komande år. Det vil bli stor nedgang i befolkning i skule og barnehagealder, og stor auke i befolkning som truleg treng helsehjelp. Det vil bli svært krevjande for kommunen å handtere denne utviklinga. Det er ressurskrevjande å endre ressursbruken vesentleg over kort tid. Ein vil ikkje greie å ta ned utgifter til barnehage og skule i tråd med nedgangen i aktuell befolkning, og ein må truleg auke ressursbruken til helsetenester litt i forkant av behovet. Dette siste gjeld særskild nødvendige investeringar. Det vil også være krevjande å få tak i nok tilsette innafor dei områda som vil auke i omfang. Dette gjeld særleg sjukepleiarar innafor nokre område. Utfordringa vil truleg også føre til kostnadsauke per årsverk innafor enkelte tenester, særleg om ein er naud til å leige inn arbeidskraft frå private selskap.

Det har vore sterk auke i rentenivået dei siste åra. Grunna ein del bundne lån stig innskotsrenta raskare enn gjeldsrenta til kommunen. Det er lagt til grunn ei lånerente på 5,00 % i 2025 og ei innskotsrente på det same %. Dette er etter rådmannen sitt syn ei realistisk forventning som det knyt seg til dels stor risiko til. Det er avgjerande for Sveio kommune å budsjettera med tilstrekkeleg høgt driftsresultat for å kunne handtera denne usikkerheita. Det er planlagt ein del store investeringar dei næraste åra. Det er viktig at driftskostnadane med investeringane leggst inn i økonomiplanen så snart dei er endeleg vedteke realisert. Det er også viktig at finanskostnadane (renter og avdrag) til investeringar som ikkje er heilt eller delvis finansiert blir lagt inn i økonomiplanen.

Vurdering

Det er rådd til at kommunane har eit netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene på 1,75 %. Dei seinast åra har kommunen stort sett hatt ei resultat godt i overkant av anbefalinga. I 2023 gjekk Sveio kommune så vidt i pluss, men hadde underskot om ein gjer vanlege korrigeringar i forhold til bruk av avsetnad til bundne fond. For 2024 er vurderinga per no at kommunen vil gå med eit underskot på pluss/minus 10 millionar kroner. For 2025 er det budsjettert med eit netto driftsresultat på 1,0 %. Dei tre siste tre åra i planperioden er det budsjettert med underskot i 1 av 3 år. Om ein korrigerer for inntekter frå Havbruksfondet, som er vedteke reservert til idrettshall, vil kommunen i 2025 gå med eit korrigert negativt resultat på om lag 2 millionar kroner. Gjennomsnittleg netto driftsresultat i økonomiplanperioden (2024-2028) er 0,7 % av driftsinntektene. Dette er klårt under vedteke mål på 1,25 % av brutto driftsutgifter. Etter rådmannens vurdering må Sveio kommune gjere tiltak for å betre økonomien i økonomiplanperioden.

I budsjettet for 2025 er det stor usikkerheit kring veksten i utgifter på dei ulike rammeområda. Det er usikker korleis meirutgiftene frå 2024 til 2025 vil slå ut for dei ulike områda i kommunen. Samtidig er det ein del inntekter som er høge, men som truleg ikkje vil vere så høge dei komande åra, til dømes utbytte frå Haugaland kraft, Havbruksfond og flykntingtilskot. Sveio kommune hadde over kr 170 millionar kroner i ubrukte lånemidlar ved inngangen til 2024. Dette er midlar som er lånt, til realisering av vedtekne investeringsprosjekt. Når desse midlane ikkje er brukt står dei i banken, og gjer kommunen renteinntekter. Med ei innskotsrente på 5,00 %, gjer desse midlane kommunen renteinntekter på nesten 8 millionar kroner i året. Dersom desse midlane tas ut av banken, og brukas til realisering av investeringar, må kommunen også finansiera desse tapte inntektene. Etter rådmannens vurdering må ein sjå nøye på planlagde investeringar, med mål om å utsetta og/eller avslutta ikkje realiserte prosjekt. Det arbeidast med mange tiltak for å redusera utgiftene til kommunen på kort og lang sikt. Dette gjeld både tiltak av strukturell art og tiltak som redusera tenestenivået i kommunen. Det visast i den samanheng også til tilsetjing av ein økonomirådgjevar som skal ha fokus på innsparing, analyse og forbetringar.

Økonomiplan 2025-2028 – investering

Budsjettskjema investering

Bevillingsoversyn investering	Regnskap 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
1 Investeringer i varige driftsmidler	42 508 098	21 170 000	41 390 000	85 070 000	28 200 000	27 350 000
2 Tilskot til andres investereringar	3 248 097	0	0	0	0	0
3 Investeringar i aksjer o.l	1 038 071	1 200 000	1 200 000	1 200 000	1 200 000	1 200 000
4 Utlån av egne midlar	0	0	0	0	0	0
5 Avdrag på lån	0	0	0	0	0	0
6 Sum investeringsutgifter	46 794 266	22 370 000	42 590 000	86 270 000	29 400 000	28 550 000
7 Kompensasjon for meirverdiavgift	-6 478 926	-3 374 000	-5 628 000	-14 734 000	-4 390 000	-2 230 000
8 Tilskot frå andre	-7 806 367	0	0	0	0	0
9 Sal av varige driftsmidler	-4 431 975	-15 500 000	-13 000 000	-2 450 000	-2 900 000	-2 000 000
10 Sal av finansielle anleggsmidler	0	0	0	0	0	0
11 Utdeling frå selskaper	0	0	0	0	0	0
12 Møttekne avdrag på utlån av egne midlar	-2 540 230	0	-1 400 000	-1 400 000	-1 400 000	-1 400 000
13 Bruk av lån	-28 679 004	-5 296 000	-34 462 000	-68 586 000	-21 610 000	-23 820 000
14 Sum investeringsinntekter	-49 936 502	-24 170 000	-54 490 000	-87 170 000	-30 300 000	-29 450 000
15 Vidareutlån	11 750 212	20 000 000	40 000 000	40 000 000	40 000 000	40 000 000
16 Bruk av lån til vidareutlån	-11 151 693	-20 000 000	-40 000 000	-40 000 000	-40 000 000	-40 000 000
17 Avdrag på lån til vidareutlån	1 183 490	0	1 800 000	1 800 000	1 800 000	1 800 000
18 Møttekne avdrag på vidareutlån	-772 698	0	-1 200 000	-1 200 000	-1 200 000	-1 200 000
19 Netto utgifter vidareutlån	1 009 311	0	600 000	600 000	600 000	600 000
20 Overføring frå drift	-1 520 718	-1 200 000	-1 200 000	-1 200 000	-1 200 000	-1 200 000
21 Avsetningar til bundne investeringsfond	0	0	0	0	0	0
22 Bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	0	0	0
23 Avsetningar til ubundne investeringsfond	6 568 718	4 000 000	12 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
24 Bruk av ubundne investeringsfond	-2 915 074	-1 000 000	0	0	0	0
25 Dekning av tidlegare års udekkede beløp	0	0	0	0	0	0
26 Sum overføring frå drift og netto avsetningar	2 132 926	1 800 000	11 300 000	300 000	300 000	300 000
27 Framført til inndeckning i seinare år (udekkede beløp)	1	0	0	0	0	0

Vidareutlån: Det er lagt opp til årleg vidareutlån av kr 40 000 000,- til startlån i perioden, kr 20 000 000 meir enn i 2024. Sveio kommune har oppdatert sine retningslinjer for startlån, slik at ein no kan fullfinansiere bustadkjøp. Erfaringa frå 2024 er at det er realistisk å låna ut om lag kr 40 000 000 i 2025.

Investeringar i aksjer o.l. /overføring frå drift: Som ein del av avtalen med KLP som pensjonsleverandør til kommunen, må Sveio årleg gå inn med eigenkapital. Storleiken på det årlege innskottet avheng av storleiken på kommunens pensjonsforpliktingar.

Avsetningar/inntekter frå sal av anleggsmidler: Det er lagt til grunn sal av næringsstomter på 11,1 millionar kroner i 2025. I tillegg der det lagt til grunn sal av (bustad)tomter for 2,0 millionar kroner kvart av dei andre åra i økonomiplanperioden. Det er også lagt opp til kjøp (tilbakekjøp) av tomter for kr 0,5 millionar kroner per år i heile økonomiplanperioden. I 2026 leggast det opp til å delfinansiere kjøp av ny krokluftbil med 0,3 millionar kroner i salgsinntekter.

Bevillingsoversyn investering visar summen alle planlagde investeringar, avsetningar og finansieringa av desse. Investeringsoversynet spesifiserer alle investeringane i anleggsmiddel. Sjå rådmannens kommentarar for detaljar om enkelte investeringsprosjekt.

Investeringsoversyn	2025	2026	2027	2028	Kommentar
30200 LEIAR DRIFT OG ANLEGG					
30045 ENERGI- OG KLIMATILTAK SOS, KOMMUNEHUSET OG VIGDARTUN	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	
30064 UTSKIFTING AV ELDRE KUBOTA MINITRAKTOR	300 000				Avsett ramme på 300' viser seg å ikkje være tilstrekkeleg. Med tilleggsøying er det tenkt bruktkjøp.
30065 KROKLØFTBIL 1/2 (IKKJE VAR 2024)		900 000			Bytta av lastebil med krokløftbil. Sal kr 150 000 (300 000/2) delfinansiera bilen
30095 EL-BIL DRIFTSOPERATØR	450 000				
30096 STRØKASSAR VINTERVEDLIKEHALD	200 000				
30097 KANTKLIPPER TIL TRAKTOR	400 000				
30098 FERISTER DYNJOVEGEN, 2 STK	170 000				
30099 INNREDNING VAR-HALL, VEG OG KYRKJA	100 000				Veg og kyrkja sin del
30105 OPPGRADERING RYVARDEN	450 000				Bygningsutbetringar
32221 STOR TRAKTOR			3 000 000		Estimert salssum på 900 000 kroner delfinansiera anskaffinga
34238 DIVERSE GRUNNLAGSINVESTERINGAR	600 000	600 000	600 000	600 000	Ulike tiltak på kommunale eigedommar
34264 ASFALTERING	2 500 000	2 500 000	2 500 000	2 500 000	
34275 TRAFIKKSIKRING	750 000	750 000	750 000	750 000	Mindre TS tiltak
30200 LEIAR DRIFT OG ANLEGG Totalt	6 920 000	5 750 000	7 850 000	4 850 000	
30300 KOMMUNALSJEF TEKNISK					
31110 IKT INFRASTRUKTUR	100 000	100 000	100 000	100 000	
33999 SALG/KJØP TOMTER	500 000	500 000	500 000	500 000	Sal Tjernagel i 2025
30300 KOMMUNALSJEF TEKNISK Totalt	600 000	600 000	600 000	600 000	
30400 RÅDMANNEN					
30001 DIGITALISERING	500 000	500 000	500 000	500 000	
30109 LÅSSYSTEM BYGG	400 000	200 000	200 000	200 000	
30400 RÅDMANNEN Totalt	900 000	700 000	700 000	700 000	
30600 PROSJEKTLEIAR 1					
30002 KOMMUNEHUSET, REHABILITERING GAMLE DEL		10 000 000	10 000 000		
30083 BRANNSENTAL KOMMUNEHUSET	100 000				Utgått, problem med reperasjon
30086 VIKSE SKULE ARBEIDSLYS	150 000				
30106 REHABILITERING EKSISTERANDE BASSENG	2 000 000				
30502 Sveio Barnehage, 6 avdelingar		43 500 000			
34381 FØRDE BRANNSTASJON - UTVIDA RAMME	7 000 000	7 000 000			Detaljar kring endeleg sum kjem ein tilbake til seinare
35231 BUSTADFELT HÅVÅSEN 3				700 000	Planleggingsmidlar
30600 PROSJEKTLEIAR 1 Totalt	9 250 000	60 500 000	10 000 000	700 000	

Investeringsoversyn	2025	2026	2027	2028	Kommentar
30700 PROSJEKTLEIAR 2					
30013 REHABILITERING LELIGHETER	1 200 000	900 000	900 000	900 000	Ålfjordvegen 1, Leirskarvegen 8
30061 SLIPING/LAKKING GULV IDRETTSHALL (2028)				350 000	
30084 ENØK UTLEIGEBUSTADER	150 000				Utvida prosjekt med varmepumper
30085 BREIBAND UTLEIGEBUSTADER	200 000				Tilrettelegge for breiband i leiligheter
30087 DIGITALE SKJERMAR/TAVLER PÅ VIGDARTUN	320 000	320 000			Behov for bytte
30088 OPPGRADERING SOS	750 000				Renovering skyllerom, møbler kortidsrom og dagsenter
30089 MULIGHETSSTUDIE FOR BYGNINGSMASSE SOS	500 000				
30090 OPPGRADERING FØRDE BARNEHAGE	650 000				Innemiljø
30091 VINDUER ØREVIK GRENDAAUS	200 000				
30092 VARMEANLEGG VALESTRAND KYRKJE	500 000				Enøk tiltak
30093 BYTE AV BIL TIL KYRKJA	700 000				Eldre bil med for liten tilhengervekt
30094 PASIENTVARSLINGSSYSTEM SVEIO OMSORGSSENTER	300 000	5 000 000			Planleggingsmidlar i 2025
30108 MANNSKAPSBIL FØRDE	5 000 000				Usikkerheit kring endeleg pris
30109 TURVEG SOM SKULEVEG	400 000	400 000	400 000	400 000	IHT vedtak KOM 087/24
32012 RØMNINGSDØR ØREVIK				150 000	
32239 REHABILITERE KUNSGRESSBANEN			2 000 000		Nytt dekke
34510 TAK SVEIO KYRKJE				3 000 000	
30700 PROSJEKTLEIAR 2 Totalt	10 870 000	6 620 000	3 300 000	4 800 000	
30950 LEIAR SAMFUNNSUTVIKLING					
30107 TURSILT OG INFORMASJONSSILT	100 000				
30950 LEIAR SAMFUNNSUTVIKLING Totalt	100 000				
30210 VAR - LEIAR DRIFT OG ANLEGG					
30021 FUREVATN VANNB ANLEGG	8 000 000	8 000 000			Ekstraløyving
30025 REHABILITERING PA 3 STEINARSTJØNN			3 000 000		Eksisterende pumpestasjon fra 1976
30049 BYTTE UT AVLØPSBIL			750 000		
30050 SLAMTANK TØRRSPASS				1 300 000	
30068 SOLCELLER JOAVATNET - DRIKKEVATN PRODUKSJON	600 000				
30069 RENSEANLEGG ELTRAVÅG				400 000	Nye rensekraft i avløpsdirektiv, planleggingsmidlar i førtse omgang
30070 VANNLEDNING VALEVÅG- VALESTRAND				8 000 000	Lengre ledningsnett med liten dimensjon
30074 JOAVATNET RENTVANNPUMPER	500 000				
30075 KROKLØFTBIL 1/2 (VAR 2024)		900 000			Sal av lastebil kr 150 000 (300 000/2) delfinansiera bilen
30100 INNREDNING VAR-HALL, VAR SIN DEL	100 000				Var sin del
30101 AVLØP KROSSLEITE				3 000 000	
30102 NØDVANUTSTYR	150 000				
30103 VASSLEIDNING VED KULVERT EKRENE	1 000 000				
30104 HOVDPLAN VATN	400 000				
32229 RYVARDEN, STØRRE SEPTIKTANK				1 000 000	
35010 GENERELL FORNYING RØRNETT OG DRIFTSOVERVÅKING	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000	
30210 VAR - LEIAR DRIFT OG ANLEGG Totalt	12 750 000	10 900 000	5 750 000	15 700 000	
Totalsum	41 390 000	85 070 000	28 200 000	27 350 000	

Vedlegg

Kommunestyrets vedtak: